

Årsmelding

2017



Vang kommune



Foreord

Årsmeldinga skal ha med opplysningar om viktige forhold for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje går fram av årsrekneskapen, og om andre viktige forhold for kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak, for å sikre ein høg etisk standard i verksemda og forsvarleg kontroll. Det skal gjerast greie for tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen. Det skal også gjerast greie for iverksette og planlagde tiltak for å fremje likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova, og for å fremje formålet i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengelova (kommunelova § 48).

Vesentlege avvik mellom utgifter i årsrekneskapen og løyving til føremålet i regulert budsjett, skal det gjerast greie for. Tilsvarande gjeld avvik mellom inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett. Rådmannen skal vurdere tiltak for å betre den økonomiske oppfølginga gjennom året dersom det blir vesentlege avvik frå regulert budsjett (rekneskapsforskrifta § 10).

Saman med årsrekneskapen for 2017, vil årsmeldinga bli handsama i formannskapet 03. mai, i hovudutvala for utvikling 08.mai, hovudutval for levekår 02.mai og i kommunestyret 24.mai 2018.

I tillegg til denne årsmeldinga ligg det føre eigne årsrapportar for eldrerådet, frivilligsentralen, kontrollutvalet og for interkommunale samarbeid.

Visjon, hovedmål og retningsliner i samfunnsdelen av kommuneplanen er grunnlaget for prioritering av viktige saker.

Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus.

Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til.

Vi skal vera aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

I tillegg til visjon og overordna mål er det vedteke retningsliner for folketal, barn og unge, kultur og friluftsliv, folkehelse, universell utforming, landbruk, langsiktige arealstrategiar, næringsutvikling og sysselsetting, klima, energi og miljø, kommunen sin økonomi, inter-kommunalt samarbeid og oppgåvefordeling, samfunnssikring og beredskap, og til sist Vang kommune som arbeidsgjevar. Kommuneplandokumentet ligg på kommunen si heimeside på Internett.

Justering av folketal

Vang kommune auka med 5 innbyggjarar til totalt 1601 i løpet av året. Det er nærmare beskriven i avsnittet demografiske utfordringar under hovudtal for Vang kommune.

I hovudtrekk ser ein reduksjon i talet på flyktninger på 14 personar, arbeidsinnvandringa frå Europa auka med 2 personar, og innanlandsinnflytting auka med 17 personar i 2017.

Utvikling og utfordringar

2017 var heilt klart det store året for opning og fullføring av mange viktige anlegg og bygg i Vang. Dette gjeld både i privat næring som dei to Joker-butikkane, Ryfoss med nybygg og Tyinkrysset med vesentleg tilbygg. Anlegget med VBU og fleirbrukshall vart opna med to markeringar, der den siste var opning av terapibassengen 23. november.

Det var vidare opning av Filefjelltunellen 29.september, som ein del strekninga på E-16 mellom Varpe bru og Smedalsosen. For dette veganlegget fekk Statens vegvesen tildelt utmerkinga «Årets anlegg 2017» i mars 2018. Dette i regi av Byggnæringens landsforening.

Nytt kommunalt reinseanlegg nedanfor Tyinkrysset vart også sett i drift i 2017.



Alle anlegga som er nemnt ovanfor representerer kvar på sin måte ein viktig del av den samla infrastrukturen, og er viktig for dei fleste som bur og oppheld seg i kommunen og for vidare utvikling i Vang.

Det nye reinseanlegget på Tyinkrysset med leidningsnett er ein del av ei framtidsretta satsing på utvikling av eit heilårleg reiseliv i området. Rådmannen er glad for at det vart underteikna ein avtale om medfinansiering av nytt vassforsyningsanlegg her. Med utgangspunkt i dette, kunne kommunestyret som føresetnad vedta utbygging av Tyinkrysset nye vassverk i budsjett/økonomiplan for 2018-21. Det arbeidast vidare i 2018 med fullføring av arealdelen av kommuneplanen for området. Med dette på plass vil Vang ha eit god utgangspunkt for langsigktig vekst innan mange næringar og tenesteområde i kommunen.

Det kan vere mange utfordingar å sjå som rådmann. Som rådmann i ein kraftkommune, er det likevel fleirtalet på Stortinget si haldning til- og handtering av kompensasjonsordningane til kommunane for kraftutbygging, spesielt gjennom vedtak av statsbudsjettet for 2018, det som uroar mest. Hovudelementet i ordninga med eigedomsskatt, skatt på «verk og bruk» blir avskaffa som eigen kategori. Skattegrunnlaget blir vesentleg endra, noko som skapar mykje ekstraarbeid og stor usikkerheit. Politisk og administrativ leiing i Vang kommune deltek i det viktige interessearbeidet som utførast i Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK). Rådmannen delar fullt ut uroa som organisasjonen uttrykker med at det i dag leggast press på også dei andre kompensasjonsordningane til kommunane, som har gjeve naturressursar til kraftutbygging. Dette gjeld ordninga med konsesjonskraft, konsesjonsavgifter og naturressursskatt som for Vang kommune gjev årlege inntekter på over 30 mill.

Dialog

Vang kommune ønskjer å ha ein god og konstruktiv dialog med innbyggjarane, hytteeigarar og andre interesserte. Dersom de vil ha kontakt med kommunen, kan de vende dykk til ein av følgjande personar på telefon 61 36 94 00, ved oppmøte (helst etter avtale) eller e-post:

Ordførar	Vidar Eltun	vidar_eltun@vang.kommune.no
Rådmann	Reidar Thune	reidar_thune@vang.kommune.no
Økonomisjef	Remi Nilsen	remi_nilsen@vang.kommune.no
Etatsjef oppvekst, kultur Tommy-René Stordal og integrering		tommy-rene.stordal@vang.kommune.no
Etatsjef teknisk og landbruk	Terje Hålien	terje_haalien@vang.kommune.no
Etatsjef helse og omsorg	Guro Råheim Kvam	guro.raheim.kvam@vang.kommune.no

Rådmannen viser også til informasjon om Vang på heimesida: www.vang.kommune.no

Vang, 21. mars 2018

Reidar Thune Rådmann



Innhold

Føreord.....	2
Hendingar i 2017.....	5
Hovudtal for Vang Kommune.....	8
KOSTRA.....	19
Internkontroll.....	38
Etisk Standard	39
Likestilling og likebehandling.....	40
Styre, råd og utval.....	42
Rådmannskontoret	43
Oppvekst, kultur og integrering.....	49
Helse- og omsorgsetaten.....	59
Landbruk/teknisk.....	78



Hendingar i 2017

Opning av terapibassengen



Foto: Reidar Thune

Den klassiske gitarens dag



Foto: Nils Rogn

Vanlig klatrekveld i Vang kommune



Foto: Etrik Martinsen

Utdeling av gaver fra frivillige
på Vang Læringssenter



Foto: Etrik Martinsen

Kongevegen vinner Euronosstrapris



Foto: Reidar Thune



Vang kommune

- vilt og vakkert

Tunnellåpning i Vang



Foto: Solfrid Jordalen

The Outsiders vinner fotballturneringa i Vang



Foto: Oddvin Almenning

Drakeverkstad på biblioteket



Foto: Frivilligentralen i Vang

Klatredag for barnehagene i
Vang



Foto: Yvonne Solemsli



Feiring av tilsette med 25 år i Vang kommune si teneste



Foto: Solfrid Jordalen

Opning av Saubekken bru



Foto: ?

Vang læringssenter på tur



Foto: Erik Martinsen

Nytt reinseanlegg opna på Tyinkrysset



Foto: VAnytt

Vangsheimen har i 2017 hatt fokus på måltid og ernæring.




Foto: Pedro Roman




Hovudtal for Vang Kommune

Netto driftsresultat



Netto driftsresultat i % av inntekter



Året 2017 ble eit mykje betre år enn frykta. Når me gjekk inn i 2017 var det forventa store tap av inntekter som ville ført til at ein brukte nesten alle fond for å halde oss flytande. Sluttresultatet enda med eit netto driftsresultat på 10,3 millionar kroner, som utgjer 4,7% av dei samla driftsinntektene. Det er ei markant forverring av resultatet frå 2016 som var på 15,9 millionar kroner, men framleis langt betre enn frykta. Det er framleis betre enn minimumsanbefalinga på 1,75%, og samstundes over det ein kan sjå på som god drift som ligg på 3%.

Forklaringa på det overraskande gode resultatet er at inntektene enda 10,4 millionar kroner høgare enn budsjettet.

Den største inntektsauka kom frå auka overføringer. Helse- og omsorg fekk 2,3 millionar kroner meir en budsjettet, der ca. 1,5 millionar kroner var prosjektmidlar innan førebyggande arbeid og heimebuande. Elles var den ande store forklaringsposten at sjukelønsrefusjonar enda 2 millionar kroner over budsjett. Totalt fekk Vang kommune 7 millionar kroner i sjukelønsrefusjonar i 2017, noko som er eit rekordhøgt beløp. Ein del av dette kan tilleggas auka sjukefråvær i 2017, sjølv om kortidsfråværet isolert sett ble halvert.

Dei frie inntektene til kommunen (her rammetilskot og skattar på inntekt og formue) auka med ca. 1,4 millionar kroner i høve til budsjett, og held seg dermed på eit rekordhøgt nivå. Det er noko usikkert om skatteinntektene vil fortsette på dette nivået, eller om det vil gå ned til eit meir normalt nivå. Skatteinntektene til kommunen auka med heile 21% frå 2015 til 2016, og har stabilisert seg på dette nye nivået i 2017. Om inntektsauka kom grunna ekstraordinære uttak frå bedrifter, så vil vi nok sjå ein nedgang ganske snart.



Konsesjonskraftgevinstane har byrja å auke igjen, og vi fekk rundt 800 tusen i meirinntekter her. Sals- og leigeinntekter auka med 1,4 millionar kroner i høve til budsjett, og flyktningsektoren bidrog med 1,1 millionar kroner meir.

På utgiftssida så enda vi med eit lite overforbruk på 6,3 millionar kroner, der 4,8 millionar kan knytast til auka avskrivingar (VBU og reinseanlegget) og ca. 800 tusen kroner er knytt til at utgifter som vi trudde kunne førast på investering (sentrumsplana) måtte flyttast til drift. Det ble i tillegg brukt 500 tusen kroner meir på vikarbruk grunna auka sjukefråvær. Med andre ord så trefte vi ganske godt med budsjettet på driftsutgiftene.

Då det ligg store inntekter knytt til konsesjonskraftavgift og sjølvkostområdet i rekneskapen, så gjev desse tala oss eit noko missvisande bilet. Om vi fjernar konsesjonskraftavgifta og ser bort i frå sjølvkostområdet vass og kloakk, så får vi denne verkelegheita:

Driftsrekneskapen utan konsesjonskraftavgift og sjølvkostområdet vass og kloakk					
	2017	2016	2015	2014	2013
Driftsinntekter					
Totalt	-184 978 978	-181 812 415	-167 796 315	-169 711 090	-165 901 140
Driftsutgifter					
Totalt	211 894 994	200 775 835	194 907 511	198 926 154	190 178 914
Brutto driftsresultat	26 916 016	18 963 420	27 111 196	29 215 064	24 277 774
Netto Finans Motpost	1 405 438	-1 716 250	-5 408 962	-9 555 897	-10 111 773
avskrivingar	-12 035 807	-7 678 257	-7 231 297	-7 431 381	-7 528 025
Netto driftsresultat	16 285 647	9 568 913	14 470 937	12 227 786	6 637 976


Her kan vi sjå at vi endar på eit negativt netto driftsresultat på ca. 16,3 millionar kroner, om ein bare tar omsyn til reine driftsinntekter og utgifter. Brutto driftsresultatet ligg i snitt på rundt 25,3 millionar kroner og har mindre bevegelsar i perioden. Det som utgjer den store forverringa er posten finans, som har gått frå å tilføre ca. 10 millionar friske kroner i 2013, til at vi no må ut med 1,4 millionar kroner i 2017.

Dette forklrar den stadige auka bruken av næringsfond i drift, då finanspostane forverrar seg for kvart år. Nokre av finansutgiftene her er knytt til sjølvkostområdet, så totalbilete er noko betre enn det ein kan sjå her (ca. 22,4% av lån, t.d. husbank og sertifikatlån, her 1,7 millionar kroner).

Sjølv om Vang kommune går betre enn frykta, er ser vi ein dramatisk forverring i høve til utgifter og inntekter knytt til drift. Denne trenden kan sjå ut til at vil fortsette, og det må difor vere fullt fokus på å finne effektiviseringsmoglegheiter for å betre forholdet mellom utgifter og inntekter framover.



Demografiske utfordringar



Som ein kan sjå av tabellen, har Vang kommune hatt ein negativ utvikling på innbyggjartalet sidan år 2000. I same periode har innvandrarbefolkinga hatt ei sterk auke, frå ca. 100 innvandrarar i år 2000 til 265 i år 2016. Dette har stogga befolkningsnedgangen som hadde vore dramatisk utan innvandrarane.


SSB har nyleg kome med nye tal (28. februar) som gjer at vi kan finne ut litt meir om befolkningssamansettinga i Vang kommune. Dei nye tala frå SSB er ikkje kompatible med tabellen ovanfor, og går berre frå 2016 til 2018.

Om vi ser litt nærmare på fordelinga som kjem til syne i dei nye tala, så finn vi at den største gruppa med innvandrarar i Vang kommune er frå Polen og Litauen. Desse to gruppene utgjer ca. 66% av arbeidsinnvandrarane i Vang kommune og har kome opp i 6,6% av innbyggjartalet. Det er per 01.01.18 106 personar i Vang kommune knytt til desse to folkegruppene, ein oppgang på 8 (8,3%) personar sidan 2016.

Totalt ser vi ein utflating i arbeidsinnvandringa, då det berre er tilflytting av nye polske og litauiske statsborgarar som gjer at arbeidsinnvandringa framleis går opp. Totalt er det rundt 160 innbyggjarar av europeisk nasjonalitet som ein kan sjå på som arbeidsinnvandrarar i Vang kommune.

Talet på flyktningar som kommunen har busett, har blitt kraftig redusert frå 2017 til 2018, med ein nedgang på 15 personar. Totalt er det 73 innbyggjarar i Vang kommune med flyktningbakgrunn. Då kommunar som ikkje er i stand til å busette 10 personer eller meir i året ikkje lengre blir oppmoda om å busette fleire flyktningar frå IMDI, så vil etter alt å dømme ikkje denne gruppa vekse med det første.

Sentral- og Aust-Europa har hatt ein sterkt økonomisk vekst den siste tida, noko som fører til at det blir færre arbeidsinnvandrarar til Noreg og Vang kommune. Ein konsekvens av dette, kan vera at arbeidsinnvandrarane blir freista til å reise tilbake til heimlandet. Dette vil føre til tap av arbeidskraft og innbyggjarar for Vang, i Valdres og i Noreg. Når vi ser kor avhengig vi er av denne gruppa, kan dette få sterke negative konsekvensar for kommunen.





Andre demografiske utfordringar er mangelen på born. Som vi kan sjå ovanfor har vi hatt ein nedgåande trend sidan 1986 med stadig færre born. Tilveksten til barnehagen er lågare i høve til dei som byrjar på skulen. Tilveksten til barneskulen er lågare enn dei som går inn i vidaregåande skule.

Vi kan sjå ei skifte i 2017 der grunnskulen fekk eit hopp i tal på elevar grunna mange flyktningar og tilflyttarar. Denne utviklinga ser ikkje ut til å vare, og vi ser ein nedgang allereie i 2018. Pensjonistgruppa kan vi sjå har ein stødig vekst som starta i 2008, og som vil tilta i ára som kjem.

Nok ein gong er det tilflyttarane som gjer at innbyggjartalet held seg noko stabilt og at arbeidsstyrka ikkje reduserast. Når tilflyttinga frå utlandet til kommunen no går ned, kan vi glede oss over at tilflyttinga innad i Noreg auka sterkt frå 2017 til 2018, med 17 nye innbyggjarar i Vang kommune. Totalt ført dette til ein total innbyggjarvekst på 5 personar frå 2017 til 2018, til totalt 1601 innbyggjarar.

Utvikling og tendrar





Åra 2015 og 2016 var særskilt gode for Vang kommune, der inntektene øka mykje meir enn utgiftene. Faktisk øka dei så mykje at Vang kommune i 2016 hadde meir inntekter enn utgifter for første gong sidan 2010. Denne positive nye trenden blei beklageleg vis brote i 2017 der utgiftene øka lang meir enn inntektene. Den prosentvisen auken i utgifter var nesten 3 gonger så stor som inntektsauken. 43% prosent av utgiftsauka kjem av øka avskrivingar, og har såleis ingen driftsmessig betydning. Men sjølv om ein ser bort i frå dette, så øka kostnadene 53% meir enn inntekta.


Med andre ord bryt 2017 den positive trenden Vang kommune har hatt dei 2 føregåande åra. Vang kommune har ganske store inntekter på sjølvkostområdet vass & kloakk, tabellen nedanfor har fjerna dette området og vi får då eit anna bilet.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Driftsinntekter	-169 678 065	-166 366 559	-177 269 645	-185 337 734	-190 477 404	-188 562 629	-202 593 439	-206 264 263
Driftsutgifter	169 301 008	172 109 535	181 407 876	190 178 914	198 926 154	194 907 511	200 775 835	211 894 994
Brutto driftsresultat eks. sjølvkost	-377 057	5 742 976	4 138 231	4 841 180	8 448 750	6 344 882	-1 817 604	5 630 731
Finansinntekter	-5 331 919	-6 248 124	-6 554 220	-11 011 317	-10 963 427	-6 592 637	-6 492 679	-6 195 422
Finansutgifter	1 343 603	1 103 148	1 052 931	899 544	1 407 530	1 183 675	4 776 429	7 600 860
Motpost avskrivingar	-8 553 499	-8 599 728	-8 663 714	-7 528 025	-7 431 381	-7 231 297	-7 678 257	-12 035 807
Netto driftsresultat eks. sjølvkost	-12 918 872	-8 001 728	-10 026 772	-12 798 618	-8 538 528	-6 295 377	-11 212 111	-4 999 638
Konsejsjonsavgift	20 897 282	18 986 399	19 436 591	19 436 594	20 766 314	20 766 314	20 781 024	21 285 285
Finansutgifter knytt til sjølvkost	0	0	0	0	0	0	-500 000	-1 700 000
Netto korrigert driftsresultat	7 978 410	10 984 671	9 409 819	6 637 976	12 227 786	14 470 937	9 068 913	14 585 647

Vi kan her sjå fallet i netto driftsresultatet som i snitt har lagt på 10 millionar kroner sidan 2010, til å halvere seg til 5 millionar kroner i 2017. Det urovekkande her er at dette inkluderer konseknsjonskraftavgifta på rundt 21 millionar kroner som vi er pålagd å overføre til bundne fond. Då netto driftsresultatet er under 21 millionar kroner, må vi bruke av fondsmidlar for å dekke inn gapet. I realiteten går Vang kommune med eit underskot på 16 millionar kroner i 2017, noko som er ei markant forverring i forhold til 2016 då underskotet var på 10 millionar kroner.

Forklaringa på forverringa ligg i finanspostane der utgifter til renter og avdrag har kome opp i 7,6 millionar kroner i 2017 og fører til eit underskot på finanspostar på 1,4 millionar kroner for første gong i historia. 1,7 millionar av finansutgiftene kan knytast til sjølvkostområdet, så om vi ser bort i frå dette, så går Vang kommune med eit korrigert netto driftsresultat på 14,6 millionar kroner i underskot.


Fordeling av finanspostar



Tabellen ovanfor viser utviklinga til finanspostane, der forverringa kjem tydeleg fram. Finanspostane går frå å vere ein bidragsytar til Vang kommune til å bli ein større kostnadspost. Dette er ei utvikling som vil helde fram, då kommunen framleis har ein del investeringar som skal gjennomførast. Dei største utgiftene er heldigvis knytt til sjølvkostområda, og vil difor ikkje ha den største effekten på Vang kommune sitt ordinære driftsbudsjett.



Fordeling av utgifter



Om ein ser på utgiftfordelinga på driftsutgiftene, så utgjer løn utan sosiale utgifter, den største posten på 53% av dei samla driftsutgiftene. Dette er ein nedgang på 1% frå 2016. Sosiale utgifter utgjer 10%.

Posten med størst endring er avskrivningar, som går frå 5% av driftsutgifta i 2016 til 7% i 2017. Dei andre postane er uforandra i fordelingsandel.

24% av Vang kommune sine utgifter gjeld kjøp av varer og tenester, der 11% er knytt til kommunale/private samarbeid, og 13% er utgifter til kjøp av tenester som inngår i eigen tenesteproduksjon.

Avviksforklaring

Utgifter

Etat	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	22 555 345	22 088 500	466 845
Oppvekst, kultur og integrering	67 016 140	66 357 000	659 140
Helse og omsorg	89 522 488	89 283 000	239 488
Landbruk og teknisk	28 876 508	28 069 000	807 508
Finansutgifter	52 844 524	45 135 120	7 709 404
Total	260 815 005	250 932 620	9 882 385

Som vi kan sjå frå tabellen over, så er det ikkje dei store avvika på etatane. Avviket på Rådmannskontoret gjeld tapsføringar på fordringar som er forelda. Tapa ligg på funksjonane til OKI-etaten, Helse- og omsorgs etaten og Landbruk/Teknisk. Totalt er det gjennomført tapsføringar på 593 000 kroner.

OKI-etaten sine avvik gjeld i hovudsak vare- og tenestekjøp som blant anna forbruksmateriell, vedlikehald (her i hovudsak Kongevegen), kjøp av tolketenester, mat og transportutgifter. Totalt var overforbruket på varer og tenester på 904 tusen kroner.

Helse og omsorgsetaten sitt avvik kjem grunna store avsetningars til bundne driftsfond som gjeld prosjektmidlar som blir brukt i 2018 og som ikkje vart budsjettert. Totalt utgjer avsetningane 1 millionar kroner. Løn og teneste kjøp som erstattar eigen tenesteproduksjon har eit underforbruk på ca. 800 tusen kroner.

Overforbruket til Landbruk/Teknisk kan i hovudsak knytast til arbeidet med sentrumsplanen. Utgiftene til planen var budsjettert ført i investeringsrekneskapen, noko som viste seg å ikkje vere lov. Dette resulterte i at vi måtte flytte ca. 800 tusen kroner over i drift.



Finansutgiftene sine avvik er i all hovudsak knytt til auka avskrivingar (4,7 mill. kroner), auka avsetnader til næringsfond (860 tusen kroner), auka avsetnader til disposisjonsfond (1,4 mill. kroner) og auka avdrags- og renteutgifter (655 tusen kroner).

Inntekter

Etat	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	-145 786 886	-143 359 000	-2 427 886
Oppvekst, kultur og integrering	-27 553 336	-24 621 000	-2 932 336
Helse og omsorg	-21 448 609	-17 598 000	-3 850 609
Landbruk og teknisk	-22 086 711	-20 195 000	-1 891 711
Finansinntekter	-43 939 463	-45 159 620	1 220 157
Total	-260 815 005	-250 932 620	-9 882 385

Avvika på rådmannskontoret gjeld auka skatteinntekter (1,4 mill.) og høgare konsesjonskraftgevinstar (800 tusen kroner).

Avvika på OKI-etaten kjem frå refusjonar (1,4 mill.) og statlege overføringer (1,3 mill.).

Avvika på Helse- og omsorgsetaten er knytt til refusjonar (3,4 mill.), der i overkant 1 mill. gjeld prosjektmiddel. Salsinntektene enda 450 tusen kroner over budsjett.

Landbruk/Teknisk sine avvik gjeld i hovudsak auka salsinntekter (1,1 mill.), og bruk av bundne fond til å dekke prosjektutgifter på matrikkeprosjektet (420 tusen).

Finansavvika knytte seg i hovudska til at vi brukar 7,6 mill. mindre av næringsfondet enn budsjettet, motpost avskrivingar aukar med 4,7 mill., og bruk av disposisjonsfond er 1,6 mill. høgare enn budsjettet (knytt til premieavvik).

Netto forbruk fordelt på etat

Netto

Etat	Regnskap	Budsjett	Avvik
Rådmannskontoret	-123 231 541	-121 270 500	-1 961 041
Oppvekst, kultur og integrering	39 462 804	41 736 000	-2 273 196
Helse og omsorg	68 073 879	71 685 000	-3 611 121
Landbruk og teknisk	6 789 797	7 874 000	-1 084 203
Finans	8 905 061	-24 500	8 929 561
Total	0	0	0

Totalt kan me sjå at alle etatane hadde eit netto mindreforbruk grunna ekstra inntekter, noko som førte til mindre bruk av fond enn budsjettet.



Planstrategi

I høve til planstrategien, skulle kommunedelplanen for Tyinkrysset og for trafikktryggleik bli utarbeida i 2017. Prosessen for kommunedelplanen for Tyinkrysset går framover, men tar tid. Eit utkast vart presentert og drøfta i Regionalt planforum den 17.10.2017. Her fekk kommunen mange gode innspel og forbetringspunkt frå dei regionale- og statlege myndighetene. Dette arbeidet helde fram inn i 2018. På grunn av ressurssituasjonen, ble arbeidet med kommunedelplanen for trafikktryggleik utsett til 2018. Av same grunn er revisjonen av reguleringsplanen på Tyinstølen også utsett – på ubestemt tid.

Bustadsituasjonen er eit utvald tema i planstrategien. Ferdigstilling av tomtereserven har stått stille i 2017 – til tross for budsjetterte ressursar. På plansida er mykje tid og ressursar lagt ned i arbeidet med områdereguleringa for Vang Sentrum. (Denne planen tek også høgde for nærings- og sentrumsutvikling, jf. planstrategien). Målet er å få denne planen til sluttbehandling i løpet av første halvår i 2018. Her er vi i rute ihht. planstrategien.

Å få utarbeida reguleringsplanen for Øyebakkin var ei anna prioritert sak i 2016/2017. Rasrapport er innkjøpt, dialogmøte med fylkeskommunen og Riksantikvaren er gjennomført, og arbeidet med planen går vidare. Målet er å få vedteke planen i første halvår av 2018.

Oppsummert for plan sin del av planstrategien:

I høve til planstrategien er det i 2018 eit etterslep av kommunedelplanane for Tyinkrysset og trafikktryggleik, og reguleringsplanen for Øyebakkin. For 2018 skal kommunedelplan for energi og klima utarbeidast, og områdereguleringa av Vang sentrum skal ferdigstillas. Om ressursane blir oppretthalde skal det meste av etterslepet bli innarbeida i 2018, slik at vi er meir i rute med planstrategien 31.12.2018.



Investeringsrekneskapen

	Prosjekt	Regnskap 2017	Buds(end) 2017	Avvik(per.)
35	Kyrkjene i Øye - planlegging/kirkiegardsutviding/ny veg/servicebygg/parkering	100 000	275 000	-175 000
42	Kjøp/sal av bilar	591 277	2 600 000	-2 008 723
44	Førundersøkingar for bygging av vassverk på Tyinkrysset/filefjell	262 500	255 000	7 500
61	Tyinkrysset - nytt reinseanlegg	3 093 026	8 703 578	-5 610 552
68	IKT-Valdres	166 667	-	166 667
99	Oprustning Vennsvegen	1 702 073	1 875 000	-172 927
100	Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell	222 618	2 187 500	-1 964 882
110	KLP - eigenkapitalinnskot	624 610	624 610	-
115	Kjøp av maskinar	475 379	625 000	-149 621
125	Startlån	880 286	289 000	591 286
144	Kjøp/sal av fast eigedom	134 830	-	134 830
210	VBU - ombygging/hybygg	16 256 883	17 767 000	-1 510 117
217	Ryfoss vassverk - driftsovervaking	-	593 750	-593 750
220	Klokkarhaugen leiligheter - Tettstadutvikling Vang Sentrum	70 166	1 100 000	-1 029 834
221	Skibruer Tyinkrysset	408 092	1 250 000	-841 908
225	Hovedledning vatn/avløp VBU	13 218	10 574	2 644
227	Overføringsledning Fløgstrøndfjorden	2 733 446	2 895 439	-161 994
238	Avdrag lån	10 000	-	10 000
244	Raudalen hyttefelt	2 037 065	-	2 037 065
252	Utbygging av brannstasjon	1 177 811	1 250 000	-72 189
253	Beitebruksplan	50 000	50 000	-
255	Ryfoss - Kloakk	-	469 000	-469 000
256	Ryfoss - Vann	-	469 000	-469 000
257	Rasundersøking	-	150 000	-150 000
258	Renseanlegg - luktfjerning	-	625 000	-625 000
TOTALT		31 009 947	44 064 451	-13 054 505

I 2017 har kommunen investert i 20 prosjekt med eit totalforbruk på 31 009 947 kroner inkl. mva. Dette er 13 054 505 kroner mindre enn budsjettet.

Avvika er knytt til:

5 prosjekt med ei budsjetttramme på ca. 2,3 millionar kroner knytt til områda vatn & kloakk, blei ikkje gjennomført som planlagt grunna kapasitetsproblem og blei utsett.

Reinseanlegget og VBU blei ikkje ferdig i 2017 og fortsett i 2018. Reinseanlegget sine 2 prosjekt overfører ca. 5,8 millionar kroner til 2018 for ferdigstilling. VBU overfører ca. 1,5 millionar kroner. Totalt 7,3 millionar kroner.

Prosjektering av vassforsyning på Tyinkrysset brukte 1,9 millionar kroner mindre enn budsjettet og vidareførast i 2018.

Raudalen er ikkje budsjettet men er i si heilheit finansert gjennom utbyggingsavtalar.

Utbygging av brannstasjon blei noko billigare (72 tusen kroner) enn budsjettet, og det blei gjennomført mindre innkjøp av brannbilar. Total innsparing her var på ca. 2 millionar kroner.

Skibruene blei 840 tusen kroner billigare enn budsjettet.

Vi fekk inn ekstraordinært mykje på avdrag knytt til startlån, noko som førte til avsettingar på 594 tusen kroner.



Prosjekta er finansiert slik:


Finansiering av investeringar	
Bruk av Lån	20 478 479
Bruk av næringsfond	110 599
Bruk av ubundne inv. fond	514 012
Refusjon frå private	2 072 065
Motteke avdrag	890 145
Sal av aksjar og andelar	166 667
Sal av fast eigedom	99 830
MVA kompensasjon	4 167 801
Refusjon frå staten	1 110 000
Spelemidlar	1 400 000
Andre inntekter	349
TOTAL	31 009 947

Det blei brukt 14 314 000 kroner mindre i lån enn budsjettet grunna lægre aktivitet enn antatt. Dette blir overført til 2018.

Det blei henta inn 1,4 millionar i spelemidlar i forbindning med VBU, og ein forventar utbetaling kvart år framover. Storleiken på beløpet er derimot noko usikkert. Spelemidlar blir brukt til å finansiere løpende prosjekt.

Refusjonar frå staten er i hovudsak knytt til utbygging av brannstasjon og kjøp av ny brannbil.

Refusjon frå private gjeld utbyggingsavtaler knytt til Raudalen hyttefelt




Fondsoversikt

Denne figuren viser Vang kommune sine frie fondsmidlar dei siste 8 åra. Vi kan her sjå at disposisjonsfondet har variert mykje i perioden, og trendlinja er klart negativ. I 2015 nådde disposisjonsfondet sitt lågaste nivå, med berre 2 millionar kroner til disposisjon. I perioden 2015 til 2017 kan vi sjå at fondet har vokse til 12,9 millionar kroner, berre slått av 2011. Då det ikkje er noko mindreforbruk i 2017, vil det ikkje bli tilført nye midlar i 2018, og det er budsjettert med eit forbruk på ca. 4,7 millionar i 2018. Målet til disposisjonsfondet er å ligge på 10 – 15% av driftsinntektene, noko som svara til 20 – 30 millionar kroner. Det er framleis eit stykke igjen til vi når dette målet. For å kunne handtere dei framtidige vedlikehaldsutgiftene til kommunen, vil vi trenge eit stort disposisjonsfond. Dei årlige avskrivingane som kan seie litt om framtidig vedlikehaldsbehov, ligg no på 15,7 millionar kroner i året. Dette er særskilt mykje høgare enn vedlikehaldet som ligg på ca. 2 millionar kroner i 2017. Ein må nok sjå for seg eit årleg vedlikehaldsbudsjet på mellom 5 – 7 millionar kroner innan kort tid.



Pensjonsfondet er midlar knytt til kommunen sine premieavvik og er såleis ikkje frie midlar.

Forsikringsfondet er midlar sett av til større forsikringsutgifter, då kommunen har ein eigenandel på 250 000 kroner på eigedomsmassen.



Det var budsjettert å bruke 21 millionar kroner av næringsfondet til drift i 2017. Grunna store ekstrainntekter ble ikkje dette nødvendig. Næringsfondet auka difor med 8,4 millionar kroner frå 2016 til 2017, og det kan av den grunn sjå ut som om den negative trenden frå 2013 er brote.

Ein viktig grunn til auken i fondet, er at Vang kommune no lånefinansierar investeringane sine, i staden for å nytta næringsfondet. Næringsfondet ble i 2017 knytt direkte til drift, og berre investeringar det ikkje er lovleg å lånefinansiera blir finansiert av fondet.

Det blei totalt nytta 13,3 millionar kroner av næringsfondet til drift, der 7,6 millionar er knytt til rentar og avdrag på lån. Dei resterande 5,7 millionane gjeld i hovudsak tilskotsordningar (4,4 millionar) og sentrumsplan (900 tusen).

Renter og avdrag vil auke i framtida, noko som set press på tilskotsordningar vi i dag har som blir finansiert av næringsfond. Om Vang kommune ynskjer å oppretthalde tilbodet, må vi dermed spare inn andre stader.

Det er vedteke av kommunestyret at det er ynskjelig at fondet kjem opp att til opprinnelig beløp som var 91,2 millionar kroner, der 25,9 millionar er Kraftfond som ikkje kan nyttast til utlån eller tilskot, og 65,3 millionar kroner er Heimfallsfond som kan nyttast til kommunale tiltak, utlån eller tilskot.

Næringsfondet har i dag 24 549 664 kroner til disposisjon.



KOSTRA

Samanlikningskommunane er sett opp slik at dess nærmere Vang dei er i størrelse, dess større samanlikningsgrunnlag er det. Nord-Aurdal er t.d. såpass mykje større enn Vang, at det er vanskeleg å sjå eit klart samanlikningsgrunnlag grunna stordriftsfordelane til Nord-Aurdal. Det er difor Nord-Aurdal er på botnen av tabellane, då dei truleg har minst til felles med Vang.

Finansielle nøkkeltal

Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	-2,4	-3,2	-3,9	-1,1	1,9	-1,8
Kostragruppe 06	2	1,5	0,7	0,7	1,8	1,3
Etnedal	2,1	5,5	4,2	4,1	2,5	-4,1
Vestre Slidre	-1,2	-0,9	-8,9	-3,5	1,9	3,5
Sør-Aurdal	3,6	2,6	-1,7	5	6	3,9
Øystre Slidre	0,2	-1,4	-2,4	-0,4	0,1	-2,1
Nord-Aurdal	6,8	6,7	4,1	2,2	2,9	2,8

Som vi kan sjå her så er vi tilbake med negativt brutto driftsresultat. Vang kommune kan vise til eit gjennomsnittleg brutto driftsresultat dei siste 6 åra på -1,75%, berre slått av 17 andre kommunar i Noreg. Årsaka til at Vang kommune har råd til å ha eit kostnadsnivå som ligg over inntekt over tid, er dei store konsesjonsavgiftene som kommunen mottekk. Ein bør vere merksam på at konsesjonsavgiftene verkar på same måte som eigedomsskatt, og at ein langsiktig trend med mykje høgare utgifter enn inntekter, vil føre til at kostnadsnivået et opp heile konsesjonsavgifta, og dermed fører til ein stor ubalanse i økonomien.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	6,8	7,4	6	6,3	7,5	4,8
Kostragruppe 06	3,3	3	2,1	3,3	3,5	3,3
Etnedal	5,7	7,7	8,6	8,3	6,5	-0,5
Vestre Slidre	-0,3	-0,6	-8	-0,6	3,7	5,7
Sør-Aurdal	2,9	1,7	-2,8	3,7	4,5	2,9
Øystre Slidre	3,6	1,9	1,1	2,8	3,5	1,4
Nord-Aurdal	6,8	6,1	4,5	2,5	3,3	3,5

Når vi ser på netto driftsresultat, ligg Vang nok ein gong i toppsjiktet. Gjennomsnittet for dei siste 6 åra ligg på 6,5%, noko som er det 20 høgste i Noreg og klart best i Oppland (med Etnedal tett etter på ein 25 plass i Noreg). Målesettinga bør vere eit resultat på 6,5 - 7,5 % for å sikre at vi ikkje brukar opp næringsfond til drift. Sjølv om Vang kommune går mykje betre enn frykta, så ser ein at resultatet har falt dramatisk i 2017. Om vi korrigerer for sjølvkost og konsesjonsavgift, får Vang kommune eit negativt korrigert netto driftsresultat på -6,9% i 2017.

Frie inntekter i kroner per innbyggjar						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	58 793	60 501	61 565	63 694	66 402	67 736
Kostragruppe 06	65 629	66 425	68 850	69 891	72 632	75 293
Etnedal	61 152	65 516	68 238	73 726	73 363	75 322
Vestre Slidre	50 026	54 082	54 772	56 609	61 464	61 105
Sør-Aurdal	56 622	58 501	60 252	61 775	64 742	66 426
Øystre Slidre	50 840	52 891	54 009	55 561	56 287	58 971
Nord-Aurdal	45 480	46 707	47 425	50 544	52 681	54 747

Når vi kjem til dei frie inntektene til kommunen, ligg vi fortsatt godt under dei vi nærmast kan samanlikna oss med. Gjennomsnittleg auka ligg på 2,9% i året for Vang (ned frå 3% i fjer), dålegast av alle bortsett frå kostragruppe 6, som har fått auka dei frie inntektene med 2,8% i snitt. Valdreskommunane har hovudsakleg auka sine frie inntekter med over 3,7% i året.



Kommunen som stikk seg fram i 2017, er Vestre Slidre som fekk redusert sine frie inntekter med 0,5% i 2017.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	-1,9	-1,6	-2,0	27,3	59,3	60,7
Kostragruppe 06	55,1	58,1	57,9	61,2	66,0	69,5
Etnedal	18,8	18,5	17,9	13,4	17,0	31,1
Vestre Slidre	32,8	34,5	36,6	38,7	39,2	36,3
Sør-Aurdal	49,4	53,2	56,1	53,4	55,2	55,2
Øystre Slidre	51,3	47,3	52,3	52,2	52,6	63,6
Nord-Aurdal	51,4	52,3	53,6	48,9	45,2	46,7

Vang kommune har i dei siste åra drive ei ekspansiv utbygging av tilboda i kommunen. Dette har ført til at vi for første gong tok opp lån for å finansiere alle prosjekta (2015). Dette kjem tydeleg fram i 2015-17, og langsiktig gjeld vil halde fram å auke i tida framover. Gjelda auka mindre i 2017 enn forventa, då VBU og Reinseanlegget ikkje vart ferdigstilt.

Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	37,4	42,8	37	49,1	37,5	42,8
Kostragruppe 06	18,2	21,8	23,1	26,6	28,7	32,1
Etnedal	9,6	14,3	19,9	29,3	35,4	23,9
Vestre Slidre	17,5	12,8	4,1	4,9	10,2	14,9
Sør-Aurdal	15,2	14,7	11,8	21	18,8	20,5
Øystre Slidre	29	25,5	29,9	26,5	29,7	40,1
Nord-Aurdal	11,9	19,9	24,4	19,1	19,5	20,1

Vang kommune brukte ikkje alle lånemidlane, noko som fører til ei auke i arbeidskapitalen til 42,8%. Vang kommune har ingen likvidtetsproblem.

Prioriteringar

Prioriteringar skal vise korleis ein prioriterer pengebruken i kommunen. Det er i hovudsak ikkje meint å lesast som eit produktivitetsmål, som til dømes ein stikkpris. Den bør heller brukast til å sjå om ein er einig i korleis pengane er prioritert, og om dei følgjer dei retningsliner som er gjeve.

Administrasjon

Brutto driftsutgifter administrasjon og styring, i prosent av tot. brutto driftsutgifter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	9,0	7,9	8,1	8,7	8,6	7,3
Kostragruppe 06	10,9	10,6	10,7	10,3	9,8	9,7
Etnedal	8,0	8,2	8,5	10,2	9,1	7,6
Vestre Slidre	7,0	7,0	7,5	9,2	7,2	7,1
Sør-Aurdal	11,0	7,3	8,4	8,1	7,3	7,8
Øystre Slidre	7,3	8,7	9,1	6,0	7,4	7,9
Nord-Aurdal	6,2	6,0	5,7	5,3	5,3	5,2



- herav Brutto driftsutgifter administrasjon, i prosent av tot. brutto driftsutgifte

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	7,9	6,9	7,1	7,3	7,5	6,2
Kostragruppe 06	9,3	9,0	9,3	8,8	8,4	8,3
Etnedal	6,3	6,7	7,0	8,6	7,5	6,0
Vestre Slidre	5,4	5,6	5,8	7,4	5,6	5,6
Sør-Aurdal	10,2	6,5	6,4	6,9	6,4	6,9
Øystre Slidre	6,3	7,7	8,3	5,1	6,5	7,1
Nord-Aurdal	5,3	5,1	5,0	4,5	4,6	4,6

Som vi kan sjå av tabellane ovanfor, så er det berre Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Etnedal som har lågare brutto driftsutgifter til administrasjon enn Vang kommune. Vi kan også sjå at utgiftene til administrasjon har falt mykje fra 2016 til 2017. Dette seier derimot ikkje noko om effektivitet, og fallet kjem hovudsaklig av flytting av kostnader frå administrasjonen til etatane.

Lønn administrasjon og styring i prosent av totale lønnsutgifter

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	8,9	8,7	9,1	8,8	9,2	8,9
Kostragruppe 06	10,9	10,4	10,8	9,8	9,7	9,6
Etnedal	8,9	8,9	9,8	9,7	9,7	8,6
Vestre Slidre	8,9	9,0	9,5	9,0	8,8	9,7
Sør-Aurdal	6,7	6,2	6,4	6,2	5,6	5,3
Øystre Slidre	9,0	11,6	12,3	7,2	9,5	9,2
Nord-Aurdal	6,6	6,5	6,3	6,1	6,1	6,2

- herav Lønn administrasjon, i prosent av totale lønnsutgifter

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	8,0	7,7	8,1	7,7	8,2	7,9
Kostragruppe 06	9,4	9,0	9,5	8,5	8,5	8,4
Etnedal	7,4	7,5	8,6	8,4	8,3	7,4
Vestre Slidre	7,5	7,7	8,1	7,4	7,3	8,3
Sør-Aurdal	6,0	5,4	5,6	5,1	4,8	4,5
Øystre Slidre	7,8	10,5	11,4	6,3	8,4	8,1
Nord-Aurdal	5,7	5,5	5,4	5,2	5,5	5,6

Om vi fokuserer meir på lønskostnadene så får vi eit litt anna bilet. Her kan vi sjå at Valdreskommunane er ganske like forutan Sør-Aurdal og Nord-Aurdal. Vang har noko lågare lønsutgifter enn Kostragruppe 6, men høgare enn Etnedal, Sør-Aurdal og Nord-Aurdal. Dette fortel oss at administrasjonen til Vang kommune er samanliknbar personalmessig med resten av Valdres, med unntak av Sør- og Nord-Aurdal, og at det er stor skilnad på kva kvar enkelt kommune førar som administrasjonskostander innan kjøp av varer og tenester.

Barnehagar

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	133 486	124 542	155 440	155 438	154 329	163 944
Kostragruppe 06	125 429	124 478	137 949	134 803	143 377	150 661
Etnedal	133 486	120 652	159 810	174 420	151 900	158 933
Vestre Slidre	109 135	122 664	126 342	124 490	142 012	128 839
Sør-Aurdal	97 196	95 529	110 205	109 634	99 480	111 218
Øystre Slidre	99 935	115 226	113 216	128 781	136 071	135 115
Nord-Aurdal	102 548	101 545	110 777	117 098	118 953	132 708

Vang kommune har stort fokus på barnehagar og er den som brukar mest i Valdres på dette området. Vi brukar 8,8% meir enn samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, og 18,4% av snittet i Valdres. Sør-Aurdal og Nord-Aurdal hadde den største prosentvise oppgangen i 2017 med forholdsvis 11,8% og 11,6%. Vang kommune auka med 6,2% frå 2016 til 2017.



Korrigerte Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	129 598	120 915	151 353	151 204	143 030	151 240
Kostragruppe 06	122 609	120 852	133 801	130 119	138 529	144 866
Etnedal	131 384	113 501	151 911	164 237	143 437	150 505
Vestre Slidre	106 473	119 556	123 260	121 099	138 010	124 844
Sør-Aurdal	96 616	95 054	109 657	108 980	98 887	110 665
Øystre Slidre	97 213	112 197	109 812	123 118	128 369	127 587
Nord-Aurdal	101 633	99 848	108 075	114 354	116 165	129 851

I desse kostnadene så ligg det avskrivingar. Vang kommune har dei høgaste avskrivingane i Valdres, då det ikkje er så lenge sidan vi bygde Fredhem Barnehage. Justerer vi for avskrivingar, så ser vi at Vang kjem noko betre ut. Vi er framleis den som brukar mest, men vi ligg no bare 4,4% over forbruket til kostragruppe 6, og 13,7% over gjennomsnittsbruken i Valdres.

Kan vi finne nokre årsaker til at Vang kommune nyttar så mykje på barnehagar?

Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	18,7	10,4	23,9	26,5	34,8	29,2
Kostragruppe 06	9,4	10,3	11,7	14,2	16,8	18,6
Etnedal	5,9	6,1	8,8	17,4	13,6	23,5
Vestre Slidre	15,7	17,0	11,0	14,1	11,7	13,6
Sør-Aurdal	7,9	11,3	9,5	13,8	13,6	14,5
Øystre Slidre	8,4	6,8	4,7	6,3	10,4	15,2
Nord-Aurdal	5,4	10,3	12,6	10,5	11,1	10,3

Vi kan sjå av tabellen over at Vang har eit stort tal av minoritetsspråklege born, der 29,2% av alle borna har eit anna hovudmål enn norsk. Vi kan derimot ikkje sjå ein tydeleg samanheng mellom utgiftene og talet på minoritetsspråklege, så ved første glimt kan vi ikkje sjå at dette har ein årsakssamanheng. Det kan fortsatt vere at det er ein forklaringsvariabel, men då må vi gå djupare inn i tala enn vi gjer her.

Om vi ser på oppholdstimer per årsverk så kan vi kanskje få eit svar.

Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	9 321	9 129	8 273	8 500	9 320	8 885
Kostragruppe 06	9 769	9 725	9 494	9 694	9 481	9 300
Etnedal	10 892	9 123	8 785	6 979	6 690	8 419
Vestre Slidre	8 921	9 705	8 164	10 389	9 574	10 098
Sør-Aurdal	10 680	12 190	10 725	10 292	10 662	10 755
Øystre Slidre	12 090	10 864	10 885	10 522	10 885	10 729
Nord-Aurdal	10 055	10 034	10 195	10 137	10 200	9 878

Denne tabellen visar talet på oppholdstimer per årsverk, med andre ord seier den noko om kor mange barn det er i barnehagen per tilsett. Jo lågare tal desto fleire tilsette per barn. Det kan sjå ut til å vere ein samanheng her, og at Vang kommune er ligg godt under gjennomsnittet i Valdres. Det er berre Etnedal som har fleire tilsette per born enn Vang kommune.



Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	5,9	5,3	5,0	4,9	5,3	4,8
Kostragruppe 06	5,5	5,4	5,3	5,4	5,3	5,2
Etnedal	6,4	6,0	5,5	4,6	4,4	5,4
Vestre Slidre	5,6	5,4	4,6	5,9	5,3	6,0
Sør-Aurdal	5,9	6,8	7,0	6,3	6,7	6,4
Øystre Slidre	6,5	6,0	5,9	5,8	6,1	5,6
Nord-Aurdal	6,3	6,4	6,5	5,9	5,8	5,8

Om vi justerer for alder på borna, så kan vi sjå at Vang er den med minst born per tilsett i Valdres. Gjennomsnittlig tal på born per årsverk i Valdres er 5,6.

Utgifter til kommunale lokaler og skyss per barn i kommunal barnehage (kr), konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	17 920	16 974	20 944	21 147	31 424	36 185
Kostragruppe 06	16 167	17 747	19 420	20 112	21 002	22 697
Etnedal	15 897	18 030	26 140	28 065	28 023	22 471
Vestre Slidre	6 942	8 302	9 462	9 494	1 935	1 840
Sør-Aurdal	12 887	12 385	16 398	16 810	15 400	13 290
Øystre Slidre	17 573	18 639	20 960	25 136	28 965	28 081
Nord-Aurdal	13 964	12 145	14 967	15 332	15 691	18 254

Ei anna årsak til av Vang har høgare utgifter, er kostnadene til skyss og lokale. Vang brukar 80% meir til barnehagelokale og skyss i barnehage enn snittet i Valdres. Noko av dette er knytt til skyss av barn frå mottaket til barnehage.

Konklusjonen må vere at Vang kommune har barnehagar høgt på agendaen. Barnehagane er noko mindre enn snittet i Valdres, og vi har nokre ekstra utfordringar knytt til mottaket og den høge prosentvise andelen av innbyggjarar som ikkje kjem frå Noreg. Tala her seier noko om kvaliteten på tilbodet, men korleis kommunen prioriterer sine tenester.

Grunnskule

Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	172 486	170 308	176 246	172 103	136 567	169 049
Kostragruppe 06	147 226	150 863	156 506	161 623	164 087	172 128
Etnedal	139 647	133 310	141 292	137 031	142 119	151 866
Vestre Slidre	130 996	122 496	129 328	120 572	118 564	119 421
Sør-Aurdal	117 166	129 547	123 699	126 450	141 027	132 816
Øystre Slidre	124 032	128 930	141 851	144 126	141 919	148 535
Nord-Aurdal	91 443	85 832	95 022	95 409	99 961	111 974

Grunnskulen hadde eit stort hopp frå 2016 til 2017 på 23,8%. Dette heng saman med at VBU vart ferdigstilt og avskrivningar byrja på bygget. Totalt kan vi knytte 80,5% av auken til bygningsmassen.



Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	129 509	129 855	131 485	127 048	106 016	111 730
Kostragruppe 06	113 242	116 202	120 320	124 266	125 587	130 751
Etnedal	105 787	100 601	104 240	101 722	106 744	115 287
Vestre Slidre	103 769	96 621	103 213	95 385	108 853	91 111
Sør-Aurdal	91 801	100 016	99 537	100 397	113 052	105 872
Øystre Slidre	89 733	93 905	103 431	101 407	102 899	102 322
Nord-Aurdal	73 853	70 064	75 828	78 193	84 417	92 063

Om vi fokuserer meir på drifta av skulen som har med undervisning å gjere, så ser vi at utgiftene auka med 5,4% til 111 730 kroner per elev. Dette er godt under samanliknbare kommunar i kostragruppe 6, og rundt 8,4% over snittet i Valdres der Vestre Slidre og Nord-Aurdal kjem best ut.

Elever per kommunal skole						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	60	87	86	164	187	191
Kostragruppe 06	74	76	76	77	79	80
Etnedal	167	171	163	164	167	156
Vestre Slidre	124	132	129	126	261	256
Sør-Aurdal	97	93	91	88	82	85
Øystre Slidre	125	121	116	117	117	123
Nord-Aurdal	338	332	336	330	319	304

Tabellen ovanfor viser utviklinga på elvetalet per skule, og her kjem skulesamlinga godt fram. Det var over 191 elevar i skulen i 2017, vi har hatt ei sterkt auke frå 2015 til 2017. Men med ei auke i elevtalet, så skulle ein gjerne tru at utgiftene ble mindre.

Lønnsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	133 709	135 290	136 321	129 631	118 905	114 292
Kostragruppe 06	115 859	119 524	125 112	130 250	134 353	139 422
Etnedal	95 712	96 451	100 020	107 027	107 467	111 054
Vestre Slidre	115 216	115 111	110 389	112 442	115 429	104 130
Sør-Aurdal	97 586	104 731	106 292	106 044	119 655	126 784
Øystre Slidre	89 667	92 493	97 712	103 620	105 460	105 838
Nord-Aurdal	71 671	69 010	73 540	74 549	82 106	86 428

Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	132 168	133 645	135 629	132 981	122 552	114 535
Kostragruppe 06	116 373	119 583	124 325	129 939	134 539	140 344
Etnedal	96 156	97 767	102 602	106 017	106 536	110 112
Vestre Slidre	113 160	111 199	106 951	108 810	139 163	111 631
Sør-Aurdal	93 418	98 606	102 016	100 339	113 010	120 564
Øystre Slidre	86 505	89 119	93 560	98 458	100 133	100 380
Nord-Aurdal	71 557	69 981	75 741	78 542	85 326	90 352

Om vi ser på lønsutgiftene og korrigert brutto driftsutgifter, så har dei gått ned frå 2016 til 2017. Vi sit altså igjen med einaste forklaring som er at inntektene til skulen har gått ned i perioden.



Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	21,6	18,9	18,4	12,8	15,7	14,0
Kostragruppe 06	18,8	18,8	18,9	18,8	18,4	18,0
Etnedal	19,0	17,0	17,1	14,8	9,1	12,6
Vestre Slidre	16,9	19,2	15,3	15,6	19,5	13,7
Sør-Aurdal	24,0	25,9	25,5	20,6	26,0	27,4
Øystre Slidre	25,2	19,4	18,8	17,9	17,3	15,2
Nord-Aurdal	19,5	18,9	20,2	23,0	23,1	18,4

Gjennomsnittlige grunnskolepoeng						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	41,5	43,7	41,9	42,2	40,9	41,0
Kostragruppe 06						
Etnedal	39,6	42,1	40,0	38,5	44,1	40,2
Vestre Slidre	41,3	41,7	38,5	40,4	43,7	42,3
Sør-Aurdal	38,9	38,1	37,6	41,2	40,8	38,5
Øystre Slidre	40,6	41,7	39,8	40,9	42,6	37,8
Nord-Aurdal	41,1	39,2	40,0	39,5	40,9	38,0

Som vi kan sjå av tabellane over brukar skulen stadig mindre av lærartimane på spesialundervisning, noko som ein må sjå på som ei positiv utvikling. Bruken er ganske lik i Valdres, der berre Sør-Aurdal skil seg ut. Vang kommune ligg godt under bruken til samanliknbare kommunar i kostragruppe 6. Det kan sjå ut til at heile Valdres har fokusert på dette området, då bruken av spesialundervisning har falt i 4 av 6 kommunar.

Vang kommune er berre slått av Vestre Slidre på gjennomsnittlege grunnskolepoeng, og har ein liten oppgang frå 2016. Vi ligger derimot under snittpoenga dei siste 6 åra som er på 41,9 poeng. Gjennomsnittet i Valdres dei siste 6 åra, ligg på 40,6 poeng. Landsgjennomsnittet låg på 41,4 poeng i 2017. For første gang de siste 8 år har talet på elevar med direkte overgang frå grunnskulen til vidaregåande opplæring, gått frå 100% til 90% i Vang kommune.

Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	91,4	93,3	96,8	96,3	96,2	96,3
Kostragruppe 06	84,9	85,4	85,8	84,0	82,5	83,7
Etnedal	87,5	70,8	81,5	92,0	95,7	95,2
Vestre Slidre	92,1	82,9	87,2	80,0	82,5	82,1
Sør-Aurdal	91,4	86,7	92,2	92,5	93,0	90,0
Øystre Slidre	91,1	88,1	88,9	91,8	91,4	85,3
Nord-Aurdal	88,5	79,7	79,3	72,0	80,9	84,9

I Vang kommune har 96,3% av lærarane universitets-/høgskule- og pedagogisk utdanning, noko som er høgast i Valdres og godt over landsgjennomsnittet som ligg på 85,6%. Dette viser at det små kommunar ikkje nødvendigvis treng å slite med rekrutteringa.

Det tabellane viser her, er at Vang kommune ligg midt på treet i forbruk på skulesektoren. Vi er ikkje billegast og ikkje dyrast. Vi har blitt ein meir gjennomsnittleg kommune, og brukar mykje mindre ressursar på undervisning etter samanslåing av alle skulane. Vi kan derimot sjå ein auke i utgiftene til byggingsmassen då hallen sjølvsagt kostar ein del. Vang kommune brukar stadig mindre på spesialundervisning og har ein høgt utdanna lærarstab. Vi ligg noko under landsgjennomsnittet på grunnskolepoeng og berre 90% av 10 klassingane hadde direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring. Då klassane i Vang kommune er små, skal det lite til for at det får store utslag.



Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	5,8	5,3	5,7	6,0	6,0	5,3
Kostragruppe 06	3,8	3,9	3,9	3,8	3,7	3,8
Etnedal	3,0	1,4	3,6	3,3	3,5	3,5
Vestre Slidre	5,2	5,8	4,1	3,7	4,4	4,5
Sør-Aurdal	1,8	1,8	1,7	1,8	1,8	1,7
Øystre Slidre	3,0	2,9	3,2	2,8	2,8	2,6
Nord-Aurdal	3,3	3,3	3,2	3,7	3,2	3,2

Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	3 986	3 781	4 199	4 394	4 538	4 487
Kostragruppe 06	2 801	2 985	3 088	3 092	3 110	3 298
Etnedal	2 018	943	2 626	2 636	2 962	3 236
Vestre Slidre	2 998	3 420	2 730	2 506	3 107	3 140
Sør-Aurdal	1 062	1 091	1 095	1 162	1 193	1 164
Øystre Slidre	1 561	1 579	1 851	1 604	1 724	1 708
Nord-Aurdal	1 581	1 586	1 636	2 081	1 903	1 974

Som vi kan sjå av tabellane over så er kultursektoren særskilt viktig i Vang kommune, og vi brukar klart mest på dette feltet i Valdres. Årsaka til dette er todelt. Hovudårsaka er at vi tilbyr innbyggjarane i Vang eit godt tilbod som gjer det attraktivt å bu her. Det er også viktig å ha eit tilbod til asylmottaket slik at dei har noko å ta seg til. Dette førar til at Vang brukar noko meir enn dei kommunane vi naturleg samanliknar oss med, spesielt sidan mottaket er så stort i forhold til talet på innbyggjarar.

Så kva er det Vang kommune nyttar desse midlane til?

Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygger per innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 056	924	1 006	1 156	1 077	1 142
Kostragruppe 06		252	252	283	295	332
Etnedal	4	0	4	-5	21	2
Vestre Slidre	364	150	328	336	374	252
Sør-Aurdal	0	0	-31	-25	-36	-11
Øystre Slidre	19	-1	22	66	1	9
Nord-Aurdal	122	131	151	191	199	191

Vang kommune meiner det er viktig å ha eit godt tilbod til innbyggjarane i alle krinsane. Det er difor samfunnshus i kvar grend som skal kunne gje eit tilbod for innbyggjarane i nærområdet. Dette gjer at Vang kommune brukar mykje meir på dette området enn resten av dei samanliknbare kommunane.



Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	877	755	999	969	1 106	1 189
Kostragruppe 06	481	480	506	512	522	519
Etnedal	295	298	387	373	312	402
Vestre Slidre	269	298	317	319	319	346
Sør-Aurdal	356	354	372	368	380	404
Øystre Slidre	300	325	312	307	297	349
Nord-Aurdal	312	278	333	332	304	359

Eit anna område Vang kommune nyttar ein del meir ressursar enn resten av Valdres, er til bibliotektenester. Biblioteket er mykje nytta av bebruarane på mottaket, og det er difor ein viktig ressurs i å tilby mottaket noko å ta seg til. Det er med andre ord brukt som ein innfallsport til integrering og ein stad der bebruarane på mottaket kan vere/ møte andre i eit anna miljø.

Netto driftsutgifter til idrett per innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	230	155	232	131	140	132
Kostragruppe 06	231	249	230	172	170	153
Etnedal	0	0	0	0	0	0
Vestre Slidre	91	1 029	78	69	210	132
Sør-Aurdal	179	166	149	152	169	116
Øystre Slidre	432	229	359	158	339	252
Nord-Aurdal	30	32	58	70	123	85

Idrett er eit livleg samtaleemne i Vang, og det er eit felt der vi ligg noelunde likt med resten av Valdres. Unntaket er Øystre Slidre.

Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-20 år, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 825	1 801	1 728	1 283	1 520	1 542
Kostragruppe 06		1 266	1 311	1 229	1 246	1 494
Etnedal	1 148	898	1 033	940	1 034	616
Vestre Slidre	808	780	714	418	458	139
Sør-Aurdal	502	258	327	314	368	349
Øystre Slidre	465	558	576	485	430	399
Nord-Aurdal	1 236	465	715	516	764	-98

Derimot brukar Vang kommune mykje på aktivitetstilbod til barn og unge i kommunen. Vi ligg her på topp i ressursbruk på dette området i Valdres.

Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	24 500	18 342	19 833	16 000	19 909	22 269
Kostragruppe 06	13 152	12 240	13 159	14 250	14 171	23 440
Etnedal	8 000	8 588	8 353	10 029	12 103	15 333
Vestre Slidre	27 000	16 812	20 294	17 400	22 263	19 438
Sør-Aurdal	18 413	17 822	18 073	17 233	20 615	15 410
Øystre Slidre	41 121	55 703	57 500	72 325	39 105	52 312
Nord-Aurdal	12 333	18 471	12 059	35 833	18 778	16 333

Sjølv om netto utgiftene til idrett per innbyggjar ikkje er så stort, så er tilskota til lag og foreiningar berre slått av Øystre Slidre i Valdres. Dette er eit viktig område i Vang kommune.



Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	15 574	17 583	17 827	16 954	16 250	14 516
Kostragruppe 06	13 955	14 653	16 937	17 778	19 366	19 819
Etnedal	11 758	11 388	21 720	18 804	19 220	21 098
Vestre Slidre	18 565	20 386	25 897	25 714	27 571	31 361
Sør-Aurdal	7 860	11 133	16 934	21 793	23 099	22 743
Øystre Slidre	11 724	10 953	12 688	11 868	12 701	14 382
Nord-Aurdal	15 657	15 605	14 715	13 991	14 601	18 353

Netto driftsutgifter til kommunale kultur- og musikkskoler per innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	669	643	684	740	771	751
Kostragruppe 06	528	577	620	581	595	594
Etnedal	583	683	837	935	901	878
Vestre Slidre	1 301	1 248	1 216	1 024	1 437	1 604
Sør-Aurdal	178	292	297	348	334	322
Øystre Slidre	439	541	591	552	573	613
Nord-Aurdal	333	342	413	453	398	482

Kulturskolen i Vang er eit godt brukt og populært tilbod, som det kan sjå ut som vi ikkje nyttar så mykje ressursar på. Om vi ser på utgifter per innbyggjar så ser vi at vi ligg på tredje plass i Valdres på dette området.

Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter per innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	889	877	860	1 000	925	834
Kostragruppe 06	453	516	504	521	488	503
Etnedal	476	565	571	570	705	799
Vestre Slidre	359	304	200	257	215	199
Sør-Aurdal	177	143	175	174	171	171
Øystre Slidre	250	357	410	407	397	371
Nord-Aurdal	137	83	144	191	230	249

Det siste området innan kultursektoren er andre kulturaktivitetar, der Vang kommune ligger på topp i Valdres.

Helsetenester

Før vi byrjar å sjå på helsetenestene kan det vere lurt å seie noko om kva helsetenestene tabellane nedanfor måler. Helsetenester under funksjon 232 står i dag for helsetenester i mottak, helsestasjon og skulehelseteneste, psykososialt kriseteam og psykiske helsetenester. Funksjon 233 gjeld samfunnsmedisin, frisklivssentral, og folkehelse. Funksjon 241 gjeld legetenester, fysioterapi, helsetenester i mottak, ergoterapi, psykisk helseteneste og frisklivssentral. Funksjon 242 gjeld førebyggande team.



Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	6,6	7,0	7,7	8,3	8,8	8,7
Kostragruppe 06	6,0	5,9	6,2	6,2	6,4	6,4
Etnedal	5,8	5,6	6,6	8,0	8,7	7,5
Vestre Slidre	7,0	5,8	7,0	7,2	7,7	7,4
Sør-Aurdal	4,6	5,0	5,1	5,9	6,9	6,5
Øystre Slidre	4,8	4,9	5,3	6,0	5,8	5,5
Nord-Aurdal	4,7	5,0	5,0	5,9	5,3	4,8

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	4 513	4 954	5 700	6 126	6 704	7 352
Kostragruppe 06	4 444	4 521	4 859	5 047	5 346	5 629
Etnedal	3 912	3 771	4 842	6 334	7 292	7 001
Vestre Slidre	4 049	3 417	4 697	4 899	5 439	5 110
Sør-Aurdal	2 644	3 037	3 404	3 848	4 632	4 610
Øystre Slidre	2 499	2 679	3 063	3 501	3 536	3 572
Nord-Aurdal	2 267	2 423	2 601	3 292	3 141	2 963

Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	4 066	4 251	4 941	6 730	7 033	7 099
Kostragruppe 06	2 518	2 668	2 897	2 992	3 299	3 283
Etnedal	5 054	4 869	5 571	5 794	6 133	6 388
Vestre Slidre	2 293	2 224	3 038	3 324	2 664	2 603
Sør-Aurdal	1 402	1 945	2 905	2 809	2 790	2 789
Øystre Slidre	2 288	2 338	2 392	2 536	2 120	2 259
Nord-Aurdal	1 799	1 848	1 951	2 388	2 190	1 938

Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	3 285	3 772	4 395	4 466	4 833	5 507
Kostragruppe 06	3 599	3 630	3 915	4 098	4 346	4 648
Etnedal	2 628	2 692	3 609	5 014	5 892	5 564
Vestre Slidre	3 331	2 722	3 794	3 951	4 632	4 360
Sør-Aurdal	2 022	2 313	2 451	2 863	3 711	3 518
Øystre Slidre	1 956	2 001	2 352	2 730	2 849	2 875
Nord-Aurdal	1 622	1 771	1 911	2 481	2 461	2 309

Den fyrste tabellen viser at helsetenestetilbodet utgjorde noko mindre av totalutgifta til kommunen i 2017 enn 2016. Det kan dermed sjå ut som om den sterke auken som har skjedd dei siste 5 åra har stagnert litt.

Tabell 2 og 4 fortell oss sjølv om helsetenesteutgifta totalt sett utgjorde ein mindre del av dei totale utgiftene til Vang kommune så auke dei med 9,7 prosent frå 2016 til 2017. Ein del av forklaringa til denne auken er heilårseffektane på auka sjukepleiar stillinga i mottaket og hjelpepersonell på legekontoret (høvesvis 0,2 årsverk og 0,4 årsverk). Dette kan forklara rundt 63% av auken, det har også vore ei større inntektsredusjon på funksjon 241 (nedgang på 14,5%) som forklarar resten av netto kostnadsauken.

Tabell 3 seier noko om Vang kommune sitt arbeide med forebygging, utgifter til helsestasjon og skulehelsetenesta til barn og ungdom mellom 0 – 20 år. Nok ein gong kjem det tydlig frå



mat Vang kommune prioriterer barn og unge då utgifter knytt til barn og ungdom ligger ca. 85% over snittet til resten av Valdres. Utgiftene var stabile og auka marginalt frå 2016 til 2017.

Om vi ser på tabellane er det første ein kan leggje merke til at Vang kommune ligger godt over kommunar i Valdres og kommunar som er ganske lik oss sjølv. Kvifor er det slik? Vi trur nokon av desse forholda kan forklara ved eit auka forbruk av helsetenester grunna mottaket i kommunen. Vang kommune loggar ikkje i dag ressursbruken direkte knytt til mottaket, men ein stor del av meirutgiftene er direkte knytt til mottaket som er særstort i forhold til innbyggjartalet. Vi bør kanskje sjå på om det er mulig å logge ressursbruken knytt til mottaket for å få ein oversikt over kva vi gjer. Dette kan vere spesielt nyttig i desse dagar når mottakstenester er så usikre.

Pleie- og omsorgstenester

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	32 402	33 762	35 195	34 432	34 877	35 753
Kostragruppe 06	27 868	26 210	28 264	27 645	29 414	30 354
Etnedal	26 523	25 464	27 800	28 472	27 318	31 856
Vestre Slidre	17 865	17 776	17 767	16 982	22 373	23 611
Sør-Aurdal	23 271	23 528	25 303	22 863	24 522	26 666
Øystre Slidre	17 662	18 272	19 536	19 278	20 205	22 144
Nord-Aurdal	19 803	19 380	21 436	23 542	26 413	26 958

Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjenester, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	464 597	415 062	445 458	398 027	427 667	459 677
Kostragruppe 06	403 729	377 425	406 801	403 301	436 441	431 711
Etnedal	311 556	295 299	340 938	359 158	373 744	424 583
Vestre Slidre	276 277	284 375	267 709	282 350	422 359	466 618
Sør-Aurdal	290 066	295 502	300 846	293 554	335 986	352 519
Øystre Slidre	306 958	308 170	325 447	342 159	355 789	481 742
Nord-Aurdal	448 354	415 309	427 643	456 113	477 812	552 436

Lønnsutgifter pr kommunalt årsverk ekskl. fravær, pleie og omsorg, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	619 012	628 086	709 255	719 312	815 910	656 484
Kostragruppe 06	612 560	610 178	672 728	640 571	676 968	677 627
Etnedal	791 523	739 553	827 799	598 991	665 151	663 762
Vestre Slidre	489 419	533 999	492 791	477 522	726 440	666 591
Sør-Aurdal	537 001	534 739	642 749	569 660	605 435	618 819
Øystre Slidre	582 960	625 580	632 647	734 893	755 287	795 456
Nord-Aurdal	593 441	581 592	654 475	673 500	710 865	657 203

Pleie- og omsorgstenester er eit område som skil seg litt ut for Vang kommune. Vi er for eksempel kåra til nest beste kommune i kommunal rapport sitt kommunebarometer. Om vi ser på tabell 1 så ligg netto driftsutgifa til Vang kommune ca. 18% over kommunar som er ganske like oss sjølv og 28,5% over gjennomsnittet i Valdres.

Det kan med andre ord sjå ut som Vang kommune brukar særst mykje peng på pleie og omsorg. Om vi derimot ser litt nærmare på tala og brukar det korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av kommunale pleie- og omsorgstenester så får vi eit litt anna bilet. Her ser vi at Vang kommune ligg mitt på treet der Nord-Aurdal, Øystre Slidre og Vestre Slidre alle har høgre driftsutgifter enn Vang. Om vi i tillegg ser på tabell 3 som seier den at lønnsutgifa til Vang kommune til pleie- og omsorgstenesta er bare slått av Sør-Aurdal. Dei er til og med



lægre enn gjennomsnittet i Noreg (749 418 kroner). Så Vang kommune bruker ikkje meir på pleie og omsorg enn dei vi kan samanlikne oss med.

Det vi kanskje kan konkludere med her er at Vang kommune får langt mindre i inntekter på pleie- og omsorgstenestene sine. Om dette gjeld salsinntekter eller refusjonar veit vi ikkje, men det bør vere eit område å ein bør sjå på.

Barnevern

Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251 og 252) per barn i barnevernet, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	85 810	86 667	110 708	84 615	92 585	186 711
Kostragruppe 06						
Etnedal	107 650	124 929	124 250	120 375	83 345	108 138
Vestre Slidre	102 231	97 953	116 289	85 717	84 375	112 104
Sør-Aurdal	51 333	66 900	102 644	112 560	138 841	143 524
Øystre Slidre	83 394	99 233	122 458	137 000	131 618	136 732
Nord-Aurdal	128 519	116 893	121 989	131 287	148 591	154 991

Det er vanskelig å samanlikne Barnevernet med andre kommunar i Valdres då det er bare Vang kommune som har eit bufellesskap for einslige mindreårige. Bufellesskapet starta opp i sumaren 2016 og hadde første drift år i 2017. Dette kan ein sjå tydelig i tala.

Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang			51 250		310 667	710 000
Kostragruppe 06						
Etnedal		81 429				269 250
Vestre Slidre		427 400	318 143	378 500	311 714	467 800
Sør-Aurdal		94 769	217 889	388 200	238 111	308 333
Øystre Slidre		78 417		385 571	493 200	339 625
Nord-Aurdal		185 400	293 818	348 190	406 870	463 440

Funksjon 252 kan knytte 90% av utgifta til bufellesskapet for einlige mindreårige, og vi kan her sjå at vi har utgifter på 710 000 kroner per born i 2017 ei oppgang frå 310 000 kroner i 2016. Vang kommune hadde derimot ein rekordstor utgift i 2017 som knytt seg barnevern tiltak som ikkje gjaldt bufellesskapet. Så det har blitt meir å gjere for barnevernet i Vang kommune.

Sosialtenesta

Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	24 342	18 050	33 027	35 857	31 414	22 205
Kostragruppe 06						
Etnedal	21 000	26 960	33 549	31 537	39 367	46 864
Vestre Slidre	0	0	0	0	0	42 656
Sør-Aurdal	22 976	24 408	33 360	33 441	39 124	35 731
Øystre Slidre	13 622	35 367	36 738	36 000	36 989	36 505
Nord-Aurdal	38 488	24 988	27 684	32 801	34 455	36 930



Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	984	808	1 289	1 487	1 024	786
Kostragruppe 06	1 179	1 361	1 682	1 906	2 258	2 546
Etnedal	1 563	1 925	2 312	2 344	2 811	3 619
Vestre Slidre	1 813	2 228	1 874	2 270	2 964	2 376
Sør-Aurdal	1 334	1 457	2 001	2 146	2 066	2 079
Øystre Slidre	1 330	1 012	1 234	2 170	1 889	2 223
Nord-Aurdal	1 480	1 758	2 071	2 116	2 372	2 496

Sosialhjelppsmottakere						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	38	40	37	42	29	44
Kostragruppe 06						
Etnedal	39	50	51	41	49	44
Vestre Slidre	76	73	76	90	91	96
Sør-Aurdal	84	98	100	111	89	93
Øystre Slidre	90	90	84	85	88	93
Nord-Aurdal	123	242	291	282	288	256

Som vi kan sjå av tabellane ovanfor så er Vang kommune svært heldig stilt i høve til resten av Valdres når det kjem til sosialtenesta. Utgifta er godt under resten av Valdres sjølv om talet på mottakarar har auka frå 2016 til 2017 for Vang kommune.

Samlet stønadssum (bidrag + lån)						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	967 588	728 400	1 248 982	1 515 908	989 490	1 079 061
Kostragruppe 06			1 288 873			
Etnedal	826 246	1 320 415	1 651 427	1 263 248	1 804 113	1 879 280
Vestre Slidre	2 095 509	2 625 345	1 918 079	2 890 154	4 284 921	4 133 347
Sør-Aurdal	2 059 797	2 751 416	3 382 551	3 680 030	3 451 506	3 185 903
Øystre Slidre	2 693 600	3 273 116	3 163 861	3 225 395	3 359 444	3 353 611
Nord-Aurdal	3 000 383	6 552 001	8 790 281	9 521 710	10 418 717	9 398 393

Om vi ser på utbetaling av stønader så ligg Vang kommune også her i toppen med særslig låge utbetalingar. Dette kan sjølv sagt endra seg fort då ein familie på stønad fort kan koste opp mot ein million i året.

Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	2,3	1,9	3,3	2,7	3,0	2,5
Kostragruppe 06						
Etnedal	3,8	3,9	5,6	2,7	4,5	4,9
Vestre Slidre	3,1	4,3	2,6	3,7	4,1	2,5
Sør-Aurdal	4,4	2,9	3,5	3,0	4,8	3,6
Øystre Slidre	3,1	2,8	2,7	4,2	3,2	2,8
Nord-Aurdal	4,6	3,9	4,2	4,6	4,3	4,3



Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	3,4	3,1	4,1	4,2	3,8	3,7
Kostragruppe 06						
Etnedal	2,8	3,8	3,8	3,6	3,7	4,3
Vestre Slidre	4,5	5,4	3,9	3,9	4,8	4,4
Sør-Aurdal	4,2	4,0	3,7	3,9	4,3	4,2
Øystre Slidre	4,2	5,0	4,9	4,4	4,3	4,3
Nord-Aurdal	4,1	3,7	3,7	4,0	4,2	4,4

Om vi ser på stønadslengda så ser vi att det vi ser i dei andre tabellane. Stønadslengda er kortare innan gruppa for mottakarar mellom 18 – 24 år og dei som er mellom 25 – 66 år.

Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	6	5	11	13	6	9
Kostragruppe 06						
Etnedal	5	12	13	6	13	16
Vestre Slidre	23	29	21	24	30	27
Sør-Aurdal	27	22	26	26	25	26
Øystre Slidre	24	33	29	24	24	26
Nord-Aurdal	40	57	73	80	83	73

Langtids mottakarar som har motteke stønad i 6 månader eller meir liggjar også her låg for Vang kommune sjølv om vi kan sjå ein auke i 2017.

Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	28,9	50,0	43,2	45,2	55,2	47,7
Kostragruppe 06						
Etnedal	41,0	52,0	51,0	56,1	71,4	45,5
Vestre Slidre	22,4	31,5	25,0	27,8	38,5	33,3
Sør-Aurdal	25,0	32,7	31,0	39,6	44,9	44,1
Øystre Slidre	30,0	32,2	36,9	34,1	45,5	31,2
Nord-Aurdal	13,8	35,1	37,1	37,6	38,9	41,8

Og om vi ser på tale på mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektsskilde så får vi eit litt anna bilet. Her ligg Vang kommune på topp med 47,7 % av alle mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde.

Det vi kan seie ut ifrå tabellane ovanfor er at Vang kommune er heldige/dyktige i at bruk av sosialtenesta er lav, når nokon så først treng sosialtenesta så er dei ikkje der så lenge og når nokon treng hjelp i frå sosialtesta så er det nesten halvparten som vil ha stønaden som hovudinntekt.

Vang kommune vil være sårbar for større endringar og vi er avhengig av at innbyggjarane kjem seg ut i arbeid. Det skal ikkje så mykje til før ein kan sjå ein dobling i utgifta dersom nokon få mistar jobben og ikkje får seg ein ny innan kort tid.



Landbruk

Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 747	1 248	1 705	2 210	1 906	1 896
Kostragruppe 06						
Etnedal	458	217	604	598	631	881
Vestre Slidre	2 116	1 427	1 901	2 058	1 955	2 079
Sør-Aurdal	1 258	1 224	1 189	925	1 053	1 020
Øystre Slidre	1 604	1 638	1 565	1 607	1 962	1 777
Nord-Aurdal	1 434	1 294	1 412	1 311	1 427	1 588

Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så ligg Vang kommune og Vestre Slidre på topp i Valdres innan ressursbruk til landbruket.

Jordbruksareal i drift						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	18 922	18 916	18 010	17 358	17 352	
Kostragruppe 06						
Etnedal	15 929	15 929	15 477	15 892	15 450	
Vestre Slidre	28 406	28 602	26 242	26 283	25 897	
Sør-Aurdal	21 493	21 484	21 640	21 266	20 966	
Øystre Slidre	26 240	26 243	26 337	26 707	26 727	
Nord-Aurdal	36 097	36 550	33 209	33 677	33 280	

Jordbruksbedrifter						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	123	123	117	113	108	
Kostragruppe 06						
Etnedal	79	79	73	64	60	
Vestre Slidre	179	180	172	161	152	
Sør-Aurdal	127	127	120	112	108	
Øystre Slidre	166	165	161	162	154	
Nord-Aurdal	204	208	206	195	191	

Om vi ser på utvikling innan jordbruket i Vang så har talet på bedrifter gått ned og jordbruksarealet går ned. Det er ikkje kome nokon tal for 2017 i skrivande stund, så det er ikkje mulig å seie noko om nedgangen i jordbruksarealet har stoppa opp som den kan sjå ut som i 2016.

Plan- og byggesak

Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter , konsern					
Kommune	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1,98	2,22	1,63	2,08	2,46
Kostragruppe 06	1,28	1,38	1,32	1,29	1,14
Etnedal	2,86	2,72	1,94	2,96	1,70
Vestre Slidre	1,47	0,88	0,70	1,14	0,76
Sør-Aurdal	1,12	1,10	1,22	1,39	1,54
Øystre Slidre	2,21	-0,36	2,01	-0,65	-0,44
Nord-Aurdal	1,36	1,31	1,14	1,13	1,02



Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø per innbygger., konsern

Kommune	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 403	1 651	1 199	1 575	2 072
Kostragruppe 06	975	1 082	1 068	1 082	1 003
Etnedal	1 913	1 994	1 538	2 481	1 592
Vestre Slidre	867	585	479	805	529
Sør-Aurdal	687	726	793	930	1 085
Øystre Slidre	1 220	-209	1 166	-391	-288
Nord-Aurdal	654	679	635	669	625

Som vi kan sjå av tabellane ovanfor så har Vang kommune auka satsinga innan Teknisk etat. Vang kommune er den som brukar mest på dette området i Valdres, og vi ligg ca. 100% over bruken i kommunar vi er like.

Netto driftsutgifter til plan/kart/bygg per innbygger. Konsern. Kroner

Kommune	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 148	1 377	865	1 122	1 668
Kostragruppe 06	682	709	708	745	694
Etnedal	1 376	1 609	1 354	1 488	1 001
Vestre Slidre	629	459	457	755	446
Sør-Aurdal	671	743	799	934	1 089
Øystre Slidre	-147	-257	1 124	-478	-371
Nord-Aurdal	450	440	380	380	388

Ser vi på dei største områda plan/kart og bygg så kjem satsinga tydlig fram då vi brukar lang meir enn dei fleste vi kan samanlikne oss med. Årsaka til denne opp bemanninga er å få fortgang i kommunedelplanar og alle private reguleringsplanar.

Eigedom forvaltning

Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	11 260	9 383	10 179	9 164	9 479	12 636
Kostragruppe 06	7 286	7 449	7 841	7 829	8 328	9 055
Etnedal	6 631	6 126	8 158	7 824	8 167	8 232
Vestre Slidre	4 223	4 029	4 231	3 739	2 041	4 362
Sør-Aurdal	4 731	5 225	5 072	4 880	5 185	5 602
Øystre Slidre	5 191	5 008	5 572	5 787	6 188	7 684
Nord-Aurdal	3 348	3 382	3 412	3 449	3 366	3 844

Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så nyttar Vang kommune mykje ressursar på sin eigedomsmasse. Totalt bruker vi 12 636 kroner per innbyggjar på å drifta og vedlikehalde eigedomsmassen. Dette er 80% meir enn snittet i Valdres.

Samlet areal på formålsbyggene kommunen eier i kvadratmeter per innbygger, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	10,3	10,2	10,1	10,5	10,5	11,3
Kostragruppe 06	9,3	9,4	9,4	9,7	9,3	19,5
Etnedal	9,2	9,1	9,2	9,8	9,2	9,7
Vestre Slidre	4,7	4,9	4,9	4,9	4,5	4,5
Sør-Aurdal	8,0	5,5	7,0	6,6	6,6	
Øystre Slidre	4,8	4,8	4,9	5,4	5,4	5,4
Nord-Aurdal	5,2	4,2	4,7	3,8	3,8	3,4

Ein av grunnane til at vi ligg så høgt i forhold til resten av Valdres er at Vang kommune eiger særskilt mykje eigedom i høve til resten. Vang kommune eiger 11,3 kvadratmeter eigedom for kvar innbyggjar, noko som er 64% over snittet i Valdres.



Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter., konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	1 142	935	1 023	937	966	1 158
Kostragruppe 06	806	821	858	861	920	481
Etnedal	762	837	892	900	988	941
Vestre Slidre	904	896	852	894	600	1 078
Sør-Aurdal	657	1 030	798	907	928	
Øystre Slidre	1 111	1 051	1 171	1 152	1 278	1 526
Nord-Aurdal	696	846	773	1 153	1 213	1 279

Om vi ser på kostnadene per kvadratmeter så ligger Vang kommune på tredje plass i Valdres, slått av Øystre Slidre og Nord-Aurdal. Hoppet frå 2016 til 2017 heng saman med ferdigstillinga av Vangshallen.

Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	157	46	101	50	30	24
Kostragruppe 06	71	94	82	85	76	36
Etnedal	93	70	66	75	43	76
Vestre Slidre	63	72	59	64	49	73
Sør-Aurdal	46	108	59	54	64	
Øystre Slidre	133	101	93	66	49	171
Nord-Aurdal	39	50	30	38	68	97

Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så har vang kommunen særslåge vedlikehaldsutgifter dei siste åra. Landsgjennomsnittet ligger på 113 kroner og om vi tar bort Oslo så er summer 103 kroner per kvadratmeter. Rundt 100 kroner kvadratmeteren er nok det Vang kommune i snitt bør bruke på vedlikehald, så ei firedobling av vedlikehaldsutgiftene er nok ikkje ein usannsynlighet i nær framtid.

Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	746	647	679	647	635	601
Kostragruppe 06	501	456	492	491	536	263
Etnedal	375	434	489	477	533	457
Vestre Slidre	693	675	641	640	290	619
Sør-Aurdal	484	730	512	623	590	
Øystre Slidre	629	591	701	680	712	805
Nord-Aurdal	500	603	486	832	699	734

Herav utgifter til renholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning, per kvadratmeter, konsern

Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang		232	217	195	178	190
Kostragruppe 06		95	127	139	156	84
Etnedal		127	185	179	152	122
Vestre Slidre		183	180	166	64	170
Sør-Aurdal		204	168	183	177	
Øystre Slidre		184	190	154	211	215
Nord-Aurdal		188	167	249	226	210



Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter, konsern						
Kommune	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Vang	162	103	92	92	113	97
Kostragruppe 06	129	123	118	112	120	58
Etnedal	120	136	113	112	121	120
Vestre Slidre	152	131	99	140	68	140
Sør-Aurdal	127	175	115	136	147	
Øystre Slidre	150	144	170	175	187	199
Nord-Aurdal	126	162	108	160	149	174

Om vi ser nærmare på driftsaktivitetane knytt til eigedomsmassen så brukar Vang kommune ca. 600 kroner i året per kvadratmeter. Desse kostnadene gjeld vaktmeistertenester, reinhaldstenester, og straumutgifter. Vi kan sjå at utgifta gjekk ned i 2017, dette grunna auken i eigedomsmassen utan at ressursbruken gjekk opp like mykje. Etnedal er den kommunen som skil seg ut med eit særslig nivå.

Om vi ser på reinhaldsbiten så ligg Vang kommune på tredje plass i høve til ressursbruk på dette området i Valdres. Vang er og den kommunen som brukar minst ressursar på straum i Valdres, noko som er naturlig då vi kjøper krafta til kostpris.



Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2, 2. setning:

Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Forsvarleg kontroll av den kommunale verksemda inneber m.a. gode reglement og rutinar, og god oppfølging og etterkontroll av desse. Statlege tilsyn fungerer som korrektiv og gjev tilbakemeldingar om eigenkontrollen er tilstrekkeleg.

Kartlegging av muleg risiko er viktig for å vurdere kva som er tilstrekkelege tiltak/middel for å oppnå god kontroll. På dette området bidreg også revisjonen med innspel og undersøkingar.

Det vil føre for langt å ramse opp alle reglement og rutinar som bidreg til kontroll av den administrative verksemda, men særleg viktig er:

Fast praksis for utarbeiding av budsjett og budsjettkontroll: Eit viktig styringsdokument kom til her ved at kommunestyret i sak K- 44 i møte 24.09.14 vedtok nytt økonomireglement. Det kan her også visast til at kommunestyret i sak K-52 i møte 22.09.2016 behandla og vedtok delegeringsreglement.

Internkontroll for informasjonssikkerheit godkjent av Datatilsynet. Dette er revidert i 2017.

Omfattande internkontrollsysten for helse- miljø- og sikkerheit kvalitetssikra av bedrifts- helsetenesta. Systemet vart i 2013 lagt fram for Arbeidstilsynet utan merknadeller avvik.

Internkontrollsysten knytt til ulike særlover og føresegner.

Rådmannen sine faste møte med etatssjefar og avdelingsleiarar for oppfølging og kontroll. Etatssjefane må frå 2016 melde til rådmannen status for etaten ift. om lover, føresegner er følgt opp. Dette gjeld også nye lovpalagde oppgåver som er komet til.

Arbeidet med å etablere god nok kontroll av den kommunale verksemda er sett på dagsorden som eit prioritert slik dette går fram av økonomiplandokumentet. Internkontroll er vidare jamt tema på leiarmøter.



Etisk Standard

For å bidra til høg etisk standard i Vang kommune legg rådmannen vekt på:

Følgje signala som ligg i kommunen sine etiske retningslinjer.

Følgje opp kommunen sitt arbeidsreglement, spesielt om verdiar og haldningar.

Vera open for varsling og god ivaretaking av dei som vil varsle etter kommunen sitt reglement.

Byggje opp høg integritet både for seg sjølv og andre toppleiarar i kommunen.

Rådmannen set misleg framferd på dagsorden i leiargruppa si og i fellesmøte med tillitsvalde både for å ha aktsemd på at dette kan skje også i Vang, og å gje signal via etatsleiarane og tillitsvalde om at mislege handlingar ikkje vil bli akseptert av øvste kommuneleiing.



Likestilling og likebehandling

Likestillingslova § 1:

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av kjønn. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners stilling.*»

Diskriminerings- og tilgiengelova § 1:

«*Lovens formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer: a) likeverd, b) like muligheter og rettigheter, c) tilgjengelighet og d) tilrettelegging. Loven skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemmede barrierer og hindre at nye skapes.*»

Gjennomførte medarbeidarundersøkingar tyder klart på at tilstanden er svært positiv og integrerande både for likestilling og for å hindre diskriminering.

Vang kommune har jamt over nyare bygg som er godt tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan skuldast høg fokus på temaet i planlegginga ved at byggjekomitear alltid har med ein representant for menneske med nedsett funksjonsevne. For byggeprosjekt med oppstart etter september 2016, gjeld imidlertid «Retningsliner for prosjektstyring i Vang kommune», vedteke i sak K-33 i møte 24.06.2016. Men også her blir dei ulike interessene høyrde i planleggingsfasen.

Vang kommune har ikkje sett i verk konkrete tiltak for å rekruttere personar ut frå kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Kommunen har heller ikkje særskilde verkemiddel eller planar om å ta i bruk slike for aktivt å fremje eller hindre forskjellsbehandling grunna kjønn, etnisk opphav eller funksjonsevne. Dette er spørsmål om prioritering i høve til andre oppgåver.

Lønspolitiske retningsliner, vedteke av kommunestyret i 2005 (revidert i 2014), omtalar likeløn: *Løn skal fastsetjast utan omsyn til kjønn. Det skal vera lik løn for arbeid av lik verdi og likestilling mellom kvinner og menn. Lønspolitikken skal bidra til at dette blir oppnådd.*

Deltid er i all hovudsak knytt til turnusarbeid på kvinnedominerte arbeidsplassar.

Likestilling blir frå tid til anna drøfta i rådmannen si leiargruppe, og i møte med tillitsvalde. Vang kommune har ei stor utfordring i å rekruttere fleire menn til kvinnedominerte yrke innan helse, pleie og omsorg, barnehage og skule.

Innan helse, pleie og omsorg og delvis i barnehagane er det ein del ufaglærte arbeids- takrar. Arbeidsgjevar er positiv til at tilsette tek utdanning, og gir støtte og legg til rette når tilsette har behov for permisjon til studiar og praksisplass.

Auka lønsforskjellar mellom typiske kvinneyrke med høgskule (t.d. sjukepleiar, vernepleiar og førskulelærar) og ingeniarar er ei ny utfordring. Denne lønsforskjellen har auka etter inn- føring av nytt forhandlingssystem, og er i liten grad mogleg å endra lokalt. For å rekruttere høgskulegruppene i åra framover er det behov for auka fokus på dette i dei sentrale tariffor-handlingane.

I kommunen var det 274 tilsette (fast tilsette og vikarar) pr. 31.12.2017; derav 216 kvinner (79 %) og 58 menn (21 %). Tilkallingsvikarar kjem i tillegg til dette antallet.

I 2017 hadde kvinner eit gjennomsnittleg sjukefråvær på 9,4 % og menn på 5,1 %.

I kommunestyret er 4 av 17 representantar (24 %) kvinner, og i formannskapet 2 av 5 representantar (40 %). Ved val til styre, råd og utval rettar kommunen seg etter gjeldande reglar i kommunelova og likestillingslova.



Aldersfordeling tilsette pr. 31.12.17

Alder	Personer 2017	%-fordeling 2017
opp til 25 år	16	5,8
25-29 år	18	6,7
30-34 år	32	11,6
35-39 år	16	5,8
40-44 år	35	12,8
45-49 år	37	13,5
50-54 år	38	13,9
55-59 år	34	12,4
Frå 60 år	48	17,5
Totalt	274	100

Stillingsstorlek tilsette pr. 31.12.17

Storlek	Personer 2017	%-fordeling 2017
mindre enn 20%	24	8,8
20-49%	34	12,4
50-74%	59	21,5
75-99%	73	26,7
100 %	84	30,6
Totalt	274	100

Gjennomsnittsløn, stillingsprosent og alder, for 2017
(K=kvinner, M=menn, T=totalt)

Gruppe	Gjennomsnitt		
	Lønn	Stillings-%	Alder
	2017	2017	2017
Rådmannen med leiar-gruppe	K	735 000	100
	M	717 250	100
	T	720 800	100
Mellomleiarar	K	602 300	94
	M	601 333	98
	T	602 076	95
Høgskuleutdanna	K	497 825	81
	M	546 923	95
	T	510 099	84
Pedagogisk Personale	K	521 035	86
	M	467 434	80
	T	513 378	85
Fagarbeidrarar oa. på fagarbeidarnivå	K	406 206	72
	M	406 728	72
	T	406 282	72
Ufaglærte	K	364 784	47
	M	359 700	47
	T	363 455	47

Gjennomsnittsløn og stillingsprosent i heile organisasjonen 2017

Kjønn	Gj.snitt årsłøn	Gj.snitt stillings%
Kvinner	443 282	71,5
Menn	465 719	74,5
Totalt	448 032	72,0



Styre, råd og utval

		2016	2017
Kommunestyret			
Ordførar Vidar Eltun (AP)	Møte	9	7
Varaordførar Leif Solemsli (Bygdelista)	Saker	77	74
Formannskapet			
	Møte	8	9
	Saker	53	43
Administrasjonsutvalet			
	Møte	2	2
	Saker	4	6
Arbeidsmiljøutvalet			
	Møte	2	2
	Saker	5	6
Hovudutval for levekår			
Leiar Ove Martin Stende (AP)	Møte	5	6
	Saker	19	22
Hovudutval for Utvikling			
Leiar Grete Aashem (AP)	Møte	7	7
	Saker	74	97
Kontrollutvalet			
Leiar Bjørn Bjørneseth (AP)	Møte		3
	Saker		17
Eldrerådet			
Leiar Magnor Wigdel	Møte	6	6
	Saker	14	12
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne			
Leiar Derk Stegne	Møte	3	4
	Saker	11	13

Administrativ leiar: Rådmann Reidar Thune



Rådmannskontoret

Målsetjingar

Rådmannskontoret skal arbeide for å gje god service til innbyggjarar og brukarar, nytte ressursane godt, planleggje og handle i tråd lov- og avtaleverk og ift. økonomiske realitetar og politiske vedtak.

Hovudarbeidsområde


Administrasjon, planlegging, personal, næringsutvikling, fellesnester, kyrkjeleg fellesråd og interkommunale samarbeid: IKT, skatteinnkrevjing og revisjon. Særleg oppfølging knytt til etablering av Valdres brann og redningsvesen IKS.

Talet på tilsette (utanom interkommunale samarbeid og kyrkje) var 11 personar i 2017. Dette utgjorde 10,2 årsverk og er uendra i høve til 2016.

Økonomi

Ansvar 100-103		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				Kr	%
Driftsdel	Utgifter	22 555 345	22 088 500	466 845	2,11 %
	Inntekter	-145 786 886	-143 359 000	-2 427 886	1,69 %
	Brutto driftsutgifter	-123 231 541	-121 270 500	-1 961 041	1,62 %
Investeringsdel	Utgifter	2 156 941			
	Inntekter	-2 198 838			
	Netto investeringsutgifter	-41 897			

Netto driftsutgifter 2017					
Overføringsutgifter	31 %			Løn og sosiale utgifter	33 %
Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	22 %			Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	14 %




Rådmannskontoret har eit overforbruk på 2,1% som gjeld tap på fordringar (i all hovudsak knytt til kommunale gebyr) som ble tapsført i 2017. Dette var fordringar som er forelda og som difor vi ikkje lenger kan krevja inn. Totalt utgjorde dette 593 000 kroner. Det er satt i gang tiltak for å redusera framtidige tap. Dei største tiltaka er at Kredinor no er innkrevjar frå første purring og Vang kommune sender ikkje lenger ut fakturaer som ikkje skal betalast i høve til forfallsdato.

På inntektssida så enda rådmannskontoret opp med meirinntekter på 2,4 millionar kroner der sjukelønsrefusjonar står for 130 tusen, rammetilskot/skatt enda med ein meirinntekt på 1,4 millionar og konsesjonskraftinntekter fikk 800 tusen meir enn budsjettet.



Løn og sosiale utgifter utgjør 33% av utgiftene til rådmannskontoret i 2017, ein oppgang frå 29% i 2016. Årsaka til hoppet ligg i at gruppeliv for heile Vang kommune blir no ført på rådmannskontoret. Varer og tenesteforbruket auka frå 13% til 14% utgjorde ein auke på 10% frå 2016 til 2017. Her er det nok ein gong forsikringar som er den forklarande faktor då alle forsikringar blir ført på rådmannskontoret frå 2017.



Utgifta til rådmannkontoret auka i snitt med 6,2 prosent frå 2016 til 2017 frå ca. 21,2 millionar kroner til ca. 22,6 millionar. Utgiftsauken var planlagd og budsjettert, heng saman med flytting av forsikring og pensjon postar frå etatane til rådmannskontoret. Totalt forklarar flyttingen 780 tusen kroner, eller 3,7% av auken, noko som tilseier at utgiftsauka til rådmannskontoret utanom flytting av kostnader var på 2,5% der tapsføringane stod for heile auken.

Inntekta til rådmannskontoret auka derimot marginalt med 0,85% frå 2016 til 2017 og er forklara ovanfor.

Informasjon

Vang kommune si heimeside: www.vang.kommune.no som også har link frå **heimesida**

www.vangivaldres.no

Overføring av kommunestyremøta i Valdres Radio

Informasjon i Menighetsbladet

Informasjon og tilbod om oppfølging til innflyttarar. Samarbeid med Innovasjon SA

Årsmeldingar frå og med 2013 blir lagt ut på kommunen si heimside. Dei som spør om det kan få meldinga i papirversjon.

Møte etter behov med Tyin-Filefjell Hytte Forum for felles utveksling avinformasjon.

Næringsutvikling

Kommunestyret vedtok i sak K- 63 i møte 18.desember 2014 ny tilskotsordning,

«næringsstipend» til fyrste gongs unge etablerarar i Vang. Det er formannskapet som fattar vedtak i desse sakene. Nærare om ordninga ligg på kommunen si heimeside. Det vart utbetalt 1 stipend i 2017 (10.000kr).



For 2017 var det løyvd 2,72 mill. kr i tilskotsmidlar, med følgjande øyremarking: Innovasjon SA:

Tilskot til innovasjonsminister og	
Næringsutviklar	1 300 000 kr
Næringsutvikling	887 000 "
Visit Valdres	175 000 "
Valdres Destinasjon	175 000 "
Løypetilskot	185 000 "

Næringsutvikling

Det vart gjeve bare utbetalt 887 tusen kroner i næringsutvikling i 2017 fordelt slik:

Industrivekst Vang	194 000 kr
Ala Kraftverk	54 000 kr
Kongeveg bedrifter (2 tilskot)	120 000 kr
Romslo Mekaniske	203 000 kr
Tyin Lam	115 000 kr
Kongevegen	16 000 kr
Beitgeit	75 000 kr
Joker Tyinkrysset	65 000 kr
Huga på gard	45 000 kr
TOTAL	887 000 kr

Moment i næringsarbeidet

Personleg kontakt med folk som vender seg til kommunen og rask saksbehandling. God dialog og samhandling med lokal bank.

Samarbeid med Valdres Næringshage, Valdres Natur- og Kulturpark, Innovasjon Norge, Oppland fylkeskommune og Visit Valdres.

Samarbeid og kontakt med Innovasjon SA, og deltaking på deira arrangement:

Dette er særskilt viktig av di mesteparten av løyvinga til næringsføremål frå 2012 - 2015 er omdisponert nettopp til Innovasjon SA. I tråd med føresetnadene ved siste behandling av søknaden deira om tilskot skal selskapet fungere som rådgjevar for kommunen i næringssaker.

Innovasjon SA rapporterer særskilt kvart halvår til kommunestyret.



Personal

Avdelinga har overordna ansvar for at personalarbeidet skjer i tråd med lov- og avtaleverk. Saksbehandling, arbeidsgjevarfunksjonar, rettleiing og rådgjeving for etatane og avdelingane er sentrale oppgåver.

I tariffsamanheng var det mellomoppgjer i 2017. Årslønsvekst frå 2016 – 2017 i kap. 4 var rekna til 2,4 %. Generelle tillegg og nye minstelønssatsar tok til å gjelde frå 01.juli 2017. Det var satt av 0,9 % til lokale forhandlingar for kap. 4, med verknad frå 01.august 2017. Lokale forhandlingar i kap.4 vart gjennomført i september 2017.

Lokale lønsforhandlingar for tilsette i kap.3 og 5 vert gjennomført årleg, med verknad frå 01.mai.

Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HaVa BHT) er ein viktig samarbeidspartner m.a. ved oppfølging av sjukmelde, og deltek i dialogmøte ved behov. Det blir utarbeidd aktivitetsplan for bedriftshelsetenesta kvart år.

I 2017 har det vore særlig fokus på arbeid med sjukefråvær. Det har blitt gjennomført personalmøter på fleire avdelingar saman med bedriftshelsetenesta og IA-rådgjevar. Det har også vore gjennomført samtalar med enkeltindivid.

Det har òg vore eit fokus på fysisk arbeidsmiljø, med arbeidsplassvurderingar, radonmåling og støymåling, på aktuelle avdelingar. Bedriftshelsetenesta vart nytta 89 timer i 2017, der 80 av timane er kontraktsfesta.

NAV Arbeidslivssenteret er òg ein viktig samarbeidspartnerar.

I desember 2016 vart det utarbeida vidare lokal handlingsplan om Inkluderande Arbeidsliv (IA) for perioda 01.01.17 – 31.12.2018. Avtala vart vedtatt av Arbeidsmiljøutvalet.

Handlingsplan for IA er eit godt verktøy i sjukefråværs- arbeidet. Å følgje opp rutinane for sjukefråvær og inkluderande arbeidsliv, aktiv senior- politikk og inkludering av arbeidstakarar med redusert funksjonsevne er prioriterte oppgåver.



Sjukefråvær

I 2017 var sjukefråværet på 8,4 %, ei auke på 0,5 frå året før. Samanlikna med målsettinga om at 95 % av dei tilsette skal vera på arbeid til ei kvar tid, bør sjukefråværssarbeid ha vidare fokus.

Samstundes er det positivt at korttidsfråværet (fråvær under 16 dagar) har gått gradvis nedover kvart år, og endar i 2017 på berre 1,3 %.

Sjukefråvær Vang kommune	
2017	8,4 %
2016	7,9 %
2015	7,3 %
2014	6,2 %
2013	7,0 %

Sjukefråvær pr. etat	
Rådmannskontoret	0,5 %
Etat for Skule og kultur	6,9 %
Etat for Helse og omsorg	8,1 %
Etat for Teknisk og landbruk	5,1 %
2013	1,0 %
2014	1,2 %
2015	2,4 %
2016	4,6 %
2017	7,9 %
2013	5,1 %
2014	4,2 %
2015	8,7 %
2016	11,8 %
2017	10,1 %
2013	7,1 %
2014	4,2 %
2015	4,7 %
2016	
2017	

Korttidsjukerfråvær vs. Langtidsfråvær Vang kommune

	1-16 dagar	>=17dagar	Total %
2017	1,3 %	7,1 %	8,4 %
2016	2,2 %	5,7 %	7,9 %
2015	3,4 %	3,9 %	7,3 %
2014	3,2 %	3,0 %	6,2 %
2013	3,4 %	3,6 %	7,0 %

Ved behov for tilrettelegging i ein gitt periode kan det vera ei utfordring å finne alternativt arbeid eller byte av arbeidsplass i ein liten kommune som Vang. Det er viktig at andre tilsette har ei positiv haldning til å ta ei ekstra belastning når tilsette har behov for tilrettelagt arbeid.

HMS-opplegg er på plass på alle nivå. Det blir gjennomført vernerundar i samband med HMS i dei aktuelle verneområda. Vi nyttar «Kvalitetslosen» som er eit system for avviks-behandling, ROS-analyse, kvalitetssikring og dokumentarkiv over alle reglement og retningslinjer.

I desember 2017 vart 8 tilsette bedne inn til ei markering for 25 år i Vang kommune si teneste, med middag og gåveutdeling på Sørre Hemsing.

Eldrerådet

Vang eldreråd har i valperioden 2016-19 desse medlemmene: Magnor Wigdel, Inger Solveig Bøe, Boye Thorpe, Marie Borlaug, Inga Steile, Ove Martin Stende og Anne Lajord Belsheim.

Viser til eldrerådet si årsmelding for vidare informasjon.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

For valperioden 2016-19 er Derk Stegwee vald som leiar og Rita Berge som nestleiar. Visar til deira årsmelding for vidare informasjon.



Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, og skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvala i Valdres samarbeider tett og med revisjonen for å prioritere tilegjenge- lege kontroll- og tilsynsressursar gjennom Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal.

Gjennom felles kontrollutvalsmøte vurderer utvala kontroll- og tilsynsbehovet ut frå risiko og kva som er vesentleg for Valdreskommunane samla.

Eiga årsmelding for kontrollutvalet blir lagt fram for kommunestyret som referatsak kvart år.



Oppvekst, kultur og integrering

Etatssjef: Tommy-René Stordal

Målsetjingar

Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.

Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.

Innafor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplev personleg og fagleg utvikling.

Innafor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskapning.

Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetttrammer.

Hovudarbeidsområde

Grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, allment kulturarbeid, kulturvern, barne- og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv, natur- og kulturbasert reiseliv, koordinering av kommunalt miljøvernarbeid, motorferdsel i utmark og drift av Vang læringscenter med flyktningsteneste og vaksenopplæring.


Talet på tilsette i 2017 var 121 + 6 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 73 årsverk.

Økonomi


		Ansvar 200-290 Rekneskap	Regulert	Avvik budsjett	Kr	%
Driftsdel	Utgifter	67 016 140	66 357 000	659 140	0,99	
	Inntekter	-27 553 336	-24 621 000	-2 932 336	11,91	
	Netto driftsutgifter	39 462 804	41 736 000	-2 273 196	-5,45	
Investeringsutgifter		16 256 883				



Driftsutgifter 2017



Utvikling utgifter/inntekter



Vi kan her sjå at utgiftssida til etaten auke med 5,5% frå 2016 til 2017 til 67 millionar kroner. Totalt auka kostnadene til OKI etaten med 6,8 millionar kroner frå 2015 til 2017, noko som kan forklarast med opprettningen av bufellesskapet for einslige mindreårige. Dette tiltaket står for ein totalutgift i perioda på 9,9 millionar kroner der løn er største post på 7,4 millionar kroner. Bufellesskapet hadde første heile driftsår i 2017. Av en utgiftsauke på 3,4 millionar kroner frå 2016 til 2017 står bufellesskapet for 2,3 millionar kroner, resten av etaten hadde då ei auke på 2%.

Den same forklaringa kan vi legge til oppgangen i inntekter for etaten. Bufellesskapet har fått 13,5 millionar kroner i 2016 og 2017 (9 mill i 2017) og står for heile inntektsauken i perioda. Resten av etaten hadde eit fall i inntektene på 3,3 millionar (15,2%) frå 2016 til 2017 til totalt 18,6 millionar. Dette gjeld i all hovudsak flyktningesektoren (2,7 mill.).

Bufellesskapet har ei begrensa varigheit og inntektene reduserast betydelig i 2018.

Budsjettsprekken på 659 tusen kroner gjeld overforbruk på kjøp av varer og tenester der matvarer ugjør 155 tusen kroner og anna forbruksmateriel utgjør 318 tusen. Husleige i forbindelse med introduksjonssenteret (leige av bustad til introduksjonselever) hadde også ein sprekk på 130 000 kroner i høve til budsjett.



Meirinntektene på 2,9 millionar til etaten kan knyttast til auka salsinntekter på 200 tusen kroner, refusjonar på 1,4 millionar der sjukeløn står for 842 tusen og staten 600 tusen kroner, og statlige overføringer knytt til flyktningar på 1,3 millionar.

Oppvekst, kultur- og integreringskontoret

På oppvekst, kultur- og integreringskontoret er det etatssjef, rådgjevar, barnehagekonsulent og kulturkonsulent.

Det er faste leiarmøte for dei tilsette på kontoret saman med rektor VBU, inspektør VBU, kulturskulerektor, barnehagestyrar, biblioteksjef, leiar for frivilligsentralen og leiar for læringssenteret. Dei tillitsvalde deltek på nokre av desse møta.

Medarbeidarsamtaler blir nytta i alle einingar i organisasjonen.

Innafor denne etaten sitt ansvarsområde er det etablert regionale samarbeidsforum for skule, kultur, barnehage, bibliotek, frivilligsentral og kulturskule.

I det følgjande blir det presentert eit redigert utdrag av kvar enkelt eining si årsmelding. Dei fullstendige årsmeldingane er tilgjengeleg på oppvekst, kultur- og integreringskontoret.

Barnehagane i Vang

Barnehagestyrar: Yvonne Mæland Solemsli

Vang har full barnehagedekning. Av dei totalt 61 barna i barnehagane i Vang, følgde 18 skuleåret. Det var 9 barn i Øye barnehage, 34 i Fredheim barnehage og 18 barn i Høre barnehage.

Barnehagane i Vang har ein felles visjon: «Vi løftar barna fram». Den handlar om at alle vaksne i barnehagen skal sjå kvart barn, høyre kvart barn, la kvart barn få utvikle seg sjølv, men med støtte og hjelp av engasjerte og motiverande vaksne.

Barnehagane er i første ledd i utdanninga, kor dei legg til rette for utvikling og positive utfordringar. Dei vaksne har som mål å skapa magiske augneblink saman med barna. Fokuset er å vera anerkjennande, vise glede, ha humor og vera ansvarsbevisste.

I perioden 2016 til 2018 har alle barnehagane i Valdres fokus på eit felles satsingsområde: "Tidlig innsats med språk i fokus". Dette har barnehagen jobba med gjennom blant anna høgtlesing, samtale, språkgruppe, språkløype, refleksjon og evaluering.

I august 2017 kom det ny Rammeplan for barnehagen. Fleire tydelege krav kjem betre fram i den nye, enn den førre. Det er skreve tydeleg kva tilsette skal gjera i barnehagen og i det daglege arbeidet med barna. Implementering av ny rammeplan er viktig for å vidareutvikle barnehagen og heve kompetansen til alle tilsette.

Ståstadsanalysen vart gjennomført i alle barnehagane hausten 2017, og ei ny ståstadsanalyse skal gjennomførast våren 2018. Analysen er gjennomgått i kvar barnehage. Barnehagane sitt uttalte mål når det gjeld analysen, er å ligge på jamt over 80 % og dermed vere i kategorien «Grøn», noko som vil sei at praksis er tilfredsstillande. For barnehagane i Vang er tala fordelt slik:

Fredheim barnehage ligg på 80,1 %

Høre barnehage ligg på 83,0 %

Øye ligg på 76,4 %

Totalt i barnehagane vert det 79,8 % for 2017. Samanlikna med 2016, som då låg på 78,2 har vi dratt 1,6 % auke i positiv retning.

Brukundersøking gjennom Udir.no, for alle føresette, vart gjennomført i november 2017. 36 av 55 føresette svara på undersøkinga, noko som gjer at barnehagane hamna på 65,45 % i høve til deltakinga. Brukarundersøkinga i 2016 viste eit snitt på 3,8, og i 2017 var snittet på 4,2. Høgaste moglege score er 5. Barnehagane ligg no på 4,2 - noko som gjer til at dei ligg over 80



% med tanke på tilfredsheit. Dei utfordringane som kjem til syne og som ein ser krev meir arbeid, vil barnehagane drøfte med dei føresette i kvar enkelt barnehage.

Kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet vart gjennomført i november. Barnehagane har eit godt snitt og totalt ligg dei med eit snitt 8,9 av totalt 10 moglege. (1 er lågaste, 10 er høgaste score). Det gode resultatet syner at dei tilsette er godt nøgde og trivst med sitt arbeid i barnehagane.

Fredheim barnehage: Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til bibliotek, kommunehus, Vang barne- og ungdomsskule og Vangshallen. I 2017 var det fortsatt fokus på satsingsområde «Tidleg innsats med språk i fokus». Barnehagen skal medverke til å utvikle eit rikt og variert talemål/språk. Det viktigaste for barna si språkutvikling, er at dei vaksne tek seg tid til å lytte til det barna har å fortelja, lesa for dei og ha gode og meiningsfulle samtalar.

Årets tema var «Gards- og kulturliv i Vang». Kulturliv og tradisjonar på gardane i Vang vil prege barnehagen sin årplan også i 2018. Kultur og tradisjonar er i endring over tid, og barnehagen vil sjå at livet i Vang har endra seg. Arbeid og livberging var heilt avgjerande, knytt opp mot gardsdrift langt inn imot vår tid.

Åsvang barnehage: Åsvang barnehage var ikkje i drift i 2017.

Øye barnehage: Øye barnehage er ligg lengst vest i kommunen, og hadde i 2017 9 barn i alderen 1-6 år. Barnehageåret 2017/2018 er Øye barnehage stengt fredagar, men det er tilbod om plass i Fredheim barnehage. Barnehagen har ein utedag i veka, og turdagen går til naturskjonne områder. Øye har eit fint uteområde knytt til barnehagen og ein flott lavvo i skogen. I tillegg er det ein strand som er ca. 5 minutt i frå barnehagen. På kalde dagar nyttar barnehagen gymsalen. Øye barnehage har song-samling ein dag i veka. 5-åringane reiser til Fredheim barnehage kvar tysdag, og har femårs klubb saman med sine jamnaldrande. Kvar dag etter mat har barnehagen kvilestund og ungane har ca. 30 min til å slappe av med roleg musikk. Dei tilsette ordnar til varm mat ein dag i veka, og dette er ein dag både små og store likar godt. Det er 4 tilsette i barnehagen.

Høre barnehage: Høre barnehage ligg lengst sør i Vang kommune, og er den største barnehagen i areal. Barnehagen flytta til det tidlegare bygget til Høre skule i 2016, og har funne seg godt til rette her. Barnehagen har i 2017 fungert som éin avdeling, med tilsaman 21 barn mellom 1-6 år.

Tema for barnehageåret blei til i samarbeid med både barn, foreldre og personale. Barnehagen tok utgangspunkt i barna sin interesse for dyr, drøfta med foreldra på foreldremøtet, og kom saman fram til årets tema "Gardsliv på Valdresvis". I Høre barnehage har dei blant anna jobba med Kongevegen, vore på gardsbesøk og plukka potet og bær. I tillegg har små og store vore med på slakting av elg og laga mye tradisjonsmat. Barnehagen har hatt ein fast utedag i veka, og har vore mykje på tur i nærområdet.

Vang barne- og ungdomsskule

Rektor: Tor Nordaas

Hausten 2017 stod heile VBU-anlegget ferdig, med unntak av fotballbane på «den gamle ungdomssida». Elevar og tilsette har funne seg godt til rette og skulen er i normal drift.

Mål: Ved Vang barne- og ungdomsskule jobbar dei i høve til følgjande overordna mål: «Vi ynskjer å vere ein skule der elevane er del i eit trygt og inkluderande miljø, og kjenner meistringskjensle og læringsglede.

Resultatvurdering: På nasjonale prøver har 5. klasse oppnådd desse resultata; engelsk: 45 skalapoeng, lesing: 42 skalapoeng og rekning: 45 skalapoeng. Nasjonalt snitt er alltid 50. Resultata i Vang endrar seg ein del frå år til år, men ein må konkludere med at resultata her er ein del svakare enn det ein kunne ynskle. Det er likevel ein framgang frå året før på alle tre prøvene.



8. trinn hadde i engelsk gjennomsnittleg 47 skalapoeng mot 51 i fjar, lesing 47 mot 49 i fjar og rekning 47 mot 49 i fjar. Dette betyr at skulen i 2017 ligg litt under landsgjennomsnittet, ein liten tilbakegang frå året før.

9. trinn oppnådde 54 skalapoeng i lesing mot 56 i fjar. I rekning oppnådde dei 53 skalapoeng mot 51 i fjar. 9. klassekullet har i lesing utvikla seg 1 skalapoeng betre enn nasjonen sidan 8. klasse, mens dei i rekning har hatt lik utvikling som landsgjennomsnittet.

Ein skal merke seg at små kull gjev stor usikkerheit i resultat samanlikna med store kull. Dette forklarar mykje av svinginga i resultat frå år til år i Vang. Gjennom resultat på nasjonale prøver ser ein likevel ein trend der elevane i Vang har ei betre utvikling gjennom mellomtrinn og ungdomstrinn, samanlikna med utviklinga dei fyrste fire åra.

Avgangskullet i 2017 oppnådde i gjennomsnitt 41 grunnskulepoeng, mot 41,4 for nasjonen. Resultatet er 0,1 betre enn året før, men snittet for nasjonen har auka med 0,2.

Ressurssituasjonen: Elevtalet i Vang har vore i sterk vekst dei siste to åra. Ved skulestart året 2015 starta det 167 elevar. Ved utgangen av 2017 nærma elevtalet seg 200, med nokre svingingar relatert til asylmottaket i Vang. Skulen har ein teoretisk kapasitet for 220 elevar. Dette betyr at mange av klasseromma er så å sei fulle. Fleirspråklege elevar står for om lag 25% av elevmassen. Av desse er det ein stor del flyktningar som har lite eller ingen norskkunnskap når dei startar og ofte også lite skulebakgrunn. Det er også vanleg at dei flyttar vekk frå Vang etter relativt kort tid, mens det kjem nye elevar til. Denne situasjonen har forsterka seg kraftig då mange asylmottak i landet er lagt ned. I tillegg kjem ein del elevar med behov for større tilpassingar i opplæringa eller behov for spesialundervisning.

Det er naudsynt med god lærar- og vaksentettleik for å kunne gje alle elevar god tilpassa undervisning og lukkast med god utvikling for alle. Med bakgrunn i godt arbeid innanfor tilpassa opplæring og god lærar- og vaksentettleik fram til det seinare, har Vang ein liten del elevar med vedtak for spesialundervisning. Det er grunn til å merke seg at dersom ressursane ikkje vert oppretthalde på nivået det har vore, vil dette raskt kunne resultere i ei opptrapping av elevar med rett til spesialundervisning.

Ut frå utviklinga i elevtal og samansetning, og at samla stillingsressurs har vore tilnærma lik sidan skulesamanslåinga må ein vere førebudd på behovet for auke i lærar- og assistentstillingar for å sikre eit godt grunnskuletilbod for alle. Situasjonen med ein langt større del flyktningar som startar og sluttar, gjer at skulen har uttrykt eit behov for å opprette eit introduksjonstilbod for nye elevar.

Kompetanseutvikling: Skulen har hatt tilsette på mellom anna desse kompetansehevande tiltaka:

Skulebasert kompetanseheving i «vurdering for læring» og «lesing i alle fag»

Skulelokala: Skulelokala fremstår som moderne, lyse og trivelege. Klasseromma er for ein stor del oppfylt. Nye spesialrom og fleirbruksrom gjev svært gode mogelegheiter for læring og aktivitet.

Internkontroll og kvalitetssikring: Vang barne- og ungdomsskule har arbeidd med skulebasert utvikling innanfor «lesing i alle fag» og «vurdering for læring», utvikling innanfor Office 365. Skulen opplever at samarbeid og felleskjensle i personalet har utvikla seg positivt etter samanslåinga. Skuleutviklingsprosjekt for alle lærarar der det blir arbeidd mykje på tvers av årssteg er nok ei viktig årsak.

Foreldresamarbeid: Skulen har hatt foreldremøte og konferansar etter vanleg system med felles foreldremøte på starten av skuleåret, og konferansetimar for kvar elev minimum ein gong kvart halvår. For svært mange elevar er kontakten langt hyppigare enn dette. I tillegg har dei ulike organa for samarbeid mellom heim og skule vore samla.

Planar framover: Det viktigaste arbeidet i tida framover blir å arbeide for eit best mogeleg samarbeid i personalet, og styrke læringsmiljøet i klassene. Målet er stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheter hjå elevane. Like viktig er det at elevane trivst og opplever eit godt



miljø på skulen. For å få til dette treng skulen endå betre kunnskap om kvar einskild elev sine utviklingspotensial på ulike område, og kontrollert oppfølging av opplæringa og utviklinga. Testar, kartleggingar og samarbeid mellom faglærarar og med heimen blir viktig. Skulen har starta eit meir systematisk arbeid enn tidlegare, i høve til bruk av resultata frå nasjonale prøver. Dei arbeider også meir systematisk med elevundersøkinga. Vang barne- og ungdomsskule har no gjennomføring av elevundersøkinga både haust og vår, frå 5. til 10. klasse og gjennomfører målretta tiltak mellom gjennomføringane.

Kulturskulen

Rektor: Oddbjørn Skeie

Det var 75 elevplassar i kulturskulen i 2017, noko som er under 50 % av det totale elevtalet (184) i grunnskulen i Vang. Desse elevplassane er fordelt på 58 elevar i grunnskulen, som er 31,4 % av elevtalet. Norsk kulturskuleråd sin målsetting er 30%, så her er kulturskulen over.

Utbygginga på VBU er ferdig, og Vang kulturskule flytta inn i nye lokalar i 2017. Lokala fungerer godt, og mykje har kome på plass.

Dette skuleåret er andre året med «Korps i skulen», og i år er det Odd Arne Erlandsen som er lærar frå kulturskulen. Dette er eit samarbeid mellom korps, grunnskule og kulturskule i Vang. Siri-Gro Solemsli er grunnskulen sin lærar.

I haust måtte kulturskulen legge ned teatergruppa, grunna for lite med elevar. Kulturskulen satsar likevel på nytt framover med Ragnhild Lund som teaterlærar. Dette blir eit tilbod for alle aldersgrupper og undervisninga er knytt opp mot helger.

Vang kulturskule ønsker i framtida å oppretthalde og vidareutvikle sitt kulturskuletilbod.

Vang læringssenter og bufellesskapet Gullringen

Leiar: Erik Martinsen Dalåker

Læringssenteret har ansvar for vaksenopplæring innan norsk og samfunnskunnskap, for i all hovudsak asylsøkarar frå Vang mottakssenter. Desse har to ulike tilbod: Asylnorsk over 175 timer mens dei ventar på behandling av saka si, og rett og plikt til 600 timer norsk og samfunnsfag når dei får opphold i Noreg og ventar på å få tildelt kommune. Samstundes har læringssenteret tilbydd arbeidsinnvandrarar å delta på skulen så lenge det passar for dei med skule på dagtid. Dei ser på dette som ei god løysing, då arbeidsinnvandrar kan delta på ulike nivå. Læringssenteret tilbyr i tillegg arbeidsinnvandrarar å delta på eksamen gratis.

Læringssenteret har ansvar for busetjing etter politisk vedtak, og skal i tillegg organisera introduksjonsprogram for busette flyktningar. Vang kommune fekk i 2017 ingen oppmoding om busetting i 2018, noko som i 2018 vil medføre behov for tenestetilpassing.

Introduksjonsprogrammet går ut på kartlegging, oppfølging og målretta rettleiing mot utdanning eller arbeid.

Introduksjonsprogrammet inneholder 37,5 veketimer, fordelt på norsk, samfunnskunnskap og språkpraksis og heimearbeid i den digitale læringsportalen «Veien inn». Læringssenteret har starta ei gruppe som held på med Fysisk aktivitet og helse. Tilboden inneholder trening, ernæring, treningslære, styrketrening, klatring, symjing, ballspel og diverse uteaktivitet. I 2017 gjekk deltakarar og lærarar Kongevegen frå Neset til Søndrol, padla over Vangsmjøsa og klatra Synshorn via Ferrata. Læringssenteret har eit godt samarbeid med Vang barne- og ungdomsskule om lån av salar og rom til diverse aktivitetar.

Tal på tilsette er 5 lærarar, 2 i 100 prosent og 4 i frå 20 til 70 prosent. Dei sit på god og brei kompetanse innanfor fagfeltet.

Vang læringssenter har mange gode samarbeidspartnarar med seg i det daglege arbeidet. Vang mottakssenter, Vang folkebibliotek, Innovangsjon og Vang Frivilligsentral må nemnast. Elles er det mykje spanande som skjer på tvers av kommunale sektorar som til dømes Integrasjonsforum, Vinjerock, Vårt nabolag-festivalen og ikkje minst læringssenteret sitt eige lille prosjekt med namn VangsRiva. Dette er eit prosjekt kor senteret tilbyr gratis hjelp til folk i



Vang i sommarferien. Dette er eit prosjekt som er med på å inkludere dei vaksne busette innvandrarane med folk i bygda. Innvandrarane får språkpraksis og brukt arbeidsvilja si, og folk i Vang får møtt deltakarane og vert kjent med dei, samstundes som lokalbefolkninga får hjelp med noko dei treng å få gjort. Framover vil senteret fortsette å prioritere god norskundervisning og eit triveleg, positivt senter kor alle har gode mogleheter til å lære norsk og ta eksamen. Læringssenteret tilbyr alle eksamenar som er tilgjengeleg frå Kompetanse Norge 3 gonger i året, mars, juni og desember. Då med skriftleg prøve, lytteprøve, leseprøve og munnleg prøve.

I 2017 har det stort sett vore stabil drift av bufellesskapet. På Gullringen bur det 6 ungdomar som no er 16-17 år.

Gullringen har ein normal familierytmje med mest kvardag, lekser og fritidsaktivitetar. I tillegg har gutane godt fungerande besøksheimar som finn på avbrekk i kvardagen. Av kjekke aktivitetar utanom det vanlege, har Gullringen tatt bilen til Oslo nokre gonger og hatt ein overnattingstur til Sverige. Sommarferien 2017 vart ei veke med feriehus i Danmark, med ferje, strand og bad, byliv og shopping.

Til å jobbe med gutane på Gullringen, har bufellesskapet 11 dyktige tilsette som jobbar i turnus. Dei tilsette kjem frå både Vang og nabokommunane. Med mykje godt samarbeid med skule og andre kommunale tilbod, kan læringssenteret melde at gutane trivst og fungerer bra i kvardagen med skule, lekser og fritidsaktivitetar. Dei er idrettsleg aktive, likar å gå på skulen og setter spesielt pris på at dei får gå i vanleg klasse saman med norske elevar. Dette er også noko læringssenteret kan sjå slår heldig ut på karakterane deira. Det er over all forventning. Sjølv om dei tilsette har eit hektisk storfamilieliv, med mykje køyring og koordinering, så er dei særskilt fornøgd med korleis Gullringen har blitt tatt i mot i Vang. Det er fint å sjå at andre elevar bryr seg om gutane og at foreldra tar dei med seg heim og finn på ting saman med dei.

Spesialundervisning for vaksne har tilhald på Lund. Omfanget av undervisninga er omtrent som før og inneholder øving, innlæring og vedlikehald av aktivitetar og ferdigheter. Undervisninga skjer både i lokala på Lund, på VBU og utandørs i ulike miljø.

Bibliotek

Biblioteksjef: Åsta Brenna

Vang folkebibliotek har hatt eit aktivt og godt besøkt år. Besøket var på omlag 29000. Ein liten auke frå året før. Målet er at biblioteket skal vere ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i bygda. Biblioteket har formidla mange ulike kulturelle uttrykk; formidling av bøker, fleire utstillingar, teater, musikk, og film.

Vi har vore ein uavhengig møteplass for offentleg samtale og debatt med EU-kveld og ymse foredrag. Biblioteket har samarbeida godt med Frivilligsentralen om ulike tiltak og arrangement. Særskilt viktig har tilbod til barn i feriar vore. Det har til dels vore naudsynt med to bibliotekarbeidarar tilstade på laurdagar og i feriar. Dette er ein ny og krevjande situasjon.

Utlån av litteratur for barn og vaksne har gått opp. Og da særleg faglitteratur for vaksne. Andre media har halde seg stabilt unntake filmutlånet for vaksne, som har gått drastisk ned.

Barne- og ungdomsbibliotekaren vart flytta organisatorisk frå folkebiblioteket og vart ein del av Vang barne- og ungdomsskule frå 1. september.

Frivilligsentralen

Leiar: Marte Tangen

Vang frivilligsentral har i 2017 halde ope måndagar, tysdagar og onsdagar frå kl. 11.00 til 15.00. Frivilligsentralen held til på Vangstunet.

Hovudmålet til frivilligsentralen er å vera ein katalysator for frivillig verksemd i Vang, gjennom visjonen «møte mellom menneske». Frivilligsentralen skal vera ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kulturar, vera ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen og auke det eksisterande tilbodet der det er behov.



Frivilligentralen har eit eige styre, og styreleiar i 2017 har vore Erik Martinsen Dalåker. Styret gjennomførte årsmøte 15.2.17 og har elles hatt 4 styremøte gjennom året.

Sentralen har eigen nettside www.vang.frivilligentral.no, der utfyllande årsmelding er publisert.

Frivillige: 63 frivillige har vore i aktivitet i løpet av 2017, og utført til saman om lag 835 timer med arbeid. Av dei er om lag 40 % kvinner og 60 % menn. Om lag 30 % er bebuarar på mottakssenteret. Berre 15 % av dei som har jobba frivillig er i pensjonistalder. Sentralen meiner det framleis er eit potensiale for å rekruttere fleire frivillige pensjonistar.

Tilbod som er nytt i 2017: Leksehjelp, studiehjelp, språkven, turven, hjelpetenester og øvingskøyring.

Arrangement: Saman med biblioteket og andre har frivilligentralen arrangert 21 arrangement i 2017, som konsertar, foredrag, kurs mm, pluss faste aktivitetar som sommarfritidsklubb, norsktme, samtalegruppe og teikneklubb. Til saman deltok om lag 1185 besøkande på desse arrangementa.

Gjennomførte prosjekt:

- Vinjerock – sentralen samarbeidar om mangfaldsprosjektet på festivalen, med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma og integrering av flyktningar. 8 flyktningar og 8 ungdommar var frivillige på festivalen i 2017.
- #VÅRTNABOLAG - i samarbeid med Oslo World Music Festival, Vinjerock, mottaket, læringssenteret, Innovangsjon og biblioteket arrangerte sentralen eindagsfestivalen #VÅRTNABOLAG på mottaket i september med om lag 300 publikummarar.
- Fotballturnering - i samarbeid med mottaket, Innovangsjon og FK Vang arrangerte sentralen fotballturnering på Tveit i september.
- Datakurs - i samarbeid med Vang læringssenter arrangerte sentralen 6 økter med grunnleggjande datakurs på Lund.
- Aktivetsvenn - Tilbodet Aktivetsvenn er etablert i over 190 kommunar, og i november signerte også Vang ei samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelse. Målet er å bidra til at personar med demens kan oppleve ein meiningsfull kvardag med gode opplevelingar. I april 2018 blir det kurs for alle som vurderer å bli aktivetsvenn i Vang.
- Julegåvedugnad - Sentralen organiserte innsamling av julegåver til ungane på mottaket og læringssenteret. Det var stor givarglede i vangsbefolkinga og stor takksemt bland mottakarane.

Logopedtenesta

Logoped: Solveig Heimlid

Vang har ein 20% stilling som logoped. Stillinga består i logopediske oppgåver for oppveksteininga. Mål for arbeidet er å hjelpe barn og unge i barnehage- og grunnskulealder med ulike utfordringar. Døme på dette er uttale- og artikulasjonsvanskar, fonologiske- eller utviklingsmessige språkvanskar, taleflytvanskar, lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar der ein kan sjå at det er språkvanskar som ligg til grunn, ulike diagnosar der språkvanskar er ein del av tematikken, og fleirspråklegheit der språkvanskane er med på å hemma språkutviklinga. Totalt har logopeden i 2017 jobba med 19 barn.

Logopeden i Vang har eit tett samarbeid med andre aktørar kring barnehagebarna og elevane. Logopedtenesta har kontorplass på Vang barne- og ungdomsskule, og logoped har gjennom året halde seg fagleg oppdatert. Logopeden har halde føredrag på foreldremøte i Fredheim og Høre barnehagar. Tema på føredraga har vore ulike typar språkvanskar og direkte og indirekte tiltak. Det faglege samarbeidet med pedagogar og assistenter har fungert godt.

Idrett og friluftsliv

Også i 2017 har ungdom vore i arbeid med vedlikehald, rydding og merking av turstignettet, som utgjer 60 turar på til saman ca. 300 km, alle omtala i turhandboka for Vang som også finst i digitalisert utgåve. I 2017 har det også vore brukt mykje ressursar på vedlikehald av



Kongevegen frå Kvam til Filefjell. Elles er det m.a. gjeve tilskot til idrettslag, til slått og stell på Tveit stadion og idrettsstipend til ungdom.

Miljøsaker, motorferdsel i utmark mv.

I 2017 vart det behandla 12 søknadar om dispensasjon frå forbodet om motorferdsel i utmark. 8 snøscootertransport, elles helikopter eller båtar.

Ungdomsarbeid

I 2017 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: ungdomsrådet, ungdomsklubben, UKM, idrettsstipend til ungdom, aktivitetstur til Lillehammer og støtte til div. mindre tiltak og arrangement.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp

Kino

Det har vore 9 fine kinokveldar med visning av til saman 17 filmar i auditoriet med Bygdekinoen i 2017. Besøket har vore litt varierande. Den lokale dugnadsgrupa skal ha ros for at dei stiller opp for eit kinotilbod i Vang.

Kulturvern

Vang kommune gjev årlege tilskot til Valdres folkemuseum og folkemusikkarkivet, og eig og står for drift og vedlikehald av Liabø støls- og utmarksmuseum. Her er det undervisningsopplegg med formidling av kunnskap om støling og bruk av utmarka. Kommunen har også ansvar for vedlikehald av Vinjebue og Leinekvernene.

Arrangement og økonomisk støtte

Oppvekst, kultur- og integreringsetaten har vore hovud-/medarrangør for m.a.: UKM, klubbkveldar, utstillingar, konsertar og div. arrangement i biblioteket.

Vang kommune brukar årleg over 1 mill. kr av kulturbudsjettet i økonomisk støtte.

PLANAR og tiltak FRAMOVER

Barnehagane

Opprettehalde full barnehagedekning og legge til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø

Syte for ein god overgang i prosessen kor Øye barnehage og Åsvang barnehage vert midlertidig stengt. Barnehagetilbod for Øye krins vert frå 01.08.18 ved Fredheim barnehage.

Struktur med felles barnehagestyrar i Vang vert avvikla. Høre barnehage og Fredheim barnehage får eigen styrar frå og med 01.08.18.

Opprette samarbeidsutval i kvar barnehage.

Implementere ny pedagognorm som trer i kraft frå 01.08.18. I korte trekk vert det krav om 1 pedagog pr. 7 barn under 3 år, og 1 pedagog pr. 14 barn over 3 år.

Vidareføre praksis med fagleg teamrettleiing med styrarane i barnehagane, samt oppfølging av ramme- og lovverk.

Fortsatt fokus på implementering av ny rammeplan.

Eit auka fokus på tema kring «handlingar og haldningar» for barn, føresette og tilsette.

Eit auka fokus på overgang heim/barnhage, barnehageavdelingar i mellom, og mellom barnehage/skule.

Eit auka fokus på samarbeid med føresette.

Skulen



Gjennom samarbeid styrke læringsmiljøet i klassane

Arbeide for eit stabilt godt resultat i grunnleggjande ferdigheter

Legge til rette for eit godt elev- og skulemiljø der målet er god trivsel og stabilt gode resultat i grunnleggjande ferdigheter hjå elevane

Halde behovet for spesialundervisning på eit lågt nivå gjennom tidleg innsats og god tilpassa undervisning

Kulturskulen

Opprettehalde og vidareutvikle kulturskuletilbodet

Læringssenteret

Legge til rette for best mogleg integrering av dei busette flyktningane gjennom eit godt samarbeid med lokalsamfunnet og aktuelle offentlege instansar

Organisere undervisningstilbodet for asylsøkarar på Vang mottakssenter

Legge til rette for tenestetilpassing i bufellesskapet for einslege mindreårige flyktningar

Kultur

Støtte opp om ungdomsrådet og følgje opp tilrettelegging av fritidstiltak for ungdom

Følgje opp gjeldane kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Vidareføring av Kongevegprosjektet

Gjennomføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på Leinekvernene

Stimulere til, og støtte vedlikehald og istandsetjing av gamle bygningar og bygningsmiljø

Stimulere til, og støtte forskjønning- og trivselstiltak

Ta initiativ til og støtte ulike kulturarrangement

Biblioteket

Vidareutvikle biblioteket til ein sosial og kulturell møteplass med gode tilbod for alle som bur i kommunen

Frivilligsentralen

Jobbe etter handlingsplan for 2018. Handlingsplanen ligg ope på Vang frivilligsentral sin heimeside.



Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgssjef: Guro Råheim Kvam

Etaten famnar heile helse-, velferds- og omsorgsfeltet: Helsetenester, pleie- og omsorgstenester, folkehelse og friskliv, NAV og barnevern.

Helse- og omsorgssjefen med stab

Etatsleiinga er stabil, med tilsette med lang erfaring. Det er forventa utskifting i nøkkelfunksjonar i komande år, grunna alder. Gjennomsnittsalder etatsleiing med mellomleiarar og stab er 57,2 år. 6 personar er over 60 år.

I 2017 har etaten hatt fokus på beredskap. Alle beredskapsplanar for helse og omsorg er gjennomgått og oppdatert eller det er utarbeidd nye. Etatssjef og kommuneoverlege har hatt hovudansvar for dette, og alle avdelingar har vore involverte.

Tilsette Årsverk

Etatssjef	1	1
Rådgjevar	1	1
Merkantil stab	3	1,55
Folkehelsekoordinator	1	0,2

Helse- og omsorgssjefen er avløysar for Rådmannen ved fråvær og informasjonsansvarleg i kriseleiinga i kommunen. Møter fast i Helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Etatssjefen er regionen sin representant i KS si ressursgruppe for Velferdsteknologi i Oppland og Geografisk Samarbeidsutval (GSU) i Sjukehuset Innlandet.

Gjennomføring planarbeid jf. planstrategi

Plan for helse- og sosial beredskap

Plan for psykososial krisestøtte

Plan for ressursdisponering og omlegging av drift, helseavdelinga

Plan for ressursdisponering og omlegging av drift, IHT

Evakueringsplanar for sjukeheim og bustader

Beredskapsplan for NAV

Div. rutiner og tiltakskort

Plan for vern mot smittsomme sykdommer

Infeksjonskontrollprogram Vangsheimen

Beredskapsplan for pandemisk influensa

Regional rusmiddelpolitisk handlingsplan – arbeidet med rullering vart sett i gang hausten 2017. Fullførast vår 2018

Regional strategisk kompetanseplan for helse- og omsorg i Valdres – tiltaksdel rullerast årleg

Kompetanseplan for helse- og omsorg i Vang. Utsett. Bør vera klar innan 2019.



Demensplan. Planen er ikkje ferdig rullert, men er del av prosjektarbeidet «Redesign av tenestar»

Merkantil stab og rådgjevar

Merkantil stab har m.a. ansvar for lønnsarbeid, fråværsregistrering, fakturering, vederlagsbereking, pasientrekneskap og arkiv.

Rådgjevar er systemansvarleg for fagsistema Ressursstyring og Profil. Har ansvar for opplæring og utvikling, samt oppdatering og oppfølging av programma. Systemansvarleg jobbar tett med IKT Valdres og systemansvarlege i dei andre Valdreskommunane.

I Vang brukar barnehagane og bufellesskapet Visma ressursstyring i tillegg til turnusområda i pleie- og omsorg.

Rådgjevar har hovudansvar for saksførebuing av søknader om pleie- og omsorgstenester til tildelingsteamet, og skriv vedtak.

Folkehelse

Etter folkehelselova av 2012 er folkehelsearbeid tverrsektorielt. Den lovpålagte folkehelseoversikta vart ferdigstilt i 2015, saman med ein eigen folkehelseplan for Vang. Planen er ei skisse til enkeltiltak og arbeidsmåtar, men må følgjast opp i alt planarbeid i kommunen. Difor er folkehelsearbeid fokus både i PLB og i planstrategien i Vang.

Folkehelsearbeidet skal medverke til gode møteplassar og gode sosiale nettverk, til at flest mogleg får høve til å drive fysisk aktivitet, enkelt friluftsliv og idrett på ulike nivå.

Folkehelsepolitikk for vår tid er forankra i verdiar for likeverd og rettferdig fordeling med sterkt fokus på sosial utjamning og psykisk helse. Føremål med Folkehelselova er å fremje folkehelse og utjamne sosiale helseforskellar.

Kommunen har folkehelsekoordinator i 20 %. Det er tett samarbeid med Frisklivssentralen, med ymse lag og foreiningar rundt enkelprosjekt, med folkehelsegruppa i Valdres og OFK.

“Program for folkehelsearbeid” er eit program for ei tiårig satsing på både nasjonalt, fylkeskommunal og *kommunalt* nivå og skal setja ekstra fokus på å styrke born og unge si psykiske helse og livskvalitet. Folkehelsekoordinatoren har deltake på fleire seminar om dette og har informert skule, barnehage og politisk om programmet. Vang kommune bestemde seg for å eventuelt søkje OFK i 2018 om midlar til deltaking innan dette feltet.

I samband med Sentrumsplanen i Vang har frisklivsrettleiar og folkehelsekoordinatoren jobba med tilrettelegging for fysisk aktivitet i sentrum, m.a. ved planlegging av ein aktivitetspark.

Aktivitetsoversiktssiste – fysisk aktivitet - er redigert og lagt ut på Vang kommune si heimesida under folkehelse.

IHT - Institusjons- og heimebaserte tenester

Vangsheimen, heimetenesta, miljøtenesta

Målsetjingar 2017

Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.

Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.

Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.



Vidareføre og utvikle *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.

Rekruttere og behalde kvalifisert personale.

Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.

Vidare implementering og bruk av det elektronisk internkontrollsysten *Kvalitetslosen* for å sikre kvalitet på tenester gjennom kartlegging av område med fare for svikt, og utarbeiding av tiltak og rutinar i høve til dette.

Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil

Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.

Meldingsløftet med bruk av elektronisk meldingsutveksling.

Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.

Tilstrekkelege og fleksible heimetester tilpassa den einskilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.

Praktisk bistand og hjelp i heimen til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.

Styrking og omstrukturering av heimetesta med auka kapasitet, kvalitet, arbeidsmiljø og ressursstyring.

Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.

Avlasting til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine nærmeste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.

Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.

Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år (neste gong 2018).

Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad

Velferdsteknologi: Planlegge utskifting frå analoge til digitale tryggleiksalarmer, med moglekeit for å ta i bruk andre velferdsteknologiske hjelphemiddel

Lage system for, og setje i gang med førebyggande heimebesøk.

Beredskap: Utarbeididng av ROS-analyse, gjennomgang og oppdatering av beredskapsplanar.

Hovudarbeidsområde

Tilsette Årsverk

IHT

Tabellen nedanfor viser fordelinga av tilsette:

Leiing Vangsheimen, heimetesta og miljøtenesta	3	3
Vangsheimen (langtid + korttid+ vikarbok)	49	24,04
Heimesjukepleie og heimehjelp	23	12,94
Dagsenter og Grindablikk	6	1,67
Miljøtenester	42	24,31
Kjøken, reinhald, vaskeri, vaktmeister	12	7,62

Vangsheimen:



16 langtidsplassar, 10 korttids- plassar, ein tryggleikslass, dagsenter, kjøken/kantine og vaskeri.

Heimeteneste: Heimesjukepleie

og heimehjelp/ praktisk bistand i heimen.

Dagtilbod: Grindablikk (dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens), og dagsenter Vangsheimen.

Butilbod: 14 omsorgsbustader, 3 forsterka bustader, to trygdebustader og to bukollektiv.

Miljøarbeid: Tilrettelegge for normalisering av bu-, fritids- og arbeids-/aktivitetstilhøve for personar med særskilde behov. Miljøtenesta har i tillegg 30 støttekontaktar og avlastarar.

IHT har i hovudsak ei stabil personalgruppe. Det er ei utfordring å rekruttere og behalde faglært personell. Me lukkast til ein viss grad å rekruttere nye til avdelinga til faste stillingar, men det er ei utfordring i høve til vikariat. Våre fast tilsette ynskjer i periodar permisjon/redusert stilling for å få annan praksis eller ta utdanning. Det er positivt, men det er vanskeleg å dekke opp.

Sjukefråvær gjer også at det er vanskeleg planlegge behov for bemanning fram i tid. Det er eit utfordring å dekke alle helger med fagfolk. Ei anna utfordring er å auke stillingsprosent utan å auke helgefrekvens. Me har i perioder nyttा bemanningsfirma for å sikre rett kompetanse. I 2017 har det vore spesielt vanskeleg å rekruttere vernepleiarar til miljøtenesta. Store deler av året har me hatt 1-2 vikarar frå bemanningsfirma i 100% stilling for å dekke opp.

Kompetanse

Det har i fleire år vore jobba for å få ufaglærte til å ta fagbrev og andre tilsette til å ta høgskuleutdanning / vidareutdanning.

Helsefagarbeidarar: 2,5 årsverk lærling i IHT, ingen har fullført fagprøve i 2017.

Sjukepleie/vernepleie: Ein tilsett er under utdanning til sjukepleiar.

Kurs og anna opplæring:

Brann og evakueringskurs på Vangsheimen

Kurs brannansvarlige

Kvalitetssikring av pasientsikkerheit på sjukeheimen

Kurs i profil (dokumentasjon)

Nye tilsette: Grunnopplæring, Sjukpleiarar: gjennomgang og fokus på kartlegging og bruk av IPLOS.

Oppdateringskurs i profil

Velferdsteknologi

Ernæring i fokus

Iplos

Fagsystemkurs (PPS og kvalitetslosen)

Legemiddelhantering grunnkurs til aktuelle personer

Kapt 4a ,*Forebygging for tvang og makt, medisin, diagnostikk og metode i arbeid.*

Målretta miljøarbeid – årleg kurs for nytilsette

Det er faste møter mellom leiinga og alle tillitsvalde i IHT annankvar månad.

IHT har fokus på HMS arbeid. Vi har tre aktive verneombod og har faste møte med desse. Det blir jobba med risikovurderingar, sjukefråvårsarbeid, arbeidsmiljøsaker mv. Det blir gjennomført vernerunde med oppfølging og medarbeidarsamtaler i alle avdelingar.



IHT har hatt eit samla sjukefråvær (eigenmeldt og legemeldt) på 11,7% i 2017, ein nedgang frå 13,8% i 2016. Det er bufellesskapa som har det høgste fråværet. Det er langtidsfråværet som er høgast. IHT jobbar systematisk med oppfølging av sjukmelde og har sett i gang eit arbeid ilag med HaVa BHT med formål å redusere sjukefråværet.


IHT er ein kvinnedominert arbeidsplass. Av 126 tilsette er 108 kvinner (85,7%) og 18 menn (14,3%). IHT har 18 tilsette over 60 år.

Økonomi

Ansvar 320-339 (IHT)	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
			kr	%


Driftsutgifter	67 444 298	67 972 000	-527 702	-0,78
Driftsinntekter	-17 846 888	-14 970 000	-2 876 888	19,22
Netto driftsutgifter	49 597 410	53 002 000	-3 404 590	-6,42
Investeringsutgift				

Brutto Driftsutgifter 2017 - IHT



Som vi kan sjå av tabellen ovanfor så hadde IHT eit mindreforbruk på 528 tusen kroner i 2017 der BPA ordninga utgjør 485 tusen. Mindreforbruket er noko større enn det rekneskapstala tilseier då det også liggir inne ikkje budsjetterte prosjektmidlar på 763 tusen kroner der det vart brukt 396 tusen av desse midlane i 2017 og 367 tusen blei overført til bundne fond. Det reelle mindreforbruket ligg då på nesten 1,3 millionar kroner i 2017 (1,9%). Det er i hovudsak mindreforbruk på lønsmidlar, 591 tusen kroner, som forklarar det resterande avviket.

Om vi fokuserar på inntekta så hadde avdelinga meirinntekter på nesten 2,9 millionar kroner i 2017. Av dette utgjør salsinntektene, og då spesielt brukarbetalingar, 462 tusen kroner. Den største posten er refusjonar som enda 2,45 millionar kroner over budsjett. Av dette gjeld som nemnd 763 tusen kroner ikkje budsjetterte prosjektmidlar, ca. 530 tusen kroner gjeld ressurskrevjande brukarar og sjukelønsrefusjonar enda 785 tusen kroner over budsjett. Sal av plassar på Vangsheimen til andre Valdreskommunar utgjorde i tillegg 340 tusen kroner meir enn budsjettet.



Som vi kan sjå av utviklingen ovanfor så reduserte IHT kostnadene med 1,2 millionar kroner frå 2016 til 2017. Dette kan forklaraast med at interkommunale samarbeid ble flytta frå denne avdelinga frå og med 2017 til helseavdelinga. Denne flyttinga utgjør 1,46 millionar kroner og dermed meir enn kostnadsreduksjonen. Det er BPA ordning som forklrarar utgiftsauken som ble ca 200 tusen kroner dyrare i 2017 enn 2016. Totalt har avdelinga utanom BPA og flyttingar av utgifter, greidd å halde utgiftane på same nivå som i 2016.

Vangsheimen

Vangsheimen har 26 plassar i einerom, fordelt på tre avdelingar. Det er 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar. Korttidsplassane blir nytta til rehabilitering, avlasting og lindrande behandling. Vi har ein tryggleikslass.

I 2017 var gjennomsnittleg beleggsprosent 80,23% (78,7% i 2016): 92,79% (90,8% i 2016) på langtidsavdelingane og 57,9% (65,8% 2016) på korttidsavdelinga. Det har vore 5 opphold på tryggleikslassen.

Det har vore 54 korttidsopphald i 2017 mot 63 i 2016. Gjennomsnittslengda på korttidsopphald var 36,1 i 2017, ein oppgang frå 26 i 2016. Avlastingsopphald held seg relativt stabilt både i antal og gjennomsnittslengde: 55 opphold med ei gjennomsnittslengde på 5,7 døgn.

Det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald.

Langtidsopphald avslutta i 2017 hadde ei gjennomsnittslengde på 1,6 år. (2016: 2,5 år, 2015: 5,1 år, 2014: 2,9 år).

Presset på sjukeheimspllassar er stabilt. Det er god kapasitet på korttidspllassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegget, og det varierer raskt. Det blir jobba for å gje korttidsopphald med god kvalitet og effektiv behandling/rehabilitering, slik at pasientane kan koma til eit anna tenestenivå. Korttidsavdelinga har m.a. tverrfagleg møte kvar 14. dag, der ein vurderer behov og tiltak til pasientar. Øystre Slidre kommune har kjøpt korttidspllassar av Vang i 2017.

Korttidsavdelinga har 8 korttidplasser og to avlastningspllassar. Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møter for å arbeide systematisk.

Felles sjukepleiemøter for Vangsheimen kvar 14 dag, for å ha felles faglege fokus, og diskutere div. praktiske problemstillingar. Tverrfagleg previsitt kvar veke (legevisitt) Gjennomgang av



pasientar, samordning av behandling og trening. Fysioterapeuten lager timekort som pasientane har på rommet, slik at dei har oversikt over når dei har time.

Ergoterapeuten sørger for tilrettelegging heime, og å skaffe hjelpemiddel.

Det er laga eit pårørande rom, som familien/nærmaste kan nytte når dei har ein av sine i terminalfase.

Ernæring, mat og måltid har vore fokusområde i 2017. Middagen er flytta frå kl. 13.00 til kl. 16.00. Med dette klarte vi å få ei døgnrytme der aktivitet og kvile er meir i balanse. Det er lagt inn eit ekstra måltid og meir rom for aktivitetar. Pasientane får kveldsmaten seinare på kvelden og har færre timer nattfaste. På kortidsavdelinga er det lagt til rette for at rehabiliteringspasientane kan hente frokost og lunsj sjølv. Utkøyring av middag er også flytta til eit seinere tidspunkt

Vangsheimen deltek i eit utvida forskingsprosjekt for å kartlegge infeksjonar og antibiotikabruk på sjukeheimen. Målet er å få ned antibiotikabruk på landsbasis. Å førebyggje infeksjonar er eit viktig tiltak. Årleg opplæring av tilsette blir gjennomført.

Det er utarbeidd ein ny evakueringssplan i tråd med kommunens beredskapsplanar. Alle tilsette har øvd på rutinane med evakuering og brannslokking. Øvinga var arrangert i samarbeid med Valdres brannførebyggande avdeling.

Heimebuande pasientar med kognitiv svikt som har behov for korttidsopphold får korttidsplass på langtidsavdelinga. Grunnen er at det ofte er rolegare miljø og personalet har mykje kunnskap om kognitiv svikt. Målet er å kartlegge funksjonsnivået over lengre tid og i samarbeid med hjemmesykepleie, tilsynslegen og evt. spesialisthelsetjeneste blir det laga ein behandlingsplan

Det er to legar knytt til sjukeheimen. Det er eit godt samarbeid med legetenesta.

Pleie- og omsorg organiserte i 2017 eit overordna utviklingsprosjekt: «*Redesign av tenestar i møte med framtidas utfordringar*» - 6 delprosjekt og 2 frittståande prosjekt. Fleire av prosjekta går over fleire år, og utviklast/gjennomførast stegvis:

Kultur og haldningar – informasjon og kunnskap for endring: Det er behov for kunnskap og endra haldningar ved all endring. Det å auke kunnskap ved kurs, møter, informasjon osv. er difor viktig i alle dei prosjekta me har sett i gang.

Døgnbemanna omsorgsbustad kombinert med dagaktivitetar til pasientar med kognitiv svikt

Me starta i 2015 Grindablikk – dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Etter om lag eitt års drift var det behov for evaluering og noko endring i tiltaket. Dette prosjektet skal difor evaluere eksisterande tilbod og evt. endre driftsmåte. I tillegg skal ein vurdere evt. samordning av dagaktivitetstilbod og delvis bemanning i omsorgsbustaden på Storplogen.

Førebyggande heimebesøk

Kommunane skal drive førebyggande arbeid i høve til alle grupper. Førebyggande heimebesøk hjå eldre er eit tiltak me skal ha. Prosjektet skal utarbeide form og innhald i tiltaket, basert på sentrale føringar og lokale tilhøve.

Liv Laga! Mestring og rehabilitering i Vang

Kommunane får større ansvar for rehabilitering. Prosjektet skal utgreie korleis me skal organisere og drive rehabiliteringsarbeidet vårt i Vang. Kvardagsmestring er ein del av dette.

Velferdsteknologi – 2018: Overgang frå analoge til digitale alarmar, og ny mottaksfunksjon.

Velferdsteknologi er eit mangslungent område. Vang har ilag med dei 5 andre Valdreskommunane utarbeidd ein strategisk plan for velferdsteknologi i 2017. I tillegg jobbar me for å skifte om frå analoge til digitale alarmar. Digitale alarmar skal vera i drift frå 1. juli 2018.

Ernæring og døgnrytme - sjå kommentar over.



Tillegg:

Mobilt aktivitetssenter –søknad sendt helsedirektoratet i ft. å få til aktivitet (middagshygge, balansetrening og sosial møteplass) i alle grender i kommunen. Samarbeid mellom IHT, frisklivssentralen og frivilligsentralen. Me fekk ikkje midlar til prosjektet, og det er såleis lagt på is.

Tilpassa bustader (sentrumsplan for Vang / bustadsosial handlingsplan). Arbeid som pågår. Helse- og omsorg er med for m.a. å ivareta bustadsosiale behov.

Me søkte Fylkesmannen i Oppland om Innovasjons- og kompetansemidlar, og fekk kr. 400 000,- til prosjekta.

Det er ei utfordring å drive godt prosjektarbeid i tillegg til dagleg drift. Ein får ikkje alltid tilfredsstillande framdrift på prosjekta. Me har brukt kr. 250 000,- av prosjektmidla i 2017, og overført kr. 150 000 til 2018.

Dagsenteret.

Tilbodet omfattar skyss til og frå Vangsheimen, frukost, middag, kaffi. Dagsenteret arrangerer aktivitetar både for pasientane på Vangsheimen og for dagsenterbrukarane.

I 2017 har det vore 26 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er ei auke på 2 frå 2016.

Det er ulike faste aktivitetar:

Allsong med Heidi, Siri-Gro, Heidi og Alistair gjennom kulturskulen kvar måndag eller torsdag i skuleåret.

Balansetrening og fallførebygging med fysio 45 min. tysdag og torsdag

Andakt: Det har vore andakt 7 gonger, med ei stølsmesse og ei nattverdsgudsteneste og på julaftan.

Festmiddagar på Fjordstøga: t.d påskemiddag, fårikålens dag, rakfisklag og viltmiddag. Festmiddagane er for både pasientar på Vangsheimen og dagsenteret.

Rullatortreff: Det vart arrangert rullatortreff med aktivitetsløype og påfølgjande middag.

Det har vore 6 konserter med eksterne aktørar. Noko i regi av den kulturelle spaserstokken.

Kor og korps i kommunen, seniordansen og skule- barnehage har også bidrige med underhaldning.

Det er arrangert klessal 4 gonger.

Dagsenteret har hatt besøk av dagsenteret i Lærdal med middag og underhaldning.

Dagsenteret har hatt utflukt til Mjøsvang kafe

Dagsenteret har samarbeid med frivillige som hjelper til når det er behov for fleire hender.

Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens

Vang kommune fekk tilskott frå Helsedirektoratet for å opprette nye plassar for dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens i 2014. Tilbodet går til heimebuande som har ei demensdiagnose eller er under utgreiing for dette. Dagaktivitetstilboden har tilhald på Nordigarden ved Vangsheimen. Det er 6 plassar og var ope 2 dagar i veka, onsdag og fredag. Tilboden kom i gang i 2015, og det har vore varierande antal deltakarar. Aktivitetane er tilrettelagt for at dei som er med skal oppretthalde /gjenvinne ferdigheiter i m.a. daglege gjaremål. I tillegg er ei på tur i nærområda, tur rundt Vangsmjøsa, til stølslag, det har vore fjøsbesøk og bedriftsbesøk til Tyinlam.



Tilbodet har vore stengt i 2017, grunna mangel på brukarar. Som del av prosjektet «redesign av tenestar» har ein evaluert tilbodet, og kome fram til at ein må ha ei ny form for å tilby aktivitetar.

Mottakere av helsehjelp skal få tilbud om nødvendig helsehjelp på lavest mulig nivå, dette betyr at personer med hukommelsessvikt skal bo lengst mulig heime. IHT vil gjerne utvikle døgnbemanna omsorgsboliger for å gi tjenester men samtidig ha fokus

på hverdagsmestring. Skiftet også navn til dagaktivitetstilbud for personer med kognitivssvikt. Storplogen er plassen hvor dagsenteret blir etablert. Vi skal utvikle tilbodet gradvis i begynnelsen av 2018

Lesestund med Sigfrid Hovda er videreført, dette set pasientene på Vangsheimen stor pris på.

Omsorgsbustader

Det er seks bustader ved Prestegarden, sju på Storplogen, to i Ryfoss og 1 i Prestgardsstigen. Grindatun har 4 bueiningar og Bakkehaugen 3. Det er større søking for bustadane med fellesareal, der det ligg godt til rette for sosial kontakt og større tryggleik. Nærleik til sjukeheimen, butikk, legekontor og bank er viktig.

Dei som bur i omsorgsbustadene får heimetenester på linje med andre heimebuande. Heimehjelpene har to timer på Storplogen frå mandag til fredag, som dei brukar til å hente og servere middag til bebuarane, og slik få eit triveleg måltid saman, de får også muligkeit til gå trening. Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storplogen på syndagar, dei har sosialt samvær og høgtlesing.

Det har vore fleire ledige omsorgsbustader i 2017. Ein bustad ved Storplogen er møblert til bruk som treningsleilegheit. Pasientar som har bruk for å prøve ut om dei kan greie seg i omsorgsbustad eller i eigen heim, kan «prøvebu» i denne leilegheita som del av eit kortidsopphald. Det er i mange tilfelle utfordrande å motivere pasientar til å prøve seg i treningsleilegheita, då mange har eit ynskje om å bli på sjukeheimen.

Eitt av husværa på Bakkehaugen blir leigd ut til vanleg utleigeføremål, og eitt av husværa på Grindatun blir brukt til avlasting. Ved årsskiftet var det fire ledige bustader.

Forsterka bustad

Forsterka bustad er eit tilbod til personar som av helsemessig årsak ikkje kan bu heime eller i ordinær omsorgsbustad med heimetenester, men som ikkje har behov for institusjonsplass med pleie/omsorg/behandling 24 timer pr. døgn. Det er prøvd ut med 3 forsterka bustader på Nordigarden ved Vangsheimen. Behovet for tilbodet er tilstade, men personalet opplever at plasseringa og nærleiken til korttidsavdelinga skapar eit for lite skilje mellom omsorgsbustad og institusjonsplass. tilbodet ved Nordigarden skal fasast ut, og i staden gje tilsvarande tilbod ved å bemanne delvis i omsorgsbustadane på Storplogen. 1 bebuar ved nyttår.

Heimetenesta

Heimetenesta er delt inn i fire område, med kvar sin områdesjukepleiarar som fagleg ansvarleg. Det er fem heimehjelper tilsett i 50 % stillingar, i tillegg har vi to faste vikarar med 30% og 10% stilling. Ein av heimehjelpene har koordinerande ansvar for tenesta.

Ved utgangen av året var det 102 (111) brukarar i heimetenesta (2016-tal i parentes).

50 (46) fekk heimesjukepleie, 52 (65) praktisk bistand. Det er ein liten nedgang i i talet på brukarar. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelpe fleire timer fleire gonger dagleg. Det er ei auke av hyttefolk som har behov for heimesjukepleie.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av opptrening/rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta



imot pasientar frå sjukehus/-heim etter kvart, i samsvar med samhandlingsreforma. Det er viktig med pårørandemøte med kartlegging av ressursar frå familie og pasientar.

Avlastningsopphald har auka. Pasientar kjem inn på faste, rullerande opphold. For heimebuande pasientar er dette viktig både for kosthald, trening og sosialt samvær. Regelmessig avlasting for pårørende bidreg til at pasientar kan bu lengre heime.

Ved årskiftet var det 19 personar som fekk tilkørt varm middag. 36 brukarar har tryggleiksalarm. Dette er på same nivå som i 2016.

Vang kommune administrerer Transporttenesteordninga for rørslehemma (TT) for Oppland Fylkeskommune. Kommunen har 20 TT-heimlar. I 2016 har me fått 8 søknadar. 4 er innvilga, 4 har fått avslag. 7 godkjenningar er avslutta grunna endra behov eller dødsfall.

10 brukarar fekk tilleggstildeling etter 1. halvår. Brukarar som ikkje nyttar ordninga får skriftleg informasjon om at godkjenninga kan bli avslutta om dei ikkje nyttar ordninga.

Etter tilleggstildeling hadde Vang kr. 98 000,- til fordeling, det vart brukt kr 78 500,- i 2016, dette er ei positiv auke i bruk frå 2015.

Miljøtenesta

BPA – brukarstyrt personleg assistanse

Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar

Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar

Omsorgsløn – ved stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei næreste

Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver

Parkeringsbevis – for tenestemottakarar som er flyttingshemma.

Ledsagerbevis – for tenestemottakarar som treng bistand i aktivitet.

2017:

BPA: 6

Miljøarbeid: 6

Praktisk bistand – opplæring: 4 Omsorgsløn: 9

Støttekontakt: 21

Avlasting: 6

Fleire tenestemottakarar har meir enn ein teneste.

Nettverksgruppa «Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres», er eit tverrkommunalt prosjekt for kompetanseheving i Valdres innan Målretta miljøarbeid. Denne gruppa er att etter tidlegare «Ambulerande Veiledningsteam», har 1 til 2 medlemmar frå kvar kommune i regionen, og dei har eit stort fokus på kvalitet i arbeidet. Den «Fagleg nettverksgruppa» sørger for eit tett og godt samarbeid med Sjukehus Innlandet, Habiliteringstenesten, Fylkesmannen i Oppland og alle kommunane i regionen Valdres. Dei køyrer oppfølgingskurs fast ei gong i året, og større kurs innan spesialfelt annakvart år. Dette gjer eit kompetanseløft for minst 200 tilsette i miljøtenesten kvart år, med allereie eksisterande ressursar.

Det er liten tvil om at dette er ei god investering.

Ein ser ei auking av etterspørsel for bistand frå miljøtenesten, òg i samarbeid med PPT, skuler og BUP.

Det vert og arbeida med forebygging ang sjukefråvær, og dette er framleis i fokus.

Bukkollektiva

Det er 2 brukarar knytt til Bakkehaugen og 9 brukarar knytt til Grindatun sitt ansvarsområde.



Tenestane omfattar praktisk bistand, avlastning, rettleiing, butrening, opplæring og brukarstyrt personleg assistanse.

Grindatun og Bakkehaugen har kvar sin avdelingsleiar. Desse jobbar nær 100% i turnus, men har òg administrativ tid. Grunna sjukefråvær har me hatt inne ein leiar ved Bakkehaugen i 60% administrativt arbeid i avdelingsleiarstillinga.

Me manglar framleis 100% miljøterapeut ved Bakkehaugen, og i tillegg til fleire ledige mindre stillingar (spesielt helg) ved bukollektiva har dette vore utfordrande. Me har hatt utlysning av miljøterapeutstillinga fleire gonger, og me har vore i kontakt med vikarbyrå for ynskje om ein vernepleiar. Dette er ei vanskeleg yrkesgruppe å få tilgang på.

Etter gjennomgang og tilbakemeldingar er dei tilsette i bukollektiva no meir på ein arbeidsstad. Det er framleis lagt opp til eit samarbeid mellom avdelingsleiarar og miljøterapeutar i turnusen. Ein har i 2017 nytta arbeidsturnus for å lette arbeidet rundt oppdekking av fråvær i stillingar. Dette har vore til god hjelp. Ein har òg hatt inne lærling i 100% som har praksis i begge bukollektiva, noko som har vore svært positivt.

I tillegg til eksisterande avlastningstilbod ved Grindatun, har me fått eitt nytt oppdrag med avlastning.

Lund arbeidsbase er staden for arbeids- og aktivitetstilbod til brukarar frå miljøtenesta, Psykisk helseteneste (som avsluttar sitt tilbod ved Lund i løpet av 2017), vaksenopplæring, integrasjonsenteret og flyktingtenesta. Tidvis er det òg arbeidstakrar via NAV og HAPRO som skal ha språk- eller arbeidstrening. Lund vert òg nytta av NAV/HAPRO for registrering av restarbeidsevne.

Lund tilbyr ulike aktivitetar og tenester som skal sikre tenestemottakarar eit godt dagtilbod, og tenester for dei som ynskjer å kjøpe dette.

Eks er bestilling av planting, sal av blomar, produksjon av ved, cateringprodukt, tenester, utleige av møtelokal m.m, og ein ser ei auking i omsetting her. Omsettinga av vedproduksjonen er stabil, men kunne vore større ved betre lagringsforhald.

Basen har 1,5 årsverk, der 0,8 er knytt til fire plassar for Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA). I 2017 har det vore nytta tre VTA plassar store deler av året. Refusjonen frå Valdres Arbeidssenter dekker difor 60% stilling.

Det har vore inne vikar i stillinga som avd.leiar ved Lund Arbeidsbase.



Helseavdelinga

Hovudarbeidsområde

Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgsteneste- lova: Legeteneste, fysioterapi,habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skule- helseteneste og psykisk helseteneste

Grupperetta og individretta tiltak for sunnare livsstil og auka fysisk aktivitet, m.a. frisklivssentral

Samfunnsmedisinske oppgåver som miljøretta helsevern, smittevern, beredskap, folkehelsearbeid

Det var 18 fast tilsette på helseavdelinga i 2017. Dette utgjorde 11,60 årsverk. Helsetenesta for asylsøkjarar er vidareført med 0,4 årsverk for sjukepleiar.

I tillegg kjem to privatpraktiserande fysioterapeutar (til saman 1 årsverk) og fast vikar for lege og hjelpepersonell ved legekontoret.

Kvalitetslosen blir nytta som system for internkontroll. Tida har ikkje strekt til for tilstrekkeleg vedlikehald av dokument i dette systemet. Det er ikkje rapportert om nye, alvorlege avvik, men eit avvik frå 2014 ang. bygningsmessige tilhøve er framleis ikkje retta med tilfredsstillande resultat. Det har ikkje vore tid til vernerunde.

Avdelinga har som før tilnærma ikkje sjukefråver.

I alle lokale for helseteneste i Vangstunet er det problem med temperaturreguleringa.


Økonomi

Ansvar 300-319 (Helseavd.)	Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik kr	Avvik %
-----------------------------------	------------------	------------------------------	---------------------	--------------------


Driftsutgifter	16 887 915	15 914 000	973 915	6,12
Driftsinntekter	-3 584 077	-2 628 000	- 956 077	36,38
Netto driftsutgifter	13 303 838	13 286 000	17 838	0,13
Investeringsutgift				



Brutto Driftsutgifter 2017



Utvikling inntekter/utgifter Helseavdelingen



Som ein kan sjå av tabellen ovanfor så hadde Helseavdelinga eit meirforbruk på ca. 974 tusen kroner i 2017. Av dette kan løn forklara 431 tusen kroner, der pensjonsutgifta utgjorde igjen ca. 340 tusen kroner. Også helseavdelinga hadde ikkje budsjetterte prosjekter i 2017, og dette utgjorde 722 tusen kroner, der 667 tusen blei avsett til neste år. Om vi justerer for prosjektmidlar så endar meirforbruket opp på 252 tusen kroner der pensjonutgifta forklarar alt saman.

I same periode hadde avdelinga ein meirinntekt på 956 tusen kroner der nemde prosjektmidlar utgjer 722 tusen. Resten kan knyttast til refusjonar frå staten (HELFO) på 234 tusen kroner meir enn budsjettert.

Om vi ser på utgiftsutviklinga så kan opprettinga av ansvar 300 (første heile driftsår i 2017) og flytting av denne frå IHT til Helseavdelingen (i denne oppsummeringa) forklare 6 millionar av hoppet frå 11,3 mill. i 2015 til 16,9 mill. i 2017. Med andre ord forklarar ansvar 300 heile utgiftshoppet. Helse og omsorgssjefen fører kommunale samarbeid (3,44 mill i 2017) og prosjektmidlar (722 tusen i 2017) på sitt ansvar.

Legekontoret

To av våre faste legar har hatt studiepermisjon deler av 2017 som del av spesialisering i allmenmedisin. Me har hatt vikarar inne for desse.

Det er også leigd inn vikar for lege for å få avvikla ferie og kursfråvær utan altfor stor ekstrabelastning for attverande personell.



Med full legebemanning er det høgt nivå på individretta forebyggande tenester og god kapasitet på kurative tenester, og terskelen for å få rask hjelp ved behov er særslig låg. Det er stor etterspurnad og svært høg arbeidsintensitet, men utvida stilling for hjelpepersonell har avhjelpt dette noko. Individretta forebyggande arbeid er prioritert, og tilsyn med sjukeheimen har vore utført uendra frå tidlegare år. Elektroniske løysingar for betaling, tinging av time og resept og liknande er innført og sparar noko tid for hjelpepersonell med mindre bruk av overtid, men har ikkje endra behovet for auka personell. Legekontoret har oppgradert journalsystem i 2017. Dette medførte noko meirarbeid i ei overgangsperiode.

Helseteneste for asylsøkjarar

Sjukepleiaren ved asylmottaket opplever tidvis svært stort press. Sjukepleiarressursen er auka til 100% fast, og har i tillegg 20% å bruke i periodar med stort press.

Utfordringer fra i fjor er et følge av Norges og Europas flyktningepolitikk. Nedlegging av mange mottak, lite asylsøkere som kommer inn i Norge og Europa. Stor «runover» på mottaket. De med oppholdtillatelse blir raskere bosatt, pga. kommuner nå nesten står i kø for å ta imot. De som kommer fra nedlagte mottak hit er i stor grad folk med endelig avslag, og mange ureturnerbare. Dette er en vanskelig gruppe. De har trekk i basis – dvs. de får mindre utbetalt. De har kun krav på øyeblikkelig hjelp – (hva er det, og hvem bestemmer hva det er?). Noen har vert her i mange år. Hva skjer med folk, som føler at ingen vil ha dem? Mange sliter psykisk og er sinte på hele verden. I tillegg er der lite vi kan hjelpe de med.

Også for legetenesta er asylmottaket ei utfordring, spesielt ettersom språk- og kulturforskjellar gjer mange konsultasjonar svært tidkrevjande og det er særslig krevjande å gi god medisinske tenester ved stor kulturforskje.

Tenesten måtte skifte journalsystem i 2017. Dette medførte ein del meirarbeid i overgangen.

Fysioterapi

Det var 2 saker som satte sitt preg på året 2017 for fysioterapeutene:

Forskriftsendring fra regjering pr. 1.1.2017, som medførte at pasienter med kroniske sykdommer, som tidligere fikk gratis behandling, nå også måtte avkreves egenandel. Det medførte også innrapporteringsplikt hver 14. dag. Å få innført disse nye rutiner var en tidkrevende prosess. For våre privatpraktiserende terapeuter var omleggingen mindre omfattende, men det oppsto flere irritasjonsmomenter, særlig i forholdet til IKT Valdres, som var til tider tidkrevende. For den kommunale fysioterapeuten var endringene mye mer omfattende. Programvareleverandøren og IKT Valdres, med bakgrunn i manglende interesse/kompetanse, maktet ikke å få til en løsning med direkte innrapportering via Norsk Helsenett. Faktum at fagsystemet kjører på server hos IKT Valdres, gjør det meget tidkrevende for fysioterapeut å få orden på løsningen: det har ikke lykkes i hele 2017. Resultat er manuell innrapportering via Altinn, en prosess som krever 2 ekstra timer i måneden.

Vår trofastaste avtalefysioterapeut Bjørg Olimb, sa opp avtalen sin. Gjennom en ryddig prosess fikk kommunen inngått ny avtale med Lena Jensen Rogn.

Fysioterapitjenesten har forsøkt å gjennomføre sine oppgaver som avtalt, men det har vore noko lengre ventetid på fysioterapi. Kommunefysioterapeuten har vært engasjert i 2 nye prosjekt: prosjektet Aktivitetsvenn for demente, hvor fysioterapeuten står for utforming av treningsopplegg der det er nødvendig, og prosjektet «Liv Laga», som er ment som en start for hverdagsrehabilitering/-mestring. Kommunefysioterapeuten deltar i planleggingen av prosjektene: å delta også i selve utføring vil ikke være mulig med dagens personalressurser. Fallforebyggende trening i samarbeid med frikslivssentral ser ut å gi resultat: det har ikke vært fall blant deltagere i gruppene. Grunnet stor aktivitet i pleie- og omsorg, har arbeid i skolen begrenset seg til individuell behandling/veiledning av enkeltelever.

Lokalene og medisinsk utstyr er i forskriftsmessig stand, renhold ble ikke utført i tråd med renholdsplanen, avvik ble meldt og lukket etter hvert.



Ergoterapi

I 2017 har det vore 80% ergoterapeutstilling (20% permisjon frå full stilling).

Ergoterapistillinga vart organisert saman med korttid- og heimetenester frå 01.01.17

Ergoterapeuten jobbar med bustadttilpasningar og tilpasning av hjelpeemidler for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i kvardags-og samfunnsliv slik dei ynskjer. Ergoterapeuten jobbar med trening / rehabilitering heime og i institusjon, og har i samarbeid med Uppigarden nytta heimebesøk saman med innlagte pasientar for planlegging av heimreise, noko som har vore svært nyttig.

Ergoterapeuten deltek i tverrfaglege møte i IHT og er med i tildelingsteamet i IHT, med ansvar for ein del karlegging / saksførebuing i forkant av møter. Ergoterapeut deltek i ansvarsgrupper både for barn og vaksne, nytta videokonferanser-/møter ved behov og har koordinatoransvar.

Ved oppstart av barnehageåret 2017/2018 har det vore Skrivedans for førskuleborna i Høre barnehage.

Ergoterapeut har jobba med oppstart av Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering, noko som har kravd ressursar i perioder.

Ergoterapeut deltok på ReHabiliteringskonferanse 2017 i regi av Fylkesmannen i Oppland, Fylkesmannen i Hedmark og Sjukehus Innlandet. Ergoterapeut tok to-dagarskurs i kartleggingsverktøyet Canadian Occupational Performance Measure (COPM), eit valid og mykje brukt reiskap innan kvardagsrehabilitering. Ergoterapeut deltok og på Norsk fagkongress i Ergoterapi.

Ergoterapeut har vore med å arrangert Rullatortreff i samarbeid med Dagsenteret og fysioterapeut.

Vang kommune har starta eit prosjekt for å endre tilnærming til tenesteyting og designe bærekraftige helsetenester for framtida. Ergoterapeut har hatt prosjektansvar for prosjekt kvardagsmeistring, som ser på intensiv trening på viktige aktivitetar og funksjonar hjå tenestemottakar. Målet med prosjektet er å bidra til at folk kan meistre kvardagen mest mogleg sjølvstendig og med dei tenestene som er naudsynt, og gjennom trening og tilrettelegging forhindre eller utsetje behovet for omfattande helse- og omsorgstenester. Prosjektgruppa er tverrfagleg samansett, med fysioterapeut, vernepleiar og sjukepleiarar frå både korttidsavdeling og heimetenesta i tillegg til ergoterapeut. Prosjektarbeidet har teke ein god del tid, og prosjektet går også gjennom 2018.

Ergoterapeut yter og tenester til bebuarar på mottaket som treng tilrettelegging og hjelpeemidler. Dette kan vere krevjande saker, både pga språkproblem og kulturforståing, men og i høve til kva rettar den einskilde har til m.a naudsynte hjelpeemidler. Det er eit godt samarbeid med sjukepleiar ved mottaket.

Hausten 2017 var ergoterapeuten rettleiar for ein tredjeårsstudent frå Ergoterapeututdanninga ved NTNU Gjøvik.

Ergoterapeut har systemansvar for ACOS IP (elektronisk individuell plan) og ansvar for ajourhald av kommunalt korttidslager for hjelpeemidler i samarbeid med fysioterapeut.

Ergoterapeut har regelmessige fagmøter med ergoterapeutar i dei andre valdreskommunene for å drøfte saker av felles interesse og halde seg fagleg oppdatert.

Det er generelt relativt kort ventetid for bistand frå ergoterapeut. Tenesta er godt budd på oppgåver som kjem, og kan ta seg av omfattande tverrfaglege oppgåver i samarbeid med andre tenester på relativt kort tid.



Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har hatt jamn arbeidsflyt og stabil bemanning gjennom heile 2017. Bemanningsressurssen er 2.5 årsverk. Arbeidet består av individuelle samtaler, men innhald og ein del samhandling med andre instansar og førebyggande tiltak.

I slutten av året 2017 vart dagsenteret tilbodet avvikla på ubestemt tid. Det har vært dalande interesse for dette tilbodet ei stund no, og rekruttering av nye brukarar har ikkje lykkast. Aktivitetstilbod er viktig for mange som ikkje kan stå i arbeid eller treng hjelp på dei sosiale arenaer, men fleire vil ha det individretta og da er støttekontakt/treningskontakt ein betre tilpassa løysning.

Den årlege verdsdagen for psykisk helse blei i 2017, slik som mange år før, markert både ved å ha informasjon «stand» ved lokal matbutikk og deltaking på arrangement på Valdres vidaregåande skule. I tillegg vart dagen markert ved VBU med Simen Almås si førelesning om livets utfordringar og korleis ein kan komme seg gjennom vanskelige ting. Markeringa ved VBU var samarbeid mellom helsesystrene, det kommunale førebyggande rusteamet og psykisk helseteneste.

Psykisk helse har lenge vært en gløymd kapittel i helseverden, men i dei siste ti-åra har helsemyndighetene arbeida iherdig for å gje tenestene betre rutinar og samfunnet generelt økt fokus på området. I 2017 var satsing spesielt på rus og psykiatri, derunder boligutfordringar, og i mai 2017 deltok psykisk helse på ein større konferanse der dette var hovudtema.

Bustader og sosial oppfølging for menneske med alvorlege psykiske lidningar og/eller rusmiddelproblem er ei stor utfordring, som alle Valdres kommunar kjenner til. Det ble difor søkt prosjektmidlar frå Helsedirektoratet for å gjere ein kartlegging kva for ein teneste som trengs rundt denne pasientgruppa i regionen i framtida som kjem. Vang ble vertskommune for dette forprosjektet og i desember 2017 starta arbeidet med prosjektleder i 100% engasjement i spissen. Alle kommunane er representert i prosjektgruppe, samt NAV og brukerrepresentant. Sluttrapporten skal vera ferdigstilt i august 2018.

Andre viktige tema for året 2017 har vært konferanse om Vold i nære relasjoner, barn som pårørende- fagdag og opplæring i helsepedagogikk.

Helsestasjon og skulehelsetjeneste

Helsestasjonstenesta har 1,5 årsverk for helsesyster pluss lege i ca 0,1årsverk. Hovudfokus for tenesta er helseopplysing til foreldre, og støtte til meistring og positiv utvikling hjå born og unge.

Det er utstrekkt tverrfaglig samarbeid. Helsesystrene er del av tverrfagleg team som har møter 2 gonger pr. år i barnehagane og på skulen.

Det er ei merkbar auke av born som har langvarige og samansette behov som har ansvarsgrupper der helsesyster har ei koordinatorrolle.

Helsesystertenesta og psykisk helseteneste er sentrale i det rusførebyggande arbeidet i Vang kommune. Tenestane utgjer ilag med representant frå skule, politi og ungdomsrådet, Rusgruppa.

Rusgruppa har endra namn til «Førebyggande team». Gjennomfører ulike kurs og møter med ungdom og foreldre, m.a. programmet UTSETT! – eit foreldreretta program for rusførebygging utvikla av KoRus Øst.

Jordmortenesta for Vang er interkommunal og held til på Valdres lokalmedisinske senter. (sjå eige årsmelding).

Helsestasjonen og psykisk helseteneste har sett i system opplæring av foreldre i COS-P – tryggleikssirkelen. Eit foreldreveiledningskurs som skal trygge barn.



Det er relativt stort press på helsestasjonstenestane grunna asylmottaket. Asylsøkjarane har rett til same helsetenestene som resten av befolkninga. Konsultasjonar og informasjon må i stor grad gjennomførast via tolk. Dette er krevjande både for tenestemottakar og ytar. Samarbeidet med Vang mottakssenter er godt.

Grunna auka migrasjon er det laga ein plan for, og gjennomført vaksinering av tilsette på Vang mottakssenter, Introduksjonssenteret, Gullringen, Vangsheimen/heimesjukepleia, personalet på VBU og i barnehagen.

I desember 2017 byrja helseyster og psykiatrisk sjukepleiar på opplæring i **TIBIR**; eit program for forebygging og behandling av atferdsproblem hjå born tilpassa det kommunale tenestenivået.

[Frisklivssentralen](#)

Antall brukere:

I 2017 var det henvist 21 nye brukere, derav 9 fra lege, 1 som tok kontakt selv, 1 fra psykiatritjenesten og 8 fra asylmottak. . I tillegg var det 10 brukere som videreførte/forlenget sine reseptperioder.

Regionale tilbud ved Frisklivssentralene i Valdres:

Foruten individuell oppfølging til personer med frisklivsresept, har Frisklivssentralen også ulike gruppetilbud. Vi samarbeider med alle frisklivssentralene i Valdres, slik at brukere eller andre interesserte kan benytte tilbud i andre kommuner.

Lokale tilbud ved Frisklivssentralen i Vang:

I Vang har Frisklivssentralen hatt en gruppetreningstime hver tirsdag formiddag hele året. Det har vært stabil oppslutning med rundt 3-5 deltakere (fremmøtende) hver gang. Det er en times trening med lett oppvarming og hovedsakelig funksjonell styrketrening.

Tilbuddet om "Balanstrening for seniorer" er videreført fra 2016, og tilbys hver torsdag formiddag. Det er 1 times balanstrening, og målgruppa er eldre som går uten hjelpeemidler. Stabil oppslutning også her på rundt 4-6 deltakere pr. gang. Vi tilbyr også en time med «Styrke- og balanstrening» i Ryfoss hver torsdag kveld. Instruktør er Gudrun Gustavsen, som lønnes som treningskontakt til dette formålet. Her var deltakelsen noe høyere på vårhøstvåret med rundt 5 personer. Høsthalvåret har det vært 2 personer som har kommet regelmessig. Tilbuddet var i utgangspunktet tenkt som en gruppetrening, men det har utviklet seg til å bli noe individuelt rettet, da deltakerne har hatt ulike forutsetninger og funksjonsnivå for ulike øvelser. Tilbakemeldingene har vært at dette er positivt for den enkelte, og at dette er viktig for at de klarer å komme i gang med styrketrening.

I samarbeid med Frisklivssentralen i Vestre Slidre, arrangerte vi kurs i «Bra mat for bedre helse» våren 2017. Det var 6 deltakere på kurset, som foregikk over 5 kvelder i mai/juni. Erfaringen fra oss som arrangør, og også tilbakemeldingene fra kursdeltakerne er at det var noe ugunstig å ha dette kurset så sent på våren. Det foregår mange arrangementer for øvrig i mai/juni. Vi vil arrangere nytt kurs våren 2018, men denne gang i løpet av februar/mars/april.

«Middagshygge» er et tilbud hvor målgruppa er personer som bor alene/ er enslige, og som ønsker å tilberede og spise mat i selskap med andre. Gjennom tidligere «Bra mat kurs» er det ofte blitt uttrykt at det er trist og kjedelig å lage mat til seg selv, og dermed blir kostholdet også lite variert for enkelte. Vi startet opp med dette tilbuddet i 2016, og hadde en samling hver måned. Tilbuddet ble videreført i 2017, men ble foreløpig avsluttet etter mai i år. Det var da flere deltakere som ikke kunne delta mer. Vi forsøkte å komme i gang igjen i september, men fikk for liten oppslutning. Årsak til dette kan være tidspunkt, økonomi for den enkelte og økt ansvar på de gjenværende, «gamle» deltakere for gjennomføring. Tilbuddet ble foreløpig lagt på is, men vil bli jobbet videre med i 2018. Blant annet vil vi se på mulighet for å søke prosjektmidler til dette formålet, samt endre lokalitet og eventuelt tidspunkt.



Prosjekter

I 2016 fikk vi tildelt prosjektmidler for å arrangere kurs i diabetes type 2. Det var veldig godt, og tilbakemeldingene fra deltakerne var veldig gode. Vi hadde fortsatt igjen prosjektmidler etter endt kurs, og fikk videreført disse til 2017. Derfor ble et nytt kurs arrangert over 2 kvelder på Høre samfunnshus i november 2017. Overlege Dag Paulsen og Diabetessykepleier Tilla Landbakk var innleide kursholdere. Vi arrangerte dette kurset i samarbeid med Frisklivssentralene i Øystre Slidre og Vestre Slidre, samt med Diabetesforbundet i Valdres. I år deltok 18 personer, og alle kom fra enten Vang eller Vestre Slidre. Deltakerne var enten henvist av sin lege, eller de meldte seg på etter annonsering i avis og sosiale medier. Tilbakemeldingene var svært gode.

I løpet av våren 2017 kom det frem ønske om mulighet for treningsområde med apparater ute her i Vang. Dette er noe som tidligere også var planlagt i kommunen, og beskrevet som aktivitetspark. Frisklivssentralen undersøkte ulike muligheter, og innhentet etter hvert en del informasjon om bruk og etablering av «Tufteparks». Dette har vist seg å være godt etablert og benyttet i flere kommuner i Norge. Derfor søkte vi midler gjennom Sparebankstiftelsen DnB for å kunne etablere en slik park i Vang. I desember 2017 fikk vi svar på søknaden, og Vang kommune fikk tildelt kr. 300 000,- til dette formålet. 2018 vil derfor bli et år hvor vi håper å få etablert en slik park.

Frisklivssentralen i Vang har samarbeidsavtale med både Gnist og Ryfoss Treningssenter. Det innebærer at brukere *med Frisklivsresept* har mulighet til å benytte seg av treningsrom/tilbud ved de to sentrene i reseptperioden, dersom det er aktuelt.

Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem:

Arbeidet med overgang til e-journal ble startet opp høsten 2015. Det ble avgjort at programmet "Profil" skal benyttes for den elektroniske dokumentasjonen. Bruken av e-journalsystemet Profil er nå innarbeidet. Vi ser noen svakheter med bruk av systemet, blant annet når det gjelder personvern og tilganger. Dette ønsker vi å løse, og er i dialog med systemansvarlig i kommunen angående dette.

Økonomi

Brukere som får frisklivsresept betaler ingen egenandel til kommunen/frisklivssentralen per i dag. Dersom en bruker ønsker å benytte tilbuddet med å trenere på ett av treningssentrene i reseptperioden på 3 måneder, belastes de med en egenandel på kr 300,-. Kommunen betaler kr. 600,- til det aktuelle senteret per bruker som benytter tilbuddet. For deltakere på gruppentreninger/tilbud (uten frisklivsresept), belastes kr 150,- per halvår.

Dette er priser som kan vurderes å øke i 2018.



Planar, tiltak og utfordringar framover

Den største kjende utfordringa for helse- og omsorgsetaten framover er å utvikle bærekraftige tenester: Den demografiske utviklinga, innbyggjarane sine behov for helse- og omsorgstenester, kommunen sin økonomi og tilgangen på tilstrekkeleg kvalifisert arbeidskraft er ikkje foreineleg i åra framover.

Tiltak:

«Redesign av tenester for å møte framtidas utfordringar». Prosjektet skal vidareførast i 2018 og 2019.

Vera ein attraktiv arbeidsplass

Planar jf. planstrategi:

Oppdatert folkehelseoversikt

Rullering handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Rullering demensplan

Bustadstrategi for Vang kommune

Vurdere å utarbeide ein kommunedelplan for helse- og omsorg.



Landbruk/teknisk

Etatsleiar: Landbruk/teknisk sjef Terje Hålien

Tilrettelegge for næringsutvikling.

Utvikle gode bumiljø og tenestetilbod.

Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte.

Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønn styringssignalen heimlar.

Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringer og aktuelle tilleggsnæringer i Vang.

Hovudarbeidsområde



Administrasjon, behandling og forvaltning av arealplanar, vilt- og landbruksforvaltning, byggjesaksbehandling, frådelingssaker, matrikkelarbeid og oppmåling, vatn- og avløpsforvaltning. Tilrettelegging for nye bustadfelt, næringsbygg/areal, vedlikehald kommunale bygg og anlegg, drift av brann- og feiarvesen, kommunale vegar og gatelys, vatn(avløps)anlegg og renovasjon.

Talet på tilsette var 18 i 2017. Dette utgjorde 16,3 årsverk. I tillegg kjem stillinga som GIS-konsulent felles for Valdres og 17 brannmannskap i deltidsstillingar i tillegg til brannsjef og varabrannsjef. Lars Øyvind Hovda vart tilsett som ny vaktmeistar etter Ingar Hålien som gjekk av med pensjon.

Økonomi

Ansvar 400-490		Rekneskap	Regulert budsjett	Avvik	
				Kr	%

Driftsdel	Utgifter	28 876 508	28 069 000	807 508	2,88
	Inntekter	-22 086 711	-20 195 000	- 1 891 733	9,37
	Netto driftsutgifter	6 789 796	7 874 000	-1 084 204	-13,77
Investeringsdel	Utgifter	12 596 121			
	Inntekter	-4 009 937			
	Netto inv.utgifter	8 586 184			



Landbruk/teknisk etat hadde eit overforbruk på 808 tusen kroner i 2017, der hovudtyngda kan knyttast til arbeidet med sentrumsplana. Sentrumsplana hadde eit budsjett på 950 000 kroner og vart opprinnelig tiltenkt investeringsrekneskapen. Det viste seg at det ikkje var mulig å føre planleggingsutgifter i investeringsrekneskapen og difor ble prosjektet overført til drift. Totalt forbruk enda på ca. 800 tusen kroner og forklarar difor det meste av overforbruket.

Om vi graver litt djupare i tala kan vi sjå at det og vart eit overforbruk på kjøp av tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon på 573 tusen kroner. Dette gjeld eit matrikkelforbetningsprosjekt 568 tusen kroner som det ikkje var budsjettert for innan VGIS. Prosjektet blei i sin heilhet finansiert av avsette midlar og tilskot frå staten. Det var også eit overforbruk på overføringer då det ble gitt nokre høgre tilskot enn budsjettet (ca 140 tusen) og grunna overføringa av sentrumsplana til drift så aukar også mvautgiftene (ca 280 tusen), men det var eit større mindreforbruk på lønsmidlar (421 tusen delt 50/50 mellom fast løn og pensjon) som utlikna dette meirforburket. Overskotet på vass og kloakk ble noko mindre enn fyrst antatt så det vart også eit mindreforbruk på 477 tusen kroner på finansutgifter då overføringer til fond ble mindre.

Om vi ser på inntektene så hadde etaten meirinntekter på ca. 1,9 millionar kroner, der 463 tusen kroner er knytt til bruk av fondsmidlar til VGIS prosjektet, 905 tusen er knytt til meirinntekter på gebyr, og ca. 184 tusen er knytt til assorterte salsinntekter. Refusjonar



hadde meirinntekter på 226 tusen fordelt ca. 50/50 mellom sjukelønsrefusjonar og momskompensasjon.

Om vi ser på kostnadsutviklingen dei siste årat så har etaten hatt eit noko stabilt utgiftsnivå sidan 2014. Dette vil nok endre seg i 2018 da det er gjennomført ein oppbemanning i etaten og at planutgifter ikkje lengre skal førast i investering som det har vore gjort før.

Bygningsavdeling

Det vart innvilga byggeløyve for 31 nye hytter i 2017 (26 i 2016) og eitt leilegheitsbygg med tre leilegheiter.

Det er gjeve byggjeløyve for sju (tre i 2016) nye einebustader, ei utleigeleilegheit og ein to-mannsbustad (ein i 2016).

Det er gjeve byggeløyve for tre nye driftsbygningar, tre nye sel og ei fiskebu.

Totalt er det behandla 245 (217) saker inkl. utsleppssaker etter delegert behandling i 2017, og 28 (17) saker er lagt fram for politisk behandling i hovudutvalet.

Delegasjonssakene omfattar elles tilbygg, ombygging og mindre bygningar, som garasjar og annekts, og utsleppsøknadar. Det er i 2017 også innvilga løyve for bygging av to butikklokale og eit nytt verkstadbygg. Ein del saker omfattar oppfylgjing av ulovleg bygging, der nokre er pålagt riving av ulovleg oppførte tiltak, og fleire er ilagt overtredelsesgebyr.

Det kom inn 932 000 kr (715 000 i 2016) i gebyr for behandling av byggjesaker.

Det er no 1,2 stillingsheimel som arbeider med byggesaker, inkl. avløpssaker, etter at det vart tilsett ny saksbehandlar i ledig kombinert stilling innan fagområda arealplan/byggesak/beredskap i juni i fjor.

Som eit ledd i å oppfylle målsettingar i kommuneplanen har kommunen i 2017 utarbeidd og vedteke kommunale retningsliner for – på definerte vilkår – kunne tilrå frådeling av tomt/ stol eller tun der det vil gje auka busetnad og omsetning av bruk. InnoVangsjon (Huga på gard) og bondelaga har vore drøftingspartar

Arealplanlegging

Planstragi

Planstrategien for 2016-2019 vart vedteken 24.6.2016. Denne gjer ei oppsummering av heile planlista til kommunen og prioriterer kva planar som skal reviderast og utarbeidast og når i kommunestyreperioden. Næringsutvikling, bustadssituasjonen i kommunen, sentrumsutvikling og vassmiljø, energi og klima er prioriterte fokuspunkt.

Kommuneplan

Kommuneplanen frå 2014 (med ei mindre endring i 2015) styrer arealbruken og utnyttinga av uregulerte bustadar og fritidsbustadar i kommunen. Jamfør planstrategien skal ikkje kommuneplanen reviderast i inneverande kommunestyreperiode.

Kommunedelplanar

Kommunen arbeider med ny kommunedelplan for Tyinkrysset. Destinasjonsplanen er oppgradert av Ecosign for å ta høgde for utviklinga som har skjedd sidan den vart laga i 2011. Hausten 2017 vart eit førebels utkast til planomtale, plankart og føresegn sendt til Regionalt planforum. Saka vart presentert av administrasjonen og dei regionale og statlege myndighetene gav tilbakemeldingar på kva dei såg av forbetringspunkt for sine fagområde.

For kommunedelplanen for trafikksikring er revisjonen påbegynt.

Reguleringsplanar som er vedtekne og under utarbeidning/behandling

I 2017 vart det vedteke fire nye reguleringsplanar i Vang. To av desse var med næringsutvikling for auge: Utgard Næringsområde og Skjefte Fjelltak. Dei to andre var for sikringsbu, Nedre Gjessin, og fortetting av hyttefeltet ved Reikesteinsøddin.



Områdeplanen for Vang sentrum har fått mykje ressursar i 2017. Målsettinga er å få den sluttbehandla i fyrste halvdel av 2018. Denne er viktig for å nå målsettingar i kommuneplanen og planstrategien. Utgiftene til planlegginga var først sett opp som ei investering, men revisjonen meinte at dette måtte takast som ei driftsutgift. Derfor den store auka i høve til driftsbudsjettet.

I tillegg er følgjande reguleringsplanar i prosess:

- Øyebakkin
- Vassverk&reinseanlegg
- Krøssvølhaugadn
- Tindesyn (L1 og L2)
- Tyin Trafikkareal
- Nystuen
- Raudalen (Tinde)

Det vart kravd inn kr 186 000,- i gebyr for behandling av private planforslag i 2017.

[Frådeling, oppmåling, kartlegging, seksjonering og plassering av bygg](#)

Frådelingssaker krev samla vurdering etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova o.a. Avhengig av type søknad blir slike saker førebudd av landbruk-, bygg- eller matrikkel-ansvarleg. Etter frådelingsløye blir deling gjennomført ved oppmålingsforretning.

Eldre, umålte tomter eller grenser kan målast utan behandling etter plan- og bygningslova. gjennomført 99 forretningar etter matrikkellova i 2017, berre 8 gjaldt nye tomter. Bygging skjer framleis på reserven av frådelte tomter frå 2007-10. Mangel på løysingar for vassforsyning har store ringverknader. Dei fleste forretningane på eldre skyldelte tomter i 2017 gjaldt vasskraftanlegg frå 30-70-talet. Det har Det vart vore ein betydeleg ryddejobb både i fjellet og i matrikkelen. Arbeidet er utført i nært samarbeid med FBR (Foreningen for Begnavassdragets regulering) og GLB (Glommen og Laagen brukseierforreing). Arbeidet held fram i 2018

Oppmåling av eldre umålte tomter er subsidiert gjennom gebyrregulativet – det er i lovens intensjon å bidra til at kvaliteten på matrikkelen stadig blir betre og meir komplett. Retting av reelle feil blir normalt utført utan å krevje inn gebyr. Ved nyttår avslutta vi eit 3-årig matrikkelforbettingsprosjekt felles i Valdres, sluttrapport er levert og presentert i regionale og nasjonale fora då den peikar på tiltak som bør føljast opp vidare både med omsyn til lovheimlar, system og finansiering.

I oppmålingsgebyr kom inn 650.00 kr (inkl oppmåling av uteareal på seksjonar). For plassering av bygg der ansvarleg søker vel å nytte kommunen som ansvarleg føretak, kom inn 70.000 kr. For tilrettelegging av meglarinformasjon (om bygg, plan og eigedom før omsetning) kom inn 63.000 kr.

Kartleggingsprosjekt pågår kontinuerleg, prioritering uttrykt i Geodataplan for Hedmark og Oppland. Kommunane gjev årleg innspel på regionale møter der alle eigarane av kartdata møtes – i alle hovudsak offentlege.

Kartverket reiste i 2017 namnesak på skrivemåten av ei rekke namn. Førebuing av sak har involvert stadnamnnemd og teke saksbehandlingsressurar.

Vang kommune er arbeidsgjevar for GIS-konsulenten i Valdres. Han driftar felles kartsystem for Valdres (VGIS) og bidreg med opplæring, oppgradering og teneseter for alle kommunane. Funksjonen er heilt vesentleg for kommunane sitt servicenivå.

[Bustadtiltak og vedlikehald](#)

Ledige bustadtomter i kommunale felt: Tyinkrysset 2, Høgeset 4; ein forkjøpsrett som ikkje er nytta, Lundsmarka 0, Nordigarden 0; (to resterande er delt på 4 bebygde tomter), Bøaflata



0, Åsvang 4 (8 til om VA-blir tilrettelagt), Ryfoss 2 og Steinræet 7. (Tomtene må snart ryddast for skog for å framstå som salgbare!)

Det er gjeve kommunalt tilskot til to bustader.

Kommuneplanen legg til rette for nye, private bustadfelt på Hensåsen og i Vang. Kommunen vel å utvikle nytt bustadfelt i kommunal regi i Ryfoss.

Også i 2017 var det tilsett skuleungdomar som sommarvikarar i periodar på 14 dagar. Denne ordninga fungerer bra.

[Brann- og feiarvesen](#)

Det har vore 27 utsyrkingar, 6 utsyrkingar til trafikkulykker og 5 bistand helse. Det har ikkje vore større brannar i år.

Valdres brannførebyggjande avdeling har gjennomført spesielt brannsyn i 5 av 37 objekt i Vang.

Det er feia 449 piper og utført 160 tilsyn av fyringsanlegg. Dekningsgraden for feiarvesenet er 59 %, mot 85 % i 2016. Det blir elles vist til eige årsmelding for brann- og feiarvesenet.

Alle Valdreskommunane unnatake Nord Aurdal har no fatta vedtak om felles brann-, rednings- og feiarvesen, organisert som eit IKS samarbeid.

[Landbruk](#)

Bruk med mjølkekyr:	37 (40)	Mjølkekyr:	578 (600)
Bruk med andre storfe:	53 (48)	Storfe/ammekyr:	1396 (1333)
Bruk med sau:	46 (44)	Vinterfora sau:	2477 (2321)
Bruk med mjølkegeiter:	4 (4)	Mjølkegeiter:	431 (429)
Bruk med pelsdyr:	5 (7)	Pelsdyrtisper:	700 (1169)

Tal for 2016 i parentes.

Ingen statleg kvote var å få kjøpt i 2017.

Avløysing i husdyrbruket vart administrert av Vang avløysarlag.

Det vart ikkje gjeve statsstøtte til driftsbygningar i Vang i 2017, Det vart gjeve kommunalt tilskot til 2 nybygg og 2 utbetringer i fjøs heime.

1 reiskapshus fekk kommunal støtte. Det har ikkje vore betalt ut kommunalt tilskot til nydyrkning eller grøfting i 2017.

For tilskot til spesielle miljøtiltak jordbruks kulturlandskap (SMIL) var det 13 søknader frå Vang i 2017. Av desse gjaldt 11 rydding av gamal kulturmark og 2 verneverdige bygningar.

Yngve Rekdal frå NIBIO la fram sluttrapporten for vegitasjonskartlegging i Øye for kommunestyret på dagtid og beitebrukarar om kvelden.

Det vart i 2017 halde fagkveld om gjødslingsplanlegging i samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving.



Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltings- og rådgjevingsansvar etter skogbrukslova med forskrifter. Bruk og forvalting av skogfond og rentemidlane av skogfondet hører til dette.

I 2017 vart det avverka 4 864 m³ tømmer med ein bruttoverdi på 1 296 945 kr.

Kommunen har i fleire år, i samarbeid med Vestre Slidre og skulen arrangert skogdag for 5. klasse, med naturstig med tema om skogen og andre aktivitetar. Dagen vert og arrangert i samarbeid med skogeigarlaget. Eitt populært tiltak.

I 2017 arrangerte kommunen kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag. Her deltok 6 ungdomar som kommunen dekte deler av kursavgifta for, med bruk av rentemidlar. Eit populært tiltak som det er ynskje om å arrangere fleire av.

Dersom ein gardbrukar skal ha tilsette til å drive i skogen så er det eit krav frå Arbeidstilsynet at desse skal ha utført kurs i hogstteknikk og bruk av motorsag.

I samarbeid med Valdreskommunane vart det i 2015 tilsett ein person i eit pådrivarprosjekt, der ein skulle gå aktivt ut til skogeigarane for å få dei til å drive med skogkultur som planting, ungskogpleie og liknande. I 2017 var det ingen skogkulturtiltak i Vang.

På skogavgiftskontoen for Vang pr. 31.12.17, stod det inne kr 856 890. (skogsavgift + rentemidlar). Rentene utgjorde kr 13 774,55,-. Rentemidlane skal nyttast til fellestiltak, informasjon og arrangement. For 2017 vart det nytta kr 21 243,- til informasjon og pålagt andel til Fylkesmannen, skogeigarlaget og pådrivarprosjektet for Valdres.

Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioda 2014-2017.

I 2017 vart det felt 44 elgar av ei kvote på 57 og 74 hjortar av ei kvote på 98. Avskytinga i 2016 var 45 elg og 56 hjort.

I samband med utbrudd av skrantesjuke på villrein i Norfjella, vart jegarane i Vang kommune pålagt å ta hjerneprøve av alle felte hjortevilt over 1,5 år i 2017. Det vart ikkje påvist smitte av skrantesjuke her i Vang.

For utrykking ved viltpåkørsler og anna skade har kommunen avtale med ei ettersøksgruppe på fire personar. Desse rykkjer ut på kort varsel ved melding til politi eller vaktcentralen.

Det er registrert 21 fallvilt i 2017. Av desse er 15 daude eller avliva. Av desse var 5 elg, 5 hjort og 5 rådyr.

Reindrift

Vang har to tamreinlag, Filefjell og Fram, med ca. 6 000 vinterdyr til saman og ein årleg produksjon på nærmare 100 000 kg kjøt.

Filefjell har sumarbeite i Filefjellområdet og vinterbeite ved Vassfaret. Fram held til aust for Tyin om sumaren og i Gausdal vestfjell om vinteren. Lom og Vågå tamreinlag leiger beite nord for Bygdin.

Rovdyr

I 2017 vart ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko rovvilt. Samla tap vart 260 av 7988 slepte sau/lam (3 %) som er normaltap på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap. Statens naturoppsyn (SNO) v/rovvilkontaktane har ansvaret for å dokumentere tap av beitedyr grunna rovvilt, og må varslast så fort som råd i slike tilfelle. Dokumentert tap i Vang gjaldt gaupe. Norges Jeger- og fiskeforeining i samarbeid med NINA har sett i gang prosjekt i Oppland for betre å kunne dokumentere gaupebestanden. I Vang er det sett opp 2 viltkamera. Dette har resultert i at det er dokumentert ei familiegruppe i



kommunen. Viltansvarlege i Valdreskommunane og leiarane i dei kommunale fellingslaga har diskutert meir samarbeid under forsøk på felling av rovvilt.

Det kommunale fellingslaget i Vang har hatt 3 samlingar der dei går i gjennom beredskapsplan for akutte tiltak mot rovviltskade og der dei har skytetrenings.

Rovviltutvalet er samansett av beitelaga, tamreinlaga, fellingslaget for rovvilt og ordførar som leiar. Utvalet har møter 2 gonger i året, der ein går igjennom bl.a. beredskapsplan og gjennomgang av sesongen.

I 2013 vart det innført skotpremie. I 2017 vart det utbetalt kr 21700 i premie og det vart felt:

Kråke	Ravn	Skjære	Røyskatt	Mink	Mår	Rev
10	6	22	0	1	1	64

Kommunale vegar

Arbeidet med skilting av vegar var i hovudsak ferdig i bygda. Vegen Heen -Remmesåsen vart opprusta med noko masseskifte, utskifting av stikkrenner samt nytt asfaltdekke. Rekkverk skal skiftast i 2018.

Vatn og avlaup (VA)

2Nye overføringsledninger for vatn og avlaup på Tyinkrysset vart oveteke av kommunen i 2017. Nye Tyinkrysset renseanlegg vart igangkjørt, medan overtakelsen vart utsett til 2018 grunna at arbeid ikkje var heilt ferdig.

Kommunestyret har vedteke å planlegge vassutbygginga på Filefjell saman med den komande kommunedelplanen for området. Rammeplan VA er allereie utarbeida, det er viktig at denne blir tilpassa og teke inn i kommunedelplanen sine føresegner.

I 2017 lykkast næringslivet og Vang kommune å bli einige om ei avtale om medfinansiering av nye Tyinkrysset vassverk. Avtala omfatta bygging av vassverk, høgdebasseng og VA ledning med eit budsjett på 45 mill. kr. Avtala vart godkjent i kommunestyret i desember 2017 og byggestart i 2018 er ein realitet

Kartlegging og digitalisering av leidningsnettet er viktig. I 2017 kartla ein summarvikar nesten heile VA nettet på Tyinkrysset. Vang kommune har no digitalisert om lag 95% av leidningsnettet.

Som forureiningsmynde har kommunen ansvar for oppfølging av private avløpsanlegg. På grunn av bemanningssituasjonen er ikkje dette arbeidet vorte prioritert. Arbeidet kan gebyrfinansierast.

Dekningsgrad vatn 118 % (115,6%) og dekningsgrad avlaup 138 % (147,7%).

Kommuneskogen

Vang kommune hadde i 2017 fire skogteigar: Brekken, Øvre Brekkebakkadn, Torpe og Veflen med til saman ca. 902 da skog fordelt på ca. 21 da med høg bonitet, ca. 456 dekar med middels bonitet og ca. 425 da med låg bonitet. I tillegg ca. 37 da anna areal. Hjorteviltjakta i desse teigane blir leigt ut til nabojaktfelt eller inngår i organisert viltlag.

Sist på 2017 vart Øvre Brekkebakkadn seld. Eigedomen har eit samla areal på ca. 72 da fordelt på ca. 21 da skog med høg bonitet og ca. 14 da skog med låg bonitet og ca. 37 da anna areal.

Skogarealet som kommunen eig no er 867 da fordelt på ca. 456 da med middels bonitet og ca. 411 da med låg bonitet.



PLANAR og tiltak FRAMOVER

Byggjesaker

Det er å rekne med at søknadar på bygging av nye hytter vil halde seg på omrent same nivå komande år som det har vore dei par siste åra. Vedtaket om å bygge nytt vassverk i Tyinkrysset, kan gje auka aktivitet, spesielt i Tyinkryssområdet, dei komande åra.

Det er framleis att ca. 650 ledige og godkjende hyttetomter i regulerte felt. Tenlelia har att mange ledige tomter. Elles er det att mange ubygde tomter i Haugastøl i Vang heimlier, på Tyinkrysset og ein del i øvre Gudbrandslie. Også på Tyinholmen og Målnes er det mange ledige tomter. I Raudalen er det bygd fleire nye hytter dei siste åra, og det vil truleg koma mange hytter her framover.

Det nye, private bustadfeltet på Heensåsen har tydelegvis utløyst eit behov. Her vart det starta bygging av tre nye bustader i 2017, og det er levert inn ein ny søknad så langt i 2018.

Det kommunal bustadfeltet på Åsvang har att nokre få ledige byggeklare tomter, og fleire tomter kan gjerast byggeklare ved å legge meir va-ledningsnett (kloakk-pumpeledning).

Prosjektering av infrastruktur i det nye bustadfeltet i Ryfoss vil bli gjort i år, slik at utbygging kan starte neste år, viss det blir løyvd midlar til det. Det er berre att eit par byggeklare tomter i bustadfeltet i Ryfoss.

Byggefeltet på Bøaflato er fullt utbygd. Det er att tomter i Steinræet og i det kommunale feltet på Tyinkrysset.

Det ser ut som det er aukande interesse for bygging av bustadar på spreidde, private tomter, og det vil mest truleg koma fleire søknadar om godkjenning av slike framover. I kommuneplanen sin arealdel er det sett av fleire område i kommunen til dette føremålet.

Kart og oppmåling

Kvalitetshaving av matrikkelen vil i 2018 halde fram med det mål å få registrert og målt ferdig dei eldre vasskraftanlegga. Innlegging av nye grenser etter kvart som parsellane på E-16 er ferdige, krev mykje detaljarbeid i matrikksystemet. Vegvesenet leverer måledata og held forretningane, men nye og gamle grenseliner må bindast saman.

Det er eit velfungerande interkommunalt samarbeid på kartsektoren, som gjev stor meirverdi for alle kommunane i Valdres. Data teknisk drift innafor «IKT-Valdres-parken» er ei så stor utfordring at det ikkje kan halde fram om ikkje drifta stabiliserast.

Kommunane i Valdres oppgraderer GPS-utrustinga si våren 2018 – etter ein felles anbudsprosess og drøfting av tekniske krav.

Innstilling om endringar i lov om eigedomsregistrering vart behandla i Stortinget 15.03.2018. Fleirtalet vedtok at dagens organisering med kommunen som ansvarleg for måling av eigedomsgrenser skal halde fram og at matrikkelføring av grenser ikkje skal sentralisera til Kartverket. Krav om oppmåling av eldre skylddelte tomter før omsetning vert innført, men verknadsdato ikkje fastsett

Neste store kartleggingsprosjekt prioritert i Geodataplanen er ajourføring av bygningsdelen. Prosjektet omfatter heile Valdres, går over tre år og har for Vang sin del ein kostnadsramme på 300.000 kr.

Planlegging

I 2018 må kommunedelplanen på Tyinkrysset få prioritet.

Bustadtiltak og byggjeprosjekt

Vedlikehald av kommunale bygg blir registrert og gjennomført etter prioriteringar og til-gjengelege ressursar.



For kommunehuset er det peika på behov for utskifting av vindauge og betra ventilasjon. Vindaugo er 45 år gamle, PCB-haldige isolerglas med redusert isolasjonsevne. I samsvar med Statens forureiningstilsyn (SFT) sin handlingsplan for redusert utslepp av PCB er det ynskjeleg å skifte vindauge. Saman med installering av nytt ventilasjonsanlegg, med balansert ventilering og varmegjenvinning, vil dette vera eit godt energiøkonomiseringstiltak. Radonmålingar viser tre gonger høgare verdiar enn strålevernforskrifta si grense for tiltak.

Brann- og feiarvesen

Feiing og tilsyn er ein no kome i rute med att. Der det er varmepumpe blir det ikkje feia kvart år. Det er no kome krav om at fritidsboligar også skal feiast.

Når det no er vedteke felles brann-, rednings- og feiarvesen i Valdres, vil det bli ein del arbeid for å få dette på plass. Målet var at ordninga var oppe og går frå 01. januar 2018 og det klarte ein.

Landbrukskontoret

Landbrukskontoret vil i 2018 arrangere ulike fag-dagar/kveldar og -turar i samarbeid med faglag, landbrukskontoret i Vestre Slidre og Norsk Landbrksråggjeving.

I samarbeid med dei andre Valdreskommunane, landbruksfaglaga og fjellstyra vil landbrukskontoret halda fram med å ha fokus på dyrehald og dyrevelferd i 2018, samt forureiningssaker.

Det vil bli søkt om kommunale og statlege midlar for vidare vegetasjonskartlegging i kommunen.

Kommunane forvaltar statlege midlar til skogbruksføremål, verneverdige bygningar, kulturlandskapstiltak og miljøtiltak i jord- og skogbruk. Frå Fylkesmannen har det kome signal om vidareføring av statstilskot til aktiv stølsdrift og bruk av utmarka til beite også i 2018, men det er uvisst vidare framover.

Kommunale vegar

Vedlikehald blir gjennomført etter behov og tilgjengelege resursar. Det blir stadig viktigare å få rydda nok skog til å oppretthalde sikt og framkome for større kjøretøy. Nytt rekverk etter vegen Heen - Remme vil koma på plass i 2018

Vatn og avløp

I 2018 vil bygging av nye Tyinkrysset vassverk starte, i første byggetrinn skal vassverket med tilhørande leidningsnett og vegar etablerast. Oppstart av neste byggetrinn, høgdebasseng og leidningsnett vil først skje i løpet av 2019.

Ein liten del av arbeidet med å digitalisere leidningsnettet til Vang kommune vert planlagt fullført summaren 2018 ved tilsetting av ein sumarvikar.

Heile driftsovervakningsanlegget vil bli oppdatert og ferdigstilt i 2018.

Norconsult vann anbodskonkurransen og skal prosjektere infrastruktur til Ryfoss bustadfelt i 2018. Prosjektet vil etter kvart omfatte etablering av VA leidningar, veg, strøm & tele, samt ombygging av vassforsyninga. Ein rapport på tilstand og kapasitet til Ryfoss renseanlegg skal også inngå i prosjekteringsarbeidet.

Grindaheim reinseanlegg har fått midlar til luktredusjon, eit luktredusjonsanlegg er innkjøpt og vil bli montert i løpet av 2018.

Reinseanlegget på Åsvang er tett på bustadfeltet og det blir stadig rapportert om dårlig lukt frå anlegget. Anlegget er også tett på rekreasjon / treningsområde for grenda.

Reinseanlegget på Åsvang er bygd opp av ein slamavskiljar, lecafilter og våtmarksfilter. Ei utbetring av anlegget bør inkludere utskifting av lecafilteret då desse har avgrensa levetid.